



Os kommune

# INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL KONSEKVENSENTGREIING OG ROS-ANALYSE

Vurdering av innspel til rullering av kommuneplanen  
sin arealdel- Konsekvensar og Risiko- og  
sårbaranalyse

**Dato: 14.06.2019**

**Versjon: 01**



## Dokumentinformasjon

<b>Oppdragsgjevar:</b>	Os kommune
<b>Tittel på rapport:</b>	Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse, KPA Os kommune.
<b>Oppdragsnamn:</b>	Overordna konsekvensutgreiing, KU og ROS, Os kommune
<b>Oppdragsnummer:</b>	622227-02
<b>Skriven av:</b>	Kjersti Ingolvdotter Vevatne, Diana Grundt m.fl.
<b>Oppdragsleiar:</b>	Kjersti Ingolvdotter Vevatne
<b>Tilgang:</b>	Åpen

## Kort samandrag

Denne rapporten er ei konsekvensutgreiing med vurdering etter naturmangfaldslova og ROS-analyse, gjort i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel for Os kommune. Gjeldande arealplan er vedteken i 2012, men er utarbeidd etter eldre Plan- og bygningslov.

For alle utbyggingsområde og framlegg til ny arealbruk, er det gjort ei detaljert konsekvensutgreiing. Her har ein fått fram utfordringar og viktige problemstillingar, med forslag til eventuelle førebyggjande og/eller avbøtande tiltak. Positive og negative verknader er vist for fleire ulike tema. Konsekvensen er samanstillt med ei samla vurdering, og sett opp mot målsettingane for kommunen sitt planarbeid.

Plan- og bygningslova stiller krav om ROS-analysar ved alle planar før utbygging. Denne analysen viser risiko- og sårbartilhøve som er vesentlege for om arealet er eigna for utbygging, og eventuelle endringar i risiko og sårbartilhøve som følgje av utbygginga, jf. pbl § 4-3.

Mål for arbeidet har vore å få fram alle relevante arealtilhøve, slik at dette kan leggest til grunn i kommunen sitt arbeid med ny kommuneplan for Os

01	13.06.19	Konsekvensutgreiing og ROS, innspel til kommuneplan	KIV, DEG	MBH
<b>VERSJON</b>	<b>DATO</b>	<b>SKRILDRING</b>	<b>SKRIVEN AV</b>	<b>KS</b>

## Føreord

Asplan Viak AS har vore engasjert av Os kommune for å gjere konsekvensutgreiing med ROS-analyse og vurdering etter naturmangfaldlova av innspel til rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. Asle Andås har vore Os kommune sin kontaktperson.

Utgreiingane er gjort ut frå kjende kjelder og informasjon som er offentleg tilgjengeleg. Asplan Viak AS har ikkje gjort samla vurdering og tilråding i innspel der Asplan Viak har vore engasjert i å gje innspel på vegne av grunneigarar eller interessentar i Os. I slike tilfelle har Os kommune gjort vurderingane sjølv. Innspela er ikkje vurdert opp mot ulike alternativ for ny E39. Kvar denne traseen vil komme er eit overordna spørsmål som ikkje har vore tema i vurderingane av enkeltinnspel.

Kjersti Ingolvsdotter Vevatne har vore oppdragsleder. Følgjande medarbeidarar har hatt bidrag: Anette Gundersen, Birgit Katrine Rustad, Diana Ekren Grundt, Per Gerhard Ihlen, Steinar Onarheim, Torbjørn Eidsheim Bøe, Guro Steine, Karianne Eriksen og Karen Tvedt.

May Britt Hernes har vore kvalitetssikrar.

Bergen, 13.06.2019

Kjersti Ingolvsdotter Vevatne  
**Oppdragsleiar**

May Britt Hernes  
**Kvalitetssikrar**

## Innhald

<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>8</b>
<b>2. METODE.....</b>	<b>10</b>
2.1. Metode for konsekvensutgreiinga .....	10
2.2. Vurdering av konsekvensar ved ny arealbruk.....	10
2.3. Tema for konsekvensutgreiing og ROS - kunnskapsgrunnlag .....	11
2.3.1. Vurderingskriterier for miljørelaterte tema .....	14
2.3.2. Vurderingskriterier for samfunnsrelaterte tema .....	17
2.4. Vurdering etter Naturmangfaldlova .....	19
2.5. Risiko- og sårbaranalyse .....	20
2.5.1. Føremål .....	20
2.5.2. Metode for ROS- analysen:.....	20
2.5.3. Klimatilpassing, vind, havnivåstiging og bølgepåverknad.....	23
2.6. Vurdering av samla konsekvensar av planforslaget .....	26
<b>3. KONSEKVENSGREIING OG ROS-ANALYSE .....</b>	<b>28</b>
3.1. Innleiing .....	28
3.1.1. Bakgrunn .....	28
3.1.2. Struktur i rapporten .....	28
3.2. Krins 1. Osøyro, Bjånes og Kuven .....	29
3.2.1. Osøyro 32 – bustad .....	31
3.2.1. Osøyro 32 – næring i sjø .....	33
3.2.2. Osøyro 36 - bustad.....	35
3.2.3. Osøyro 54 - naust.....	37
3.2.4. Kuven 92 – bustad, næring, kontor, industri .....	39
3.2.5. Osøyro 100 - bustad.....	41
3.2.6. Osøyro 107 - bustad.....	43
3.2.7. Osøyro 108 - næring .....	45
3.2.8. Osøyro 109, 110, 135, 165 - bustad.....	47
3.2.9. Osøyro 145 - bustad.....	49
3.2.10. Osøyro 154 - bustad.....	51
3.2.11. Osøyro 162 – naust, bustad .....	53
3.2.12. Osøyro – 163- byggegrense, småbåthamn .....	55
3.2.13. Osøyro – 164 - småbåthamn.....	57
3.2.14. Osøyro 224 - bustad.....	59
3.2.15. Osøyro 229 - bustad.....	61
3.2.16. Osøyro 239, 351 - bustad.....	63
3.2.17. Osøyro 241 - bustad.....	65
3.2.18. Osøyro 245 - bustad.....	67
3.2.19. Osøyro 254 - naust.....	68
3.2.20. Osøyro 298, 345 - bustad.....	70
3.2.21. Osøyro 259 - bustad.....	72
3.2.22. Osøyro 271 - bustad.....	74
3.2.23. Osøyro 305, 306 - bustad.....	76
3.2.24. Osøyro 377 - bustad.....	78
3.2.25. Osøyro 339 - bustad.....	80
3.2.26. Osøyro 324 – næring og bustad.....	82
3.2.27. Osøyro, 347, 348 - bustad.....	84



3.2.28. Osøyro 359 - næring .....	86
3.2.29. Osøyro 363 bustad, næring .....	88
<b>3.3. Samla vurdering for krins Osøyro, Bjånes og Kuven .....</b>	<b>90</b>
<b>3.4. Vurdering etter naturmangfaldlova for krins Osøyro, Bjånes og Kuven .....</b>	<b>90</b>
3.4.1. Forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova .....	91
<b>3.5. Krins 2. Søfteland .....</b>	<b>92</b>
3.5.1. Søfteland 239 - bustad .....	96
3.5.2. Søfteland 244 - bustad .....	98
3.5.3. Søfteland 274 - bustad .....	100
<b>3.6. Samla vurdering for krins Søfteland .....</b>	<b>102</b>
<b>3.7. Vurdering etter naturmangfaldlova for krins Søfteland .....</b>	<b>102</b>
<b>3.8. Krins 3. Søre Neset .....</b>	<b>103</b>
3.8.1. Søre Neset 21, 120 - naust .....	105
3.8.2. Søre Neset 28 - bustad .....	107
3.8.3. Søre Neset 29 - bustad .....	109
3.8.4. Søre Neset 31 - fritidsbustad .....	111
3.8.5. Søre Neset 38, 44 - bustad .....	113
3.8.6. Søre Neset 40, 152 – fritidsbustader .....	115
3.8.7. Søre Neset 52 - bustad .....	117
3.8.8. Søre Neset 60 – hytte og naust, eller bustad .....	119
3.8.9. Søre Neset 62 – naust og småbåthamn .....	121
3.8.10. Søre Neset 90 - bustad .....	123
3.8.11. Søre Neset 91, 192 - bustad .....	125
3.8.12. Søre Neset 115 - akvakultur .....	127
3.8.13. Søre Neset 131 - bustad .....	131
3.8.14. Søre Neset 132 – naust .....	133
3.8.15. Søre Neset 142, 155 - bustad .....	135
3.8.16. Søre Neset 153 – naust .....	137
3.8.17. Søre Neset 153 – naust .....	139
3.8.18. Søre Neset 161 - bustad .....	141
3.8.19. Søre Neset 178 – naust og småbåthamn .....	143
3.8.20. Søre Neset 182 - fritidsbustad .....	145
3.8.21. Søre Neset 183 - rorbuer .....	147
3.8.22. Søre Neset 187 - bustad .....	149
3.8.23. Søre Neset 196 - senterområde .....	151
3.8.24. Søre Neset 214 - bustad .....	153
3.8.25. Søre Neset 215 - næring .....	155
3.8.26. Søre Neset 255 - bustad .....	157
3.8.27. Søre Neset 295 - bustad .....	159
3.8.28. Søre Neset 296 - bustad .....	161
3.8.29. Søre Neset 336 - fritidsbustad .....	163
3.8.30. Søre Neset 372 – bustad .....	165
3.8.31. Søre Neset 373 – næring (hotell og utleigehytter) .....	167
3.8.32. Søre Neset 374 – offentleg .....	169
<b>3.9. Samla vurdering for krinsen Søre Neset .....</b>	<b>171</b>
<b>3.10. Vurdering etter naturmangfaldlova for krinsen Søre Neset .....</b>	<b>171</b>
3.10.1. Forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova .....	172
<b>3.11. Krins 4. Søre Øyane .....</b>	<b>173</b>
3.11.1. Søre Øyane 18 - bustad og naust/ hytte .....	175
3.11.2. Søre Øyane 34 - naust .....	177
3.11.3. Søre Øyane 51 - naust .....	179
3.11.4. Søre Øyane 71 - bustad .....	181

3.11.5. Søre Øyane 93 – naust og sentrum .....	183
3.11.6. Søre Øyane 95 – bustad .....	185
3.11.7. Søre Øyane 114 - fritidsbustad .....	187
3.11.8. Søre Øyane 150 – fritidsbustad (rorbuer) .....	189
3.11.9. Søre Øyane 167, 379 - bustad .....	191
3.11.10. Søre Øyane 277 - bustad .....	193
3.11.11. Søre Øyane 263 - næring .....	195
3.11.12. Søre Øyane 264 – fritidsbustad (rorbuer) .....	197
3.11.13. Søre Øyane 265 – næring (rorbuer) .....	199
3.11.14. Søre Øyane 205 - fritidsbustad .....	201
3.11.15. Søre Øyane 300 - bustad .....	203
3.11.16. Søre Øyane 355 - naust .....	205
3.11.17. Søre Øyane 367 – naust .....	207
3.11.18. Søre Øyane 313 – naust og kai .....	208
<b>3.12. Samla verknad for krinsen Søre Øyane .....</b>	<b>211</b>
<b>3.13. Vurdering etter naturmangfaldlova for krinsen Søre Øyane .....</b>	<b>211</b>
3.13.1. Forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova .....	212
<b>3.14. Krins 5. Nore Neset .....</b>	<b>213</b>
3.14.1. Nore Neset 9, 279 – bustad og næring .....	215
3.14.2. Nore Neset 17 - sentrumsformål .....	217
3.14.3. Nore Neset 68 - veg til fritidsbustad .....	219
3.14.4. Nore Neset 72 - naust .....	221
3.14.5. Nore Neset 78 - bustad .....	223
3.14.6. Nore Neset 87 – bustad .....	225
3.14.7. Nore Neset 111 - fritidsbustad .....	227
3.14.8. Nore Neset 123 - bustad .....	229
3.14.9. Nore Neset 124, 310 og 341– bustad .....	231
3.14.10. Nore Neset 128 - naust .....	233
3.14.11. Nore Neset 138 –fritidsbustad .....	235
3.14.12. Nore Neset 139 – bustad .....	237
3.14.13. Nore Neset 141 – naust (rorbu) .....	239
3.14.14. Nore Neset 143 – bustad .....	241
3.14.15. Nore Neset 144 - bustad .....	243
3.14.16. Nore Neset 168, 211 – naust, fritidsbustad .....	245
3.14.17. Nore Neset 181 - småbåthamn .....	247
3.14.18. Nore Neset 219 - naust .....	249
3.14.19. Nore Neset 230 – fritidsbustad (rorbu) .....	251
3.14.20. Nore Neset 281 – sentrum, bustadføremål .....	253
3.14.21. Nore Neset 288 - strandveg .....	255
3.14.22. Nore Neset 291 – bustad, grav- og urnelund, offentleg tenesteyting .....	257
3.14.23. Nore Neset 307 - bustad .....	259
3.14.24. Nore Neset 369 - bustad .....	261
3.14.25. Nore Neset 378 – fritidsbustad og naust .....	263
<b>3.15. Samla vurdering for krinsen Nore Neset .....</b>	<b>265</b>
<b>3.16. Vurdering etter naturmangfaldlova for krinsen Nore Neset .....</b>	<b>265</b>
<b>3.17. Krins 6. Nore Øyane .....</b>	<b>267</b>
3.17.1. Nore Øyane 1 – naust og kai .....	269
3.17.2. Nore Øyane 10 - bustad .....	271
3.17.3. Nore Øyane 16 - naust .....	273
3.17.4. Nore Øyane 37 - bustad .....	275
3.17.5. Nore Øyane 46 – bustad og naust .....	277
3.17.6. Nore Øyane 99 - bustad .....	279

3.17.7.	Nore Øyane 105 - bustad .....	281
3.17.8.	Nore Øyane 106 – bustad, småbåthamn .....	283
3.17.9.	Nore Øyane 116 - akvakultur .....	285
3.17.10.	Nore Øyane 146 – fritidsbustad, naust, kai .....	287
3.17.11.	Nore Øyane 148 – bustad spredt .....	289
3.17.12.	Nore Øyane 151 – naust og småbåthamn .....	291
3.17.13.	Nore Øyane 177 – naust/småbåthamn på land og småbåthamn i sjø .....	293
3.17.14.	Nore Øyane 186, 342 – bustad og småbåthamn .....	295
3.17.15.	Nore Øyane 191 – LNF spredt (bustad) .....	297
3.17.16.	Nore Øyane 198 - bustad .....	299
3.17.17.	Nore Øyane 201 - fritidsbustad .....	301
3.17.18.	Nore Øyane 256, 360, 362 - naust .....	303
3.17.19.	Nore Øyane 267 - bustad .....	305
3.17.20.	Nore Øyane 315 – fritidsbustad .....	307
3.17.21.	Nore Øyane 316a– fritidsbustad / campingplass .....	309
3.17.22.	Nore Øyane 316b – fritidbustader (rorbuer) .....	311
3.17.23.	Nore Øyane – Nore Neset 321 .....	313
3.17.24.	Nore Øyane 375 – næring .....	315
3.17.25.	Nore Øyane 283 - småbåthamn .....	317
<b>3.18.</b>	<b>Samla vurdering for krinsen Nore Øyane .....</b>	<b>319</b>
<b>3.19.</b>	<b>Vurdering etter naturmangfaldlova for krinsen Nore Øyane .....</b>	<b>319</b>
<b>3.20.</b>	<b>Krins 7. Lysefjorden .....</b>	<b>321</b>
3.20.1.	Lysefjorden 13 - småbåthamn .....	323
3.20.2.	Lysefjorden 14, 61 - fritidsbustad .....	325
3.20.3.	Lysefjorden 15 - bustad .....	327
3.20.4.	Lysefjorden 42 - fritidsbustad .....	329
3.20.5.	Lysefjorden 67 - fritidsbustad .....	331
3.20.6.	Lysefjorden 70 - bustad .....	333
3.20.7.	Lysefjorden 77 – barnehage .....	335
3.20.8.	Lysefjorden 82 – fritidsbustad (rorbu) .....	337
3.20.9.	Lysefjorden 98 - bustad .....	339
3.20.10.	Lysefjorden 122, 318 - bustad .....	341
3.20.11.	Lysefjorden 126 - småbåthamn .....	343
3.20.12.	Lysefjorden 149 – bustad, naust og kai .....	345
3.20.13.	Lysefjorden 156, 333 – sentrumsformål .....	347
3.20.14.	Lysefjorden 160 - fritidsbustad .....	349
3.20.15.	Lysefjorden 166 - fritidsbustad .....	351
3.20.16.	Lysefjorden 170 - småbåthamn .....	353
3.20.17.	Lysefjorden 171 - småbåthamn .....	355
3.20.18.	Lysefjorden 174, 282 - småbåthamn .....	357
3.20.19.	Lysefjorden 221 – fritidsbustad .....	359
3.20.20.	Lysefjorden 226 - fritidsbustad .....	361
3.20.21.	Lysefjorden 228 - fritidsbustad .....	363
3.20.22.	Lysefjorden 246 – småbåthamn og veg/parkering .....	365
3.20.23.	Lysefjorden 247 – næring og bustad .....	367
3.20.24.	Lysefjorden 276, 280 - småbåthamn .....	369
3.20.25.	Lysefjorden 285 - bustad .....	371
3.20.26.	Lysefjorden 297 - fritidsbustad .....	373
3.20.27.	Lysefjorden 301 - naust .....	375
3.20.28.	Lysefjorden 323 - bustad .....	377
3.20.29.	Lysefjorden 326 - bustader .....	379
3.20.30.	Lysefjorden 330 – naust og småbåthamn .....	381

3.20.31.	Lysefjorden 357 – fritidsbustad, småbåthamn og kai .....	383
3.21.	Samla vurdering for krinsen Lysefjorden .....	385
3.22.	Vurdering etter naturmangfaldlova for krinsen Lysefjorden.....	385
3.23.	Krins 8. Hegglandsdalen og Indregardane .....	387
3.23.1.	Hegglandsdalen 102 – Bustad.....	389
3.23.2.	Hegglandsdalen 154, 354 – Bustad.....	391
3.23.3.	Hegglandsdalen 249 – Akvakultur .....	393
3.23.4.	Hegglandsdalen 252 – Akvakultur .....	395
3.23.5.	Hegglandsdalen 311 – Spredt bustad .....	397
3.24.	Samla verknad for krinsen Hegglandsdalen og Indregardane .....	399
3.25.	Vurdering etter naturmangfaldlova for krinsen Hegglandsdalen og Indregardane .....	399
<b>4.</b>	<b>OFFENTLEGE AREAL .....</b>	<b>401</b>
4.1.1.	Osøyro .....	401
4.1.2.	Osøyro .....	403
4.1.3.	Osøyro .....	405
4.1.4.	Osøyro .....	407
4.1.5.	Osøyro .....	409
4.1.6.	Kuven .....	411
4.1.7.	Søfteland .....	413
4.1.8.	Lysefjorden .....	415
4.1.9.	Lysefjorden .....	417
4.1.10.	Søre Øyane.....	419
4.2.	Samla vurdering av offentlege areal.....	421
4.3.	Vurdering etter naturmangfaldlova for offentlege areal .....	421
<b>5.</b>	<b>SAMLA KONSEKVENSGREIING.....</b>	<b>423</b>
<b>6.</b>	<b>REFERANSAR OG KJELDER.....</b>	<b>426</b>
<b>7.</b>	<b>KJELDER NATURMANGFALD.....</b>	<b>428</b>

## 1. INNLEIING

Kapittel 4 i Plan- og bygningslova (PBL) tek for seg generelle krav til utgreiingar som skal gjerast i samband med planlegging. I § 4-2, andre ledd, vert det slått fast at kommuneplanar med retningsliner eller rammer for framtidig utbygging skal ha ei særskilt vurdering og skildring – *ei konsekvensutgreiing* – som viser planen sin verknad for miljø og samfunn.

Føremålet med utgreiinga vil vere å få fram :

- viktige miljø- og samfunnsverdiar
- verknaden ei eventuell utbygging vil ha for desse verdiane
- kva som kan gjerast av avbøtande tiltak for redusere dei negative verknadene

Jamfør forskrift om konsekvensvurderingar for planer etter plan- og bygningsloven (§6a), 2017, er kommuneplanen sin arealdel omfatta av kravet til konsekvensutgreiingar.

For arealdelen skal konsekvensutgreiinga berre omtale verknader for miljø og samfunn av dei nye områda for utbygging og for områda med vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområder.

Plan- og bygningslova § 4-3 stiller vidare krav om risiko- og sårbaranalysar (ROS) ved alle planar før ei utbygging evt. kan skje. I kommuneplanens arealdel skal potensiell fare avklarast, og ROS- analysen til kommuneplanens arealdel nyttast til å styre at utbyggingsområde vert lagt til trygge område. Det er utarbeidd ROS- analyse, som her kjem i tillegg til konsekvensutgreiinga. Føremål med analysen er å vurdere forslag til ny arealbruk, med omsyn til samfunnstryggleik, og å identifisere sårbarheit som det må takast omsyn til i vidare planlegging. Arealplanlegginga er viktig i oppfylging av samfunnssikkerheitsarbeidet, særskild der det er avdekka natur- eller verksemdsfarar. Det er viktig å merke seg at risikoanalysen er tilpassa kommuneplannivå, og er såleis nokså grovmaska. Kommunen set difor krav til at det vert utarbeidd meir djuptgåande ROS- analysar i seinare planfasar/søknad om utbygging, der analyser fangar opp meir detaljert kunnskap m.a. i samsvar med lovbestemte tryggleikskrav.

Konsekvensutgreiinga og ROS- analysen er delt inn i 8 ulike krinsar, og under kvar krins er innspela som er vurdert, lagt inn med kartutsnitt og tabell/omtale.

Ein har sett det som føremålstenleg å samordne utgreiinga av verknadane for enkeltområde med ROS-analysen for å gjere dokumentet meir brukarvennleg.

Os kommune ønskjer ei vurdering etter naturmangfaldlova i samband med konsekvensvurderinga. Alle vedtak som kan påverke naturmangfaldet skal vurderast etter prinsippa for offentlege avgjerder i §§ 8-12 i naturmangfaldlova. Det er i dokumentet her gjort ei vurdering for kvar krins, men med utdjupande vurderingar for enkeltområda.

Fastsett planprogram for arealdelen i kommuneplanen, godkjend i kommunestyret 20.12.2016, peikar på at kommunen i lang tid har hatt stor folkeauke og har nyleg runda 20.000 innbyggjarar. Det er vidare peika på at arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet kommunen har for å leggje til rette for at osingane kan leve gode og sjølvstendige liv.

Os kommune mottok omlag 300 innspel for tiltak/område i til oppstart av planarbeidet. Innspela var av varierende storleik og med ulike føremål, der nokre er utviding av eksisterande område. Kommunen har gjort ei grovsiling med politisk handsaming av innspela, og basert på kriteria frå planprogrammet har kommunen bestemt seg for å utgreie ca. 200 av dei innkomne innspela. Hovuddelen av innspela gjeld bustadføremål, fritidsbustader, naust, småbåthamner og rorbuer. I tillegg har kommunen sjølv lagt inn 10 offentleg areal.

Forskrifta for konsekvensutgreiing krev at det i tillegg til ei vurdering av dei einskilde innspela til planen vert gjort ei framstilling av planen sin samla konsekvens for samfunnet. Konsekvensane vert

samanstilt i ei samla vurdering, og vurderinga sjåast i samanheng med målsettingane for kommunen sitt planarbeid. Os kommune legg opp til å leggje til rette for utvikling i kommunen, men utviklinga vert basert på overordna strategiar vedtatt i planprogrammet.

## 2. METODE

### 2.1. Metode for konsekvensutgreiinga

Metodikken tek utgangspunkt i Rettleiar T-1493 for konsekvensutgreiingar. I denne rettleiaren vert det vist til at Statens Vegvesen si handbok har ein metode for konsekvensutgreiingar som i tilpassa form er relevant for konsekvensutgreiing i samband med arealdelen i kommunen. SVV sin metode er revidert i ny V712, og her er det innført ein såkalla «forenkla metode» (kap. 6.3) som skal brukast overordna, bl.a. i tidleg fase av kommunedelplan. Metoden legg vekt på å få fram konfliktpotensial for ikkje-prisette tema, ved å gjere ei overordna og forenkla vurdering av verdiar i analyseområdet.

Slik vi ser det er ikkje ein forenkla metode for vurdering av vegtiltak direkte overførbar til rullering av arealdelen i kommuneplan. Men den delen av «forenkla metode» som gjeld verdisetting av temavise delområder er det. Metoden bidrar til å løfte fagvurderingane til eit rett nivå.

Os kommune ønskjer å få utført ein vurdering av innspela etter naturmangfaldslova. Føremålet i Naturmangfaldlova omhandlar berekraftig bruk og vern av naturen. Biologisk og geologisk mangfald skal sikrast og takast vare på for komande generasjonar, og naturen skal forvaltast slik at planter og dyr blir sikra i levedyktige bestandar, og at geologiske arv vert tatt vare på for ettertida. Paragraf 7 i lova viser til ulike retningslinjer som skal leggast til grunn ved utøving av offentleg mynde: Kunnskapsgrunnlag (§8), føre – var – prinsippet (§9), økosystemtilnærming og samla belastning (§10), kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§11) og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§12).

Vidare er konsekvensutgreiinga utført med utgangspunkt i nasjonale, regionale og lokale målsettingar og styringsdokument. Arealdelen til kommuneplanen er på eit overordna nivå og utgreiinga skal så langt som råd er byggje på kjend kunnskap. Ved ei seinare utarbeiding av område- eller detaljregulering, vil det kunne vere behov for å kartleggje ny kunnskap, dersom verknad av det aktuelle tiltaket ikkje er tilstrekkeleg kjent.

Innspela er vurdert krinsvis. Kvart område har ei kort innleiing med oversiktskart over innspela og ei skildring av området. Deretter er kvart innspel presentert og vurdert i eigen tabell. Alle vurderingar byggjer på kjend kunnskap. I område der kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som svakt med tanke på vurdering etter naturmangfaldslova, vert ny kunnskapsinnhenting tilrådd før utbygging kan tillatast. På grunnlag av konsekvensvurderingane vert prinsippa i naturmangfaldlovas §8-12 vurdert for kvar krins.

### 2.2. Vurdering av konsekvensar ved ny arealbruk

Konsekvensen er eit resultat av verdien ny arealbruk eventuelt er i konflikt med, og i kva grad den nye arealbruken vil råka verdiområdet (omfang). Konsekvensutgreiinga skal ikkje berre syne verknadene tiltaket kan ha innanfor sjølve innspelsavgrensinga, men og for eventuelle verdiområde rundt (innspelet har eit influensområde som kan vere vesentleg større enn innspelet i seg sjølv).

Verdsetting til eit tema for eit område er henta frå aktuelle datasett. Desse nyttar nasjonale standardar for verdsetting, som oftast følgjer ein A til C verdiskala (der A er høgast), eller ein inndeling med verdi av nasjonal, regional eller lokal interesse. Ein del tema har ikkje geografiske verdiområde og konsekvensvurderinga må gjerast i høve til korleis måla for temaet blir oppnådd.

Konsekvensar ved ny arealbruk vert vurdert etter ein tredelt skala:

Tabell 2-1: Vurderingstabell for konsekvens, konfliktpotensial og måloppnåing

	Ingen vesentlege konsekvensar, konflikthar innanfor vurderingstemaet. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. Dette blir i så fall nemnt. God måloppnåing
	Moderat/middels negativ konsekvens, eller mogleg konflikt som bør kontrollerast nærare ved søknad / utbyggingsplanar / reguleringsplanar, detaljregulering, eller konflikt som vert vurdert som innanfor det akseptable - så lenge det ikkje er fleire vesentlege konflikthar knytt til innspelet. Moderat måloppnåing
	Klar negativ konsekvens eller sterk konflikt innanfor vurderingstemaet. Kan åleine vere sterk nok grunn til at innspelet ikkje vert tilrådd. Unntaket er om det finst fleire positive konsekvensar / sterkt behov for å likevel å tilrå tiltaket. Ved avbøtande tiltak eller arrondering av areal, kan konsekvensen verte endra. Låg måloppnåing

For eit slikt overordna nivå vil det for enkelte tema vere meir naturleg å vurdere «konfliktpotensial» eller «måloppnåing», sidan konsekvens gjerne ikkje blir kjent før ein kjem ned i neste plannivå, eller når tiltak vert konkretisert. I V712 frå Statens Vegvesen er det i forenkla metode påpeika at ein på eit slikt overordna nivå først og fremst vurderer eit konfliktpotensial. I denne konsekvensutgreiinga vert også «konfliktpotensial» og «måloppnåing» nytta i tabellane, og det speglar ulike behov som kan variere mellom dei ulike tema.

Etter den tabellariske gjennomgangen av utgreiingstema, er det gjort ei samla vurdering av innspelet. Konsekvensane kan ikkje summerast matematisk. Nokre tema veg tyngre enn andre. Gjennom oppsummering og fagleg vurdering av konsekvensane er innspelet tilrådd i planforslaget eller ikkje. Det er også gjort ei krinsvis vurdering av samla konsekvens.

Det er gjort ei særleg vurdering etter naturmangfaldslova, sjå kap. 2.4

### 2.3. Tema for konsekvensutgreiing og ROS - kunnskapsgrunnlag

Fastsett planprogram peikar på fleire tema, lista opp under, som har utgreiingsbehov.

- Kulturminne og kulturmiljø
- Naturmangfald
- Friluftsliv
- Landskap
- Folkehelse
- Barn og unge sine oppvekstvilkår
- Miljø og klima
- Infrastruktur
- Risiko- og sårbaranalyse

Nokre av desse utgreiingstema er overordna og felles, og vert vurdert under fleire tema i konsekvensutgreiinga. Det gjeld m.a. miljø og klima, barn og unge og folkehelse. Dei er ikkje vurdert som eige punkt, men har fått særskild merksemd under andre hovudtema som nærmiljø. Tabellen nedanfor viser tema som er utgreidd og kva kunnskap vurderinga byggar på. Alle tema nemnt i planprogrammet er omtalt.



Tabell 2-2. Liste over alle tema som er vurdert, og kva kunnskapsgrunnlag som er nytta

	Tema	Kunnskap / vurderingsgrunnlag	Vurdering
Miljø	<b>Landskap</b> <i>Visuelt sårbart eller eksponert landskap</i>	Konsekvens er vurdert ut frå landskapsfaglege tilrådingar: viktige landskapsomsyn og overordna prinsipp for utvikling som er foreslått i «Landskapsanalyse i Os kommune», Asplan Viak 2019	<b>Vurdert negativt:</b> Forslag til utbygging som ikkje kan få akseptabel landskapstilpassing eller omdisponering som har negativ konsekvens for landskap er i utgangspunktet vurdert som negativt.
	<b>Støy</b> <i>Det er sett krav om at tiltak nært støyømfintlege areal skal tilfredsstille retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442/2016.</i>	Støyrapport utarbeidd av Multiconsult (2019)	<b>Vurdert negativt:</b> omdisponering som heilt klart ikkje kan få akseptable miljøforhold (nært støykjelder) på grunn av eksisterande belastning.  Utbyggingsforslag som i seg sjølv utløyser vesentleg auka støy nært støyømfintlege areal og sårbare omgjevnader er <b>vurdert negativt</b> .
	<b>Landbruk,</b> inkluderer Jordbruk Skogbruk	Kjerneområde for landbruk, registrert av Os Omsynssoner landbruk i KPA Markslag (DMK / AR5) Arealressurskart - AR250 – WMS Arealressurskart - AR50 – WMS Arealressurskart - AR250 - Dyrkbar jord Nedbygd jordbruksareal Jordsmonn - WMS Dyrkbar jord – WMS	<b>Vurdert negativt:</b> omdisponering av areal med fulldyrka jord, areal innanfor kjerneområde for landbruk og areal med skog på mark med særst høg og høg bonitet.  Omdisponering av areal innanfor areal med overflatedyrka jord, areal med innmarksbeite, areal med dyrkbar jord og areal med skog med middels bonitet, låg bonitet og anna skog er ikkje vurdert så negativt som for dei første kategoriane.
	<b>Naturmangfald,</b> inkludert Verna natur Viktige naturtypar Økologiske funksjonsområde for artar Geostader	Naturbase Artskart NiN-Web Vann-nett Omsynssoner i KPA og i reguleringsplanar Raudlista artar for 2015 (Henriksen & Hilmo 2015) Prioriterte artar jf. Naturmangfaldlova NGU-kart, geologisk arv	<b>Vurdert negativt:</b> omdisponering av areal som kjem i konflikt med naturmangfaldet
	<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	Askeladden Sefrak-registrerte bygg Flyfoto Omsynssoner kulturminner i KPA	<b>Vurdert negativt:</b> omdisponering av areal som er i konflikt med freda kulturminne, eller kan medføre at kjende kulturminneverdiar kan gå tapt.
	<b>Nærmiljø</b> inkludert undertema barn og unge, folkehelse og grønstruktur)  <i>Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge sine interesser i</i>	Skular, barnehage Regional plan for folkehelse Arealbruk – SSB - WMS	Forslag til utbyggingsområde er vurdert ut frå eit skjøn med tanke på tilhøve for nærmiljøet, barn og unge, folkehelse og grønstruktur. Område som inneheld gode kvalitetar, er vurdert <b>positivt</b> .  Område som er langt frå barnehage, skule, ikkje har samanhengande

	<i>planlegginga vert lagt til grunn.</i>		gang og sykkelveg og reduserer samanhengande grønstruktur er vurdert <b>negativt</b> .  Ved vurdering av konsekvensar for barn og unge er det lagt særskilt vekt på trafikktryggleik, og spesielt tilgang til samanhengande gang- og sykkelveg til sentrale funksjonar (skule, barnehage, forretning etc.) og tilgang til uteområde i nærleiken.
	<b>Friluftsliv, strandsone,</b> inkludert Turveg, badeplassar, registrerte område, jakt, fiske, leik, tilkomst til sjø  <i>Statleg retningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen vert lagt til grunn.</i>	<i>Kartlegging av funksjonell strandsone- Os kommune»</i> (Asplan Viak AS) Område for friluftsliv- kartlegging og verdsetting av regionalt viktige i Hordaland, prosjektrapport 2008 Stier Os kommune WMS-frå Os kommune Friluftslivsområder - kartlagde WMS Friluftslivsområder - statlig sikra WMS	<b>Vurdert negativt:</b> omdisponering av areal innanfor statleg sikra friluftsområde og kartlagde friluftsområde i Naturbase med verdiane A eller B er vurdert negativt. Omdisponering av areal innanfor areal med kartlagde friluftsområde i Naturbase med verdi C, og ikkje klassifiserte friluftsområde, er ikkje vurdert så negativt som for dei første kategoriane.  Ei omdisponering av areal som har konsekvens for funksjonell strandsone er vurdert negativt.
Samfunn	<b>Samordna areal og transportplanlegging</b> (klimagass)  <i>Oppfylle nasjonal målsetting om rasjonell arealbruk i høve til transport.</i>	Retningslinjer for areal og transportplanlegging <i>Senterstruktur: Kommuneplanens samfunnsdel 2015-2027 (Os kommune, 2015), Lokalisering av verksemder og handel: Bedrifts- og Foretaksregisteret- BoF (SSB, 2017), Haldeplasslokalisering: <a href="https://developer.entur.org/files">https://developer.entur.org/files</a> (2019), Bussfrekvens: <a href="https://www.skyss.no/">https://www.skyss.no/</a> (2019).</i> Klima- energi og miljøplan (KLEM) for Os (utkast 18.januar 2019, ikkje vedteke per mars 2019).	Omdisponering til utbyggingsområde som følgjer nasjonale, regionale og lokale retningslinjer er vurdert <b>positivt</b> , som til dømes nye bustader i nærleik til eksisterande og planlagde sentrumsfunksjonar.
	<b>Teknisk infrastruktur</b>	Kommunen sin oversikt over veg og v/a- nett	Omdisponering til føremål som krev veg og v/a-nett, blir vurdert som <b>positivt</b> dersom det er nærleik til eksisterande offentleg infrastruktur.
ROS	Ekstremvær (vind, vatn) Flaum (flaum i sjø og vassdrag, stormflo) Skred (kvikkleire, jord, stein, fjell, snø) Skog/lyngbrann Større transportulukke Utslepp, akutt ureining	Atlas.nve.no Rapport havnivåstiging Fylkesros Drikkevasskjelde. Grunnforureiningsdatabasen, miljøstatus.no KLEM –klimaplan for Os (utkast) Kommuneplanens arealdel for Os,	Akseptkriterier, «trafikklys»:  Ei hending i raud sone inneber ein risiko som forpliktar kommunen til å gjennomføre tiltak til å førebygge risiko og/eller setje i gang beredskapsarbeid for å redusere skadeomfanget.

Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/ infrastruktur	2012- 2023 ROS 2017, Os kommune Miljødirektoratet.no <a href="http://www.klimatilpasning.no/fylkesoversikt/">http://www.klimatilpasning.no/fylkesoversikt/</a>	Ved ei hending i gul sone forpliktar kommunen seg til å gjennomføre tiltak for å redusere risikoen så mykje som mogleg.  Ved hendingar i grøn sone skal risikoavbøtande tiltak gjennomførast dersom det er ønskjeleg etter ei vurdering av økonomiske og praktiske tilhøve.

### 2.3.1. Vurderingskriterier for miljørelaterte tema

#### 2.3.1.1. Landskap

Landskapsanalysen for Os kommune (Asplan Viak 2019) viser at kommunen har to landskapsområde med svært stor; Øvredalen og Lysekloster (regional verdi). I tillegg er det heile 11 landskapsområde som er vurdert til stor lokal verdi. Desse landskapsområda er fordelt på fire områdetypar: dei høge kystfjella i indre del, delar av Osvassdraget, skjergarden med øyar og holmar, og særleg heilskaplege tradisjonelle kulturmiljø og kulturlandskap.

Middels verdi er i hovudsak gitt til områdetypar som er vanleg landskap i lokal samanheng. Dei har typisk mindre heilskap, inntryksstyrke og variasjon enn landskapsområda med stor verdi. Dette er skogsåsane, sprekkedalane med varierende grad av landbruk/gardsbusetnad, område prega av varierende grad av tett og spreidd busetnad, og Osøyro og dei andre nærsenterområda.

Liten verdi er berre gitt eitt område, Ulven, som er dominert av veg- og næringsareal utan / med få landskapskvalitetar og med dårleg samanheng med landskapet omkring.

Forslag til utbygging som ikkje kan få akseptabel landskapstilpassing eller omdisponering som har negativ konsekvens for landskap er i utgangspunktet vurdert som negativt. Konsekvens er vurdert ut frå landskapsfaglege tilrådingar: viktige landskapsomsyn og overordna prinsipp for utvikling som er foreslått i «Landskapsanalyse i Os kommune».

#### 2.3.1.2. Støy

I Handlingsplan mot støy 2007-2011 (Miljøverndepartementet) blir det peika på at det er svært viktig å legge til rette for ei langsiktig arealdisponering som hindrar støyproblem. Førbygging gjennom rett arealbruk er truleg det mest kostnadseffektive tiltaket i høve støy. Miljøverndepartementet fastsette i 2005 ei ny retningsline for handsaming av støy i arealplanlegginga som skal leggast til grunn ved planlegging og handsaming av enkeltsaker etter plan- og bygningsloven (T-1442/2016). Ved utarbeiding av støykart vert område rundt ei støykjelde vurdert som gul eller raud (og eventuelt grønt). I raud sone skal ein unngå busetnad med støyfølsamt bruksføremål. Gul sone er ei vurderingssone der ny busetnad kan førast opp dersom det kan dokumenterast at avbøtande tiltak gjev tilfredsstillande støyforhold. Grøn sone er stille sone.

Os kommune har fått utarbeidd ei overordna støyanalyse i samband med rullering av kommuneplanen (Multiconsult 2019). Denne er nytta i konsekvensutgreiinga.

Forslag til omdisponering / utbygging som heilt klart ikkje kan få akseptable miljøforhold (nært støykjelder) på grunn av støybelastning, er i utgangspunktet vurdert negativt.

Utbyggingsforslag som i seg sjølv utløyser vesentleg auka støy nært støyømfintlege areal og sårbare omgjevnader er vurdert negativt.

### 2.3.1.3. Landbruk

Tema landbruk er her delt inn i jordbruk og skogbruk. For jordbruksareal blir inndelinga i Kilden nytta: fulldyrka jord (dyrka til vanleg pløyedjup, og nyttast til åkervekster eller eng, og som fornyast ved pløying), overflatedyrka jord (mest rydda og jamna i overflata, slik at maskinell hausting er mogleg) og innmarksbeite. For skogbruk blir inndelinga i Kilden av skogbonitet nytta.

Ei omdisponering av areal med fulldyrka jord, areal innanfor kjerneområde for landbruk og areal med skog på mark med særskilt høg og høg bonitet, er vurdert negativt. For skogbruk er graden av negativ konsekvens også vurdert i høve til kor føremålstenleg plasseringa av skogsarealet er for skogbruket. Omdisponering av areal innanfor areal med overflatedyrka jord, areal med innmarksbeite, areal med dyrkbar jord og areal med skog med middels bonitet, låg bonitet og anna skog er ikkje vurdert så negativt som for dei første kategoriane. Det er viktig at tilkomst til skogsmark vert sikra ved ei eventuell omdisponering.

### 2.3.1.4. Naturmangfald

Naturmangfald er jf. naturmangfaldlova definert som «*biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning*». For ei utdjuping av omgrepet naturmangfald vert det vist til rettleiaren i naturmangfaldlova kapittel II.

Tema naturmangfald er definert i Statens vegvesen si handbok V712 som «*Naturmangfold knyttet til terrestriske (landjorda), limniske (ferskvann) og marine (brakkvann og saltvann) systemer, inkludert livsbetingelser knyttet til disse*».

Ei omdisponering / utbygging av areal som kjem i konflikt med naturmangfaldet er vurdert negativt. Der omdisponering er mogeleg etter avbøtande tiltak, utan vesentleg tap av verdiar, er det gitt forslag om dette.

### 2.3.1.5. Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne er ein ikkje fornybar ressurs i kommunen. Kulturminnelova § 1 slår fast at kulturminne og kulturmiljø med sin eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet, og som ledd i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er eit nasjonalt, regionalt og lokalt ansvar å ta vare på desse ressursane som vitskapeleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar si oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd.

Kulturlandskap er i denne utgreiinga handtert under tema landskap.

Ei omdisponering / utbygging av areal som er i konflikt med kjente kulturminne og kulturmiljø er vurdert negativt. Der omdisponering er mogeleg etter avbøtande tiltak, utan vesentleg tap av verdiar, er det gitt forslag om dette.

Konfliktpotensial for automatisk freda kulturminner som i dag ikkje er kjent, er ikkje vurdert. Det er ikkje vanleg å gjere dette på eit slikt plannivå, noko som også er påpeikt i handbok V712 frå Statens Vegvesen. Generelt kan det seiast at potensial for funn i Os er høgt i all dyrka mark. Kjerneområde landbruk er ein god indikasjon på høgt potensial for arkeologiske funn som kan vere svært komplekse

og rike. Funksjonell strandsone er ein relativt god indikasjon for høgt potensial for automatisk freda steinalderbuplassar.

#### 2.3.1.6. Nærmiljø

Nærmiljø: Temaet handlar om tilhøve som styrkjer trivsel er mellom anna tilgang til leikeområde, tur- og rekreasjonsområde, og til sosiale møteplassar. Under nærmiljø høyrer følgjande undertema til; barn og unge, folkehelse og grønstruktur.

Barn og unge: Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge sine interesser i planlegginga seier mellom anna at

a) areal og anlegg som skal brukast av barn og unge, skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare og

b) i nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø.

I tillegg skal utgreiinga seie noko om verknadene for barn og unge sine oppvekstvilkår og tilgang til uteområde og gang- og sykkelvegnett.

Folkehelse: Temaet handlar om helsetilstand og korleis helsa fordelar seg i befolkninga.

Folkehelsearbeid handlar om å leggje til rette for og fremje folk si helse og trivsel, og redusere faktorar som medfører ein negativ påverknad ( jf. Folkehelselova § 3).

Forslag til utbyggingsområde er vurdert ut frå eit skjøn med tanke på tilhøve for nærmiljøet, barn og unge, folkehelse og grønstruktur. Område som inneheld gode kvalitetar, er vurdert positivt.

Område som inneheld negative konsekvensar for nærmiljø, barn og unge, folkehelse og grønstruktur, er vurdert negativt.

Ved vurdering av konsekvensar for barn og unge er det lagt særskilt vekt på trafikktryggleik, og spesielt tilgang til samanhengande gang- og sykkelveg til sentrale funksjonar (skule, barnehage, forretning etc.) og tilgang til uteområde i nærleiken.

#### 2.3.1.7. Friluftsliv og strandsone

Funksjonell strandsone er definert i strandsonerettleiaren frå 2007: «Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-meters beltet.» I rapporten «Kartlegging av funksjonell strandsone- Os kommune» av Asplan Viak AS, er funksjonell strandsone fastsett som smalare enn 100-meterbeltet dersom:

- strandsona er så dominert av inngrep at føremålet med strandsonevernet ikkje lengre gir meining, til dømes ferjekaiane eller næringsområde
- strandsona er så privatisert av busetnad og/eller andre stengsler at allmenn bruk og ferdsel ikkje lengre er mogleg
- bratt terreng og/eller veg dannar ei naturleg grense mot sjøen.

Motsett er funksjonell strandsone utvida der strandsona inngår i ein større samanheng utover 100-meters beltet, slik som øyane og holmane, samanhengande landskapsform, eller der opne kulturlandskap, bygningsmiljø og landskapsrom omfattar eit heilskapleg område frå fjord til ei klar grense mot veg, skog eller fjell.

Ei omdisponering / utbygging av areal innanfor statleg sikra friluftsområde og kartlagde friluftsområde i Naturbase med verdiane svært stor verdi eller stor verdi er vurdert negativt.

Omdisponering av areal innanfor areal med registrert friluftsområde, er ikkje vurdert så negativt som for dei første kategoriane.

Ei omdisponering av areal innanfor den funksjonelle strandsona er vurdert negativt.

## 2.3.2. Vurderingskriterier for samfunnsrelaterte tema

### 2.3.2.1. Samordna areal- og transportplanlegging (klimagassutslepp)

Nasjonale og regionale føringar, og analyser av framtidig utbyggingsmønster viser at ein bør konsentrere framtidig bustadbygging i størst mogleg grad rundt sentra. Slik oppnår ein best mogleg stadsutvikling, eit bredt handels- og servicetilbod, best mogleg tilgjenge for innbyggjarane og minst mogleg utslepp frå transport. Lokalt i Os kommune så er det eit ønske om at 45 % av veksten skal skje på Osøyro, inkludert Bjånes og Kolskogen. Ønske om fortetting nær senter og kollektivknutepunkt er noko som og er teke opp i klima- energi og miljøplan (KLEM) for Os (ikkje vedteke per mars 2019).

Statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging<sup>1</sup> i kommunane og rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging har som mål å føre ein konsentrert arealbrukspolitik som gir korte avstandar i høve til daglege gjeremål som skule, butikk, arbeidsplass og idrettsarena og slik minske behov for transport. Det skal leggast vekt på auka konsentrasjon av utbygging i tettstadområde. Dette gjer det mogleg at så mange som mogleg går og sykklar til arbeidsplass, butikk og ulike aktivitetar. Det er og ønskjeleg at utbygging skjer nær kollektivhaldeplassar, enten ved terminalar i sentra eller langs kollektivaksane.

For å vurdere i kva grad kvart tiltak vil gi klimagassutslepp er det for bustadføremål nytta ein kriteriebasert metode med avstandsvektning. Her er det identifisert kva type funksjonar og tenester (målpoint) som genererer mest transport. Følgande kriterier er vurdert: Avstand til Osøyro, avstand til nærsenter<sup>2</sup>, avstand til busshaldeplass<sup>3</sup>, avstand til handlesenter (Amfi Os), avstand til daglegvarebutikk og avstand til skule (barneskule og ungdomsskule). Utvalet av desse seks kriteria er basert på at desse funksjonane/sentra er rekna å ha mest påverknad på reiselengder og val av reisemiddel. Det er lagt inn ei avstandsvektning<sup>4</sup> slik at jo lenger unna funksjonane tiltaket ligg jo større er potensialet for at tiltaket medfører biltransport og klimagassutslepp. Nærleik til regionsenter Osøyro er vekta særleg høgt sidan dette inneheld mange tenester, arbeidsplassar, kulturtilbod, butikkar etc. som er viktige målpoint for innbyggjarane.

Kvart kriterie er og vekta ulikt, der nærleik til Osøyro til dømes har høgare vektning enn nærleik til dei andre lokalsentra. Å ligge nær Osøyro er vurdert å gi størst transport- og utsleppsmessige føremonn fordi ein då har potensiale for å sykle eller gå til viktige funksjonar i kommunesenteret; arbeidsplassar, butikkar, offentlege tenester, helsetenester, kollektivterminal etc.

<sup>1</sup> Fastsett ved kongeleg resolusjon 28.9.2018

<sup>2</sup> 7 senter definert i samfunnsplanen (2015): Søre Øyane, Søre Neset, Nore Neset, Lysefjorden, Sjøfteland, Bjånes (framtidig nærsenter) og Lyseparken (framtidig lokalsenter).

<sup>3</sup> Her vert det differensiert det mellom høg og middels bussfrekvens. Høg frekvens er satt til 5 eller fleire avganger per time om ettermiddagen. Middels frekvens er satt til 2-4 avgangar i timen om ettermiddagen. Haldeplasser med færre enn 2 avgangar i timen er rekna som låg frekvens, og ikkje teke med.

<sup>4</sup> I kommentarane for kvart tiltak er det fleire stader referert til sykkelavstand som er satt til 3 km og gangavstand som er satt til 1 km. Dersom avstanden mellom tiltak og målpoint er over 3km så er det rekna at reisa vil vere bilbasert.

Dersom tiltaket ligg innafor (indre eller ytre) sentrumssoner/byggesoner til Osøyro eller eit av nærsentra, er det vurdert at det dårlegast kan hamne på gul farge, (ref. måloppnåing i vurderingstabellen, Tabell 2-). Dette gjeld sjølv om tiltaket har ein score som tilsvarar raud måloppnåing på dei andre kriteria.

Andre tiltak enn bustadføre mål, til dømes næring og fritidsbustader, vert vurdert etter skjønn, men etter dei føringar som er gitt nasjonalt, regionalt og/eller lokalt. Døme på slike føringar er å finne i Regional plan for attraktive senter (Hordaland Fylkeskommune, 2015). For mange av desse tiltaka er det rekna at tiltaket ikkje vil ha nemneverdig konsekvens i høve samordna areal- og transport<sup>5</sup>. Døme på dette kan vere fritidsbustader og kaianlegg.

Tiltaka som gir eit lågt transportvolum gjennom året er vurdert mindre strengt enn tiltak med stort samla transportvolum. Til dømes gir fritidsbustader og småbåthamner langt mindre transport enn bustader og kontor, som vil ha bortimot dagleg transport til og frå området. Dei to sistnemnde kjem gjerne ut med grøn farge sidan dei gir lite biltransport gjennom året, sjølv om dei ligg langt frå senter og andre viktige målpunkt. For bustadar og kontor er det i større grad vektagd å ligge nær målpunkta.

Omdisponering til utbyggingsområde som følgjer nasjonale, regionale og lokale retningslinjer er vurdert positivt, som til dømes nye bustader i nærleik til eksisterande og planlagde sentrumsfunksjonar.

### 2.3.2.2. Teknisk infrastruktur

Det finst eit omfattande kommunalt vegnett og vass- og avlaupsnett (v/a-nett) i kommunen. Det er ei målsetting å nytte eksisterande investeringar mest mogeleg effektivt ved nybygging. Kort avstand til offentleg eller privat veg vil gi mindre terrengingrep. Kort avstand til vassverk inneber også eit tryggleiksmoment ved betre tilgang til sløkkjevatt ved brann.

Vurderingane er basert på kommunen sitt leidningskart.

Omdisponering til føremål som krev veg og v/a-nett, blir vurdert som positivt dersom det er nærleik til eksisterande offentleg infrastruktur.

### 2.3.2.3. Arealstrategi og målsettingar for Os kommune

For samla vurdering av innspela, har ein lagt til grunn dei strategiane og rammene som er trekt opp i kommuneplan for Os 2019-2030, sjå bl.a. planskildring. Planen bygger opp under overordna føringar og samfunnsplan for Os kommune, som set strategi for bl.a. senterstruktur og bustadbygging.

Det vert lagt til grunn at bustadbygging skal skje innafor eksisterande infrastruktur og langs kollektivaksar. Nye utbyggingsområde må sjåast i samanheng med realisering av nødvendig infrastruktur i og til/frå området. Bustadbygginga skal stø opp om vedteken senterstruktur.

I vurderingane som gjeld behov for nye bustader, er det lagt til grunn eit mål om 3 % folketalsvekst, og ei fordeling med 2,35 innbyggjarar per husstand. Sjå planomtale for ytterlegare detaljar.

Senter	% vekst	Nye bustader 2018-2030	Nye bustader 2018-2040	Framlegg til ny KPA 2019-2030
Osøyro, Kuven og Bjånes	45	1830	3745	Senterområdet, inkludert Bjånes, har nok ledig bustadareal til å dekke behovet fram til 2040
Lysefjorden	20	810	1660	Føreslått senterområdet kan ta meir enn den forventa veksten for heile krinsen fram til 2040.

<sup>5</sup> I vurderingstabellane for kvart enkelt tiltak er desse ofte kommentert med «Tiltaket er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen» der dette då er sett i høve situasjonen i dag.



Nore Neset	10	380	810	Føreslått senterområdet kan ta meir enn den forventa veksten for heile krinsen fram til 2040.
Søfteland	10	380	810	Føreslått senterområdet kan ta meir enn den forventa veksten for heile krinsen fram til 2040.
Søre Neset	5	213	425	Føreslått senterområdet kan ta meir enn den forventa veksten for heile krinsen fram til 2040
Søre Øyane	5	213	425	Føreslått senterområdet kan ta meir enn den forventa veksten for heile krinsen fram til 2040
Andre byggeområde	5	213	425	Hegglandsdalen og Indregardane har i gjeldande KPA ledige byggeområde som dekker behovet fram til 2040. Nore Øyane har i gjeldande KPA ledige byggeområde som dekker behovet fram til 2040
		4039	8300	

## 2.4. Vurdering etter Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Fleire av dei miljørettslege prinsippa set, på eit overordna nivå, føresetnader og føringar for konsekvensutgreiinga, mellom anna krava til kunnskapsgrunnlaget, skildring av påverknader, samla belastning, vurdering av føre-var prinsippet og kompensierende og avbøtande tiltak. For kvar krins er det difor utført vurderingar etter §§ 8-12 i lova. Om forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 kan nåast er og vurdert i eige kapittel om økosystemtilnærming og samla belastning for kvar krins. Dette gjeld og i samband med vurdering av forskrift om utvalde naturtypar § 52 og prioriterte artar jf. § 23.

Når det gjeld kunnskapsgrunnlaget, er det god og oppdatert kunnskap om naturtypelokalitetar, viltområde og artsmangfald for fleire område, medan for andre er det sparsamt. Det har ikkje vore gjennomført feltarbeid for kartlegging av viktig naturområde i dette prosjektet. Kunnskapsgrunnlaget om verdisetting baserar seg på informasjon frå innsynsløysingar frå ulike nettstader, rapportar og informasjon unntatt offentlegheit frå Fylkesmannen Vestland (ved Olav Overvoll).

Når det gjeld verknader (*omfang, jf. naturmangfaldlova «effekter av påvirkning»*) og konflikt, blir det ein noko mangelfull vurdering på grunn av manglande detaljar om tiltaka. På bakgrunn av at det her er sett føre seg totalt arealbeslag på innspela, er vurderingane om verknad og konflikt vurdert som tilstrekkelege på dette plannivået.

Naturmangfaldlova § 9 om føre-var-prinsippet seier at «Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak». Ein slik vurdering av føre-var-prinsippet er utgreidd for kvar krins samla.

Økosystemtilnærming og samla belastning i høve til naturmangfaldlova § 10 er summen av påverknad både frå desse tiltaka, og frå eksisterande påverknad og eventuelle framtidige tiltak. Derfor bør mellom anna ny E39, mellom anna på Røtinga og elles i kommunen, vurderast som ein del av den samla belastninga. Dette gjev eit større samla arealinngrep i kommunen enn dei som er skildra i dei ulike innspela. Vidare skal det vere særleg fokus på om tiltaket gjer at forvaltningsmåla i §§ ikkje blir nådde.

Når det gjeld § 11 om kostnader ved miljøforringing, så er det tiltakshavar som skal dekkja kostnadar for å hindre eller avgrensa skader på naturmangfoldet. Vidare seier Naturmangfaldlova § 12, om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, at «For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater». Dette gjeld for alle dei omtalte innspela.



## 2.5. Risiko- og sårbaranalyse

### 2.5.1. Føremål

Analysen har som mål å identifisere og førebyggje uønskte hendingar slik at tap av liv og helse eller materielle verdiar og infrastruktur kan unngåast eller verte så små som mogeleg. Alle delområde i kommunen der det vert søkt endring av arealbruk, er vurdert, og risikofaktorar som kan få betydning for arealbruken er synleggjort.

Vurderingane er gjort på grunnlag av informasjon frå Os kommune sin administrasjon, kjend kunnskap, innspel til planarbeidet, og dei vanlegaste databasane er nytta for å innhenta kartlagt kunnskap.

ROS- analysen viser alle risiko- og sårbartilhøve som er vesentlege for om arealet er eigna for utbygging, og eventuelle endringar i risiko og sårbartilhøve som følgje av utbygginga, jf. Pbl. § 4-3. Dette er også ei forventning som kjem fram av Pbl. § 3-1, punkt h.

ROS- analysen syner ulike område i kommunen som er vurdert som potensielle fareområde. Fareutsette område som kan vera aktuelle med tanke på ny busetnad, fortetting eller fornying skal i kommuneplanens plankart merkast som omsynssoner/faresoner. Til omsynssonene skal det gjevast føresegner m.a. om at det skal vera tilstrekkeleg utgreidd og at eventuelle tryggleiksskapande tiltak skal vera gjort før arealet kan nyttast til ynskt tiltak. Krav til sikkerheit er heimla i plan og bygningslova § 28-1 og 29- 5, samt i kap. 7 i TEK 17 (sikkerheit mot naturpåkjenningar).

Kartdatabaser som er nytta i arbeidet med ROS- vurderingane har fleire stader i kommunen påvist «aktsemdsområde». Aktsemdskarta viser potensielle fareområde, og faregraden er ikkje talfesta og gjev oss difor ikkje opplysningar om sannsynet eller gjentaksintervallet for den eller dei faretypane som kartet omhandlar. I ROS- analysen er aktsemdsområda sett til gult (*sjå akseptkriterier nedom*) og det vil i desse områda vera behov for nærare utgreiing før ein veit om området stettar tryggleikskrav og om aktuelt området kan omdisponerast/byggast i. Som førebyggjande tiltak relatert til arealplanen, er det nokon stader gjevne tilrådingar om avbøtande tiltak som bør følgjast opp i form av føresegner eller retningsliner, eller som tiltak som må avklarast på anna nivå. Andre område som er sett til gult, er skog/lyngområda, men desse ligg ikkje inne som aktsemdsområde. Her kan kommunen enkelt vurdere om det skal skje tiltak.

### 2.5.2. Metode for ROS- analysen:

Os kommune har i 2017 laga ein overordna og heilskapleg ROS- analyse basert på Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (dsb) sin "Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen" frå 2014 . Analysen seier noko om beredskapsnivået i kommunen i dag, og peikar på svakheiter og på kva tiltak som må til for å oppnå akseptabel risiko og fornuftig beredskap, mellom anna i samsvar med Lov om kommunal beredskapsplikt. Omgrepa risiko, sårbarheit, sannsyn og konsekvens er nytta, og metoden som no er brukt i samband med kommuneplanens arealplan, er henta frå den overordna og heilskapelege ROS- analysen til kommunen. Definisjonen av dei aktuelle omgrepa og metoden i den overordna ROS- analysen er valt på bakgrunn av rettleiaren for heilskapeleg ROS frå DSB og slik dei i hovudsak blir nytta i Norsk Standard 5814:2008 «Krav til risikovurderinger» .

*Risiko* er definert som «eit produkt av sannsynligheita for at ei hending inntreff og konsekvensen dersom den inntreff». Å identifisere, vurdere og handtere risiko er ein sentral del av arbeidet med samfunnssikkerheit. Då risiko er eit produkt av sannsyn og konsekvens, kan vi derfor avgrense

risikoen anten ved å sette i verk sannsynsreduserande tiltak for å redusere/hindre hyppigheita til hendinga, og sette i verk konsekvensreduserande tiltak for å minske skadeomfanget rundt hendinga.

*Sårbarheit* seier noko om kva evne eit system har til å stå i mot ei hending, og evna systemet har til å tåle ei hending når ho først oppstår. Os kommune er eit eksempel på eit slikt system. Ein robust kommune har evne til å stå imot og tåle uønskte hendingar og klarar raskt å ta opp igjen kritiske samfunnsfunksjoner etter ein svikt.

*Sannsynet* er definert ut i frå kor ofte ei uønskt hending kan inntreffe basert på erfaring, fagkunnskap og tilgjengeleg informasjon. Informasjonsgrunnlaget og kompetansen rundt bordet skal gjere det enklare å gi ein indikator på kor ofte hendingane skjer. Dei ulike kategoriane for sannsyn er vist i tabellen under.

1	Lite sannsynleg	Mellom ein gong kvart 50. år og ein gong kvart 100. år eller sjeldnar
2	Noko sannsynleg	Mellom ein gong kvart 10. år og ein gong kvart 50. år
3	Sannsynleg	Mellom ein gong kvart 5. år og ein gong kvart 10. år
4	Mykje sannsynleg	Mellom ein gong i året og ein gong kvart 5. år
5	Svært sannsynleg	Ein gong i året eller oftare

*Sannsynskategoriar. Henta frå ROS 2017, Os kommune*

*Konsekvens* kan vi definere som ein mogleg følge av ei uønskt hending. Dei ulike kategoriane for konsekvens er valt med utgangspunkt i storleiken på kommunen.

Grad av konsekvens	Forklaring
<b>Liv og helse</b>	
1	Ubetydeleg
2	Ein viss fare
3	Alvorleg
4	Kritisk
5	Katastrofalt
<b>Stabilitet - Samfunnsviktige funksjonar</b> (kategoriane er ein kombinasjon av tal på personar som blir råka av hendinga og varighet)	
1	Ubetydeleg
2	Ein viss fare
3	Alvorleg
4	Kritisk
5	Katastrofalt
<b>Miljø</b>	
1	Ubetydeleg
2	Ein viss fare
3	Alvorleg
4	Kritisk
5	Katastrofalt
<b>Økonomi</b>	
1	Ubetydeleg
2	Ei viss fare
3	Alvorleg
4	Kritisk
5	Katastrofalt

*Konsekvenskategoriar. Henta frå ROS 2017, Os kommune*

## Samanfatning av sannsyn og konsekvens

For å synleggjere risikobiletet har Os kommune nytta ei risikomatrix for å vise samanhengen mellom sannsyn og konsekvens. Ei risikomatrix blir normalt delt inn i tre kategoriar og illustrert med fargar der risikoen blir vurdert som høg, middels eller låg. Fargane viser rød for høg risiko, gul for middels risiko og grøn for låg risiko. Det er produktet av verdien for sannsyn multiplisert med verdien for konsekvens som avgjer plasseringa i matrisa.

Sannsyn	Liv og Helse					Stabilitet					Miljø					Økonomi				
5	5	10	15	20	25	5	10	15	20	25	5	10	15	20	25	5	10	15	20	25
4	4	8	12	16	20	4	8	12	16	20	4	8	12	16	20	4	8	12	16	20
3	3	6	9	12	15	3	6	9	12	15	3	6	9	12	15	3	6	9	12	15
2	2	4	6	8	10	2	4	6	8	10	2	4	6	8	10	2	4	6	8	10
1	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5
Konse-	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5

Samanfatning av sannsyn og konsekvens. Henta frå ROS 2017, Os kommune


**Akseptkriterier** som er nytta i den kommunens overordna og heilskaplege ROS- analyse:

<b>Uakseptabel risiko</b>	Uakseptabel risiko. Her må risikoredukerande tiltak gjennomførast. Det skal og gjennomførast ytterlegare undersøkingar/utgreiingar for å belysa risikoen
<b>Tolerabel risiko</b>	Risiko bør vurderast med omsyn til tiltak som reduserer risiko. Gjennomføring av tiltak skal vurderast i høve til kost-nytte
<b>Akseptabel risiko</b>	I utgangspunktet akseptabel risiko, men fleire risikoredukerande tiltak skal gjennomførast når det er mogeleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar

Akseptkriterier. Henta frå ROS 2017, Os kommune

Den overordna ROS analysen for Os kommune er relativt ny, og er dermed brukt som hovudgrunnlag i samband med ROS analysen for kommuneplanens arealplan. Men, ROS- analyse i kommuneplanarbeidet er også gjort i fem trinn, i tråd med metodikken som er skildra i den nyare DSBs rettleiaren for ROS-analyser (2017). Ei oversikt over desse trinna og i kva slags deler av rapporten dei er ivareteke er presentert under. Uønskte naturpåkjenningar er ikkje klassifiserte, då vurderingar av desse bere skal skje på reguleringsplannivå.

**Dei fem trinna** i tråd med metodikk som er skildra i DSB sin rettleiar for ROS-analyser (2017).



*Trinna i ROS-analysen (Omarbeidd etter DSB sin rettleiar 2017).*

Det vil alltid vera ein grad av **usikkerheit** knytt til risikovurderinga. Tilgang på relevant kunnskapsgrunnlag, i form av t.d. statistikk og erfaring frå tilsvarende situasjonar, vil kunna påverke usikkerheit. For ein del type hendingar, inkludert hendingar der sannsynet vert påverka av klimaendringar, vil det også vera usikkerheit knytt til kor vidt historiske data kan overførast til framtidig sannsyn.

På bakgrunn av risiko- og sårbarvurderinga vert det identifisert **risikoreduserande tiltak**.

Som risikoreduserande tiltak og tema arealforvaltning er det omtalt at naturhendingar inkludert klimaendringar og klimatilpassing blir grundig vurdert både i planprosessar og i den daglege arealforvaltninga.

I arbeidet i samband med kommuneplanen sin arealdel er mål også å få oversikt over risikosituasjon for uønskte hendingar og å avdekke kva utbyggingsområde som har uakseptabel høg risiko og kva som eventuelt kan gjerast for å redusere risikotilhøva. Samfunnstryggleiken er vurdert for dei ulike delområda det er søkt arealbruksendring for, og potensielle farar er avdekka.

### **2.5.3. Klimatilpassing, vind, havnivåstiging og bølgepåverknad**

Omgrepet klimatilpassing handlar om at samfunnet vårt må tilpassast eit klima i stadig endring. Endringane har konsekvensar for samfunnet vårt, og aukar framtidig risiko. Mot slutten av hundreåret er det venta at klimaet vert varmare, i dette området rundt 4 °C. Nedbørmengda er venta å auka, i dette området rundt 15 %. Dette kan føra til større fare for ulike typar skredhendingar og større fare for flaum og erosjon. Klimaendringane kan også føre til auka skog/lyng/grasbrannfare, då det er sannsyn for at det kan oppstå lengre periodar med lita vassføring på vårparten/somrane. Den pågåande attgroinga i landskapet i eit stadig varmare klima, fører også til større brannfare/brannsmitte.

Det vert her tilrådd at kommunen tek ansvar for at det vert laga tilfredstillande og gode rutinar for rydding av skog/kratt/gras/lyng for å fremja tryggleik i høve til brann.

Når det gjeld vind, viser klimamodellar liten eller ingen endring i vindtilhøva fram mot 2100. Det er likevel mykje som kan tyde på at vindstyrke og intensitet kan auke når temperaturane vert varmare enn i dag.

Det er også svært viktig at kommunen har eit velfungerande vass- og avlaupsanlegg, og at kommunen planlegg forsvarleg overvasshandtering i tidlege planleggingsfasar, då store nedbørmengder kan føre m.a. til at avlaupsnett vert fylt att.

Når det gjeld fare for ekstremvær meiner FN's klimapanel at det er sannsynleg at menneskeskapte utslepp av klimagassar har resultert i fleire tilfelle av høge temperaturar og uvanleg høgt havnivå. Det er fleire årsaker til at havet stig, og konsekvensar er m.a. at havnivåstiginga vil føre til at stormflo og bølger strekker seg lenger inn på land enn det som er vanleg i dag. Det betyr at område som ligg lågt og nært sjø, vert liggjande meir utsett til i framtida. Stormflo kan m.a. hindre skipstrafikk å leggje til kai. For stormflo gjeld dei same tryggleiksnivåa som for flaum.

Vurderingane som er gjort i ROS- analysen byggjer på opplysningar frå rapporten *Havnivåstiging og stormflo*, publisert i 2016 av Direktoratet for samfunnstryggleik og stormflo, DSB. Rapporten frå DSB baserar seg igjen på rapporten «*Sea Level change for Norway- past and present observations and projections to 2100*» frå 2015. Tala i rapportane er korrigerert for landheving, og syner forventa framtidig havnivåstiging og returnivå for stormflo. I tillegg må tala korrigerast for kva slags kartgrunnlag kommunen brukar. Omsynssone for havnivåstiging med klimapåslag skal alltid utarbeidast i samsvar med tryggleikskrava i TEK17.

Tiltak for å tilpasse arealbruk til endringar i klima skal følgjast opp gjennom arealføremål, føresegner og omsynssoner i arealdelen til kommuneplanen.

For Os kommune er forventa havnivåstiging fram mot år 2100 på 70 cm (Høyt utslipp RCP8.5, øvste intervall i perioden 2081-2100). Nøyaktigheita er ikkje på 1 cm-nivå, og summen blir difor avrunda til næraste 10 cm. syner dagens og framtidig stormflonivå for Os kommune for dei ulike tryggleiksklassane. Bølgjepåverknad er ikkje inkludert i desse tala, og det er difor viktig å inkludere oppdatert kunnskap om lokale vind- og bølgetilhøve i områda.

For kommuneplanen vert det tilrådd å legge inn ei omsynssone for stormflo og havnivåstiging frå kote 0 til kote +2,5, då er også noko bølgjepåverknad inkludert. Men nøyaktig høgde/kote tilpassa type tiltak må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Det er nyleg utført ei oppdatert flaumsonekartlegging av Oselva ved Osøyro. Dette notatet syner flaumsikre koter oppover Oselva ved framtidig 200-års flaum og med framtidig havnivåstiging.


Tryggleiksklassar for byggverk i stormflo-utsett område, jfr. TEK 17. Tabellen gjev også tal på forventa stormflo og havnivåstiging (i NN2000).

Tryggleiksklasse i TEK 17	Størst nominelle årlege sannsyn (gjentakintervall)	Dagens vasstand ved stormflo (i cm over NN2000)	Framtidig vasstand ved stormflo, inkl havnivåstiging (i cm over NN2000) og avrunda til næraste 10 cm)
F1	20 år	110	180
F2	200 år	122	190
F3	1000 år	129	200

Det oppdaterte flaumsonekartet for framtidig 200-års flaum er synt i , og dette inneheld også faresone for framtidig 200-års stormflo.

Heile kommunen ligg noko vindutsett til. Generelle klimamodellar syner lita endring i vindforhold fram mot år 2100. Det er fram mot år 2100 venta nedbørsendring på 20- 25 % (miljøstatus). Det er viktig at det vert teke omsyn til lokale vindforhold og forsvarleg overvasshandtering ved nye tiltak.





Oppdatert flaumsonekart for framtidig 200-års flaum inkl. 20 % klimapåslag (Svart linje). Faresone for framtidig 200-års stormflo er vist med raud linje. Sikkerhetsmarginar er ikkje inkludert i faresonene i dette kartet.

## 2.6. Vurdering av samla konsekvensar av planforslaget

For kommuneplanen sin arealdel, krev KU-forskrifta at ein i tillegg til å vurdere verknaden av kvart forslag, og skal vurdere dei samla verknadane som dei nye endringane vil ha. Dette inneber at dei ulike områda vert sett i samanheng og at ein ser kva verknader summen av endringane vil ha for miljø og samfunn.

Dei samla vurderingane er grunnlag for å vurdere om den samla belastninga vert for stor og ein har moglegheit til å justere dette før planen vert lagt ut på høyring.

I overordna konsekvensutgreiing ser ein til at behovet vert møtt med dei mest tilrådde innspela, og at samla konsekvensar og risiko ikkje er omfattande. Er samla konsekvens omfattande, må ein sjå om ein kan møte behovet på annan måte.

Det vert gjort ei vurdering utifrå dei viktigaste føremåla i planen og utifrå tema som er vurdert for dei einskilde tema.





## 3. KONSEKVENSTUTGREIING OG ROS-ANALYSE

### 3.1. Innleiing

#### 3.1.1. Bakgrunn

Landskapet i Os spenner frå storskala fjellområde til småskala kulturlandskap og skjergardslandskap. Kystlinja og dei kystnære områda er i stor grad prega av busetnad, og er under sterkt press.

Oselva og alle vatna i Osvassdraget er eit sentralt landskapselement i kommunen. Naturlandskapet i Os er dominert av dei skogkledde fjella og åsane, som saman med sprekkedalane utgjør den dominerande landskapstypen både i tal og areal. Kommunen er rik på registrerte verdifulle naturlokalitetar knytt til kystfuruskogen, edellaauvskogar i sørvende varme lier, kulturlandskapet, og til strandsone og kystlinja. Det småskala jordbrukskulturlandskapet er eit særtrekk i Os. Fleire stader er heilskapen og samanhengane i kulturlandskapet i ferd med å bli endra.

Os kommune planlegg for ein dobling av folketallet fram mot 2040. Dette gjer det ekstra viktig å sikre tilstrekkeleg areal til infrastruktur, her under offentlege areal rundt eksisterande anlegg eller andre sentrale stader i senterområda. Det må sikrast areal til utviding av skulane og areal til nye barnehagar. Det må òg sikrast tilstrekkeleg offentleg og felles uteopphaldsareal for innbyggjarane i den tette strukturen. Det vert òg viktig å sørge for at dei offentlege områda, funksjonane, tenestene og rekreasjonsareala heng saman i eit finmaska, attraktivt og grønt gang- og sykkelvegnett og har ein god påkobling frå hovudstrukturane i utbyggingsmønsteret til stamlinjene i kollektivnettet.

Kommuneplanarbeidet har definert ein senterstruktur der Osøyro er regionsenter, medan Lysefjorden, Nore Neset, Søfteland, Søre Neset og Søre Øyane er definert som nær-sentra. Framtidig vekst i byggeområde skal primært skje innanfor senterområda i denne strukturen, noko som gjer det avgjerande å sikre både avgrensinga av senterområda, og verdiar og kvalitetar innanfor desse vekstsonene.

#### 3.1.2. Struktur i rapporten


Gjennomgangen av innspel er gjort krinsvis der ein har starta med kommunesenteret. Kvar krins er presentert med kort tekst, og det er deretter gjort vurdering av kvart av framlegga til arealbruksendringar. Deretter er det gjort ei samla vurdering for kvar krins. Vurdering av naturmangfald er vist som eige underkapittel.

### 3.2. Krins 1. Osøyro, Bjånes og Kuven

Osøyro er regionsenter for Os og Fusa og kommunesenter for Os kommune. Osøyro og Kuven krins hadde eit innbyggjartal på 8531 pr.01.01.2018. Det er planlagt at Osøyro, inkludert Bjånes, og Kolskogen skal få om lag 45 % av veksten i kommunen.

Det er gjort 36 endringar som ligg i krinsane Osøyro, Bjånes eller Kuven. Nokre av dei er innspel som er vurdert samla i tabellane under.

<b>Arealformål</b>	<b>Tal</b>	<b>Areal (da)</b>
<b>Andre typer bebyggelse og anlegg</b>	2	1
<b>Boligbebyggelse</b>	19	215
<b>Havneområde i sjø</b>	1	22
<b>Kombinert bebyggelse og anleggsformål</b>	1	38
<b>Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller uten tilhørende strandsone</b>	1	826
<b>Naturområde - grønnstruktur</b>	1	4
<b>Næringsvirksomhet</b>	3	40
<b>Offentlig eller privat tjenesteyting</b>	6	93
<b>Sentrumsformål</b>	1	16
<b>Småbåthavn</b>	1	0
<b>Totalsum</b>	<b>36</b>	<b>1254</b>



### 3.2.1. Osøyro 32 – bustad

ID 25, 26 og 27  
15/10465

**Føremål i dag:** næring

**Framlegg til nytt arealføremål:**

- 1: gnr. 63/46,47 er ønskt delt. Søndre del endra til næring, nordre del bustad
- 2: gnr. 64/22 er ønskt delt, der søndre del held fram med å vere næring, og huset vert regulert til bustad
- 3: 64/129 og 64/130 vert regulert til bustad

**Forslagsstillar:** Solstrand Hotel& Spa

**Gbnr:** 64/22, m.fl.

**Areal storleik:** 1: 3,4 daa. 2: 1 daa. 3: 1,2 daa,

**Skildring av området:**

Området ligg innanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro – «byggesone».



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap	1, 2      3	Stor verdi – Solstrand-Moldegård. Viktig å ta vare på kulturhistoriske samanhengar og heilskapen i kulturmiljø. Randsoner mellom byggeområder og kulturlandskap/kulturmiljø er viktige. Visuelle samanhengar til fjordlandskap (utsyn). Under føresetnad av god terrengtilpassing og omsyn til fjernverknad, kan innspelet få middels negativ konsekvens. Område 3 vert frarådd.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjende
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Utviding av eksisterande bustadfelt, sykkelavstand til skule, barnehage og Osøyro, g/s langs hovudveg til Osøyro. Noko tap av grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende konsekvensar
Landbruk		Område 1: Lauvskog med sær s høg bonitet. Område 2: Ein liten del av området i sør består av fulldyrka mark. Område 3: Store delar består av fulldyrka jord.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Ligg innafor sykkelavstand til dagens skule og til Osøyro. Svært begrensa kollektivtilbod. Dersom næringsføremål gjeld større kontorverksemd bør denne ligge sentralt på Osøyro eller i anna senter.
Teknisk infrastruktur		Fv. 552 like i nærleiken. Kommunalt Off. VA- anlegg i området.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ikkje skog- lyngområde

Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS- analyse:</b> Ingen vesentleg konflikt med samfunnstryggleik er avdekket.		

**Samla vurdering av innspelet med tilråding**

<p><b>KU: Innspelet vert tilrådde, med unntak av del 3.</b> Endring frå næring til bustad vil vere ei utviding av etablert bustadområde like ved. Området ligg innafør den yttarste avgrensinga av senterområde for Osøyro. Negative konsekvensar for landbruk og landskap. I vidare planarbeid bør det setjast vilkår som tek vare på estetikk og omsyn til landskap.</p>	1, 2	3
--	------	---



### 3.2.1. Osøyro 32 – næring i sjø

ID 28  
15/10465

<p><b>Føremål i dag:</b> Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone</p> <p><b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Næring i sjø</p> <p><b>Forslagsstillar:</b> Solstrand Hotel &amp; Bad AS</p> <p><b>Gbnr:</b> 64/22</p> <p><b>Areal storleik:</b> 21,7 daa (i sjø)</p> <p><b>Skildring av området:</b> Ønskjer at det vert markert næring langs Solstrand si sjølinje. Området ligg innanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro – «byggesone».</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Solstrand-Moldegård. Viktig å ta vare på kulturhistoriske samanhengar og heilskapen i kulturmiljø. Randsoner mellom byggeområder og kulturlandskap/kulturmiljø er viktige. Visuelle samanhengar til fjordlandskap (utsyn)
Støy		
Naturmangfald		Svakt innslag av rullesteinstrand i den vestlege delen. Elles ingen registrerte naturverdiar. Største delen av arealet er i sjø og en gransking av marine naturtypar er nødvendig
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjende innafør området, men det ligg ei automatisk freda gravrøys i parkområdet på neset like nord for innspelet.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Utviding av eksisterande næring, sykkelavstand til skule, barnehage og Osøyro,
Friluftsliv og strandsone		Området grensar til funksjonell strandsone, og vil påverke denne
Landbruk		Ingen kjende konsekvensar.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området kan bli råka av framtidig havnivåstigning. Del av området er dekkja av aktsemdsone for flaum, fare for flaum v/stormflo/springflo, fare for flaum må utgreiast
Skred		Ikkje slik fare


Skog/lyngbrann		Ikkje skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportlukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona, og del av området ligg som aktsemdsområde for flaum. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstiging i strandsona. Havnivåstiging kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag.</p> <p>Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak, dersom det skal byggast, er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert frarådd.</b> Sjølv om innspelet ikkje omhandlar fysiske inngrep eller konkrete tiltak, kan det på sikt føre til privatisering av strandsona og sjøareal.</p>	
---	--

### 3.2.2. Osøyro 36 - bustad

ID 32  
15/18105

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Marianne Ulevik Berge  <b>Gbnr:</b> 71/105  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg utanfor ytre avgrensing av senterområdet for Osøyro</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi- Moldadalen- Aldalen. Det småskala kulturlandskapet er sårbart for større inngrep. Unngå bygging på åsar og toppar. Frarår bygging i så bratt terreng
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen registrerte innan planområde
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje gang- og sykkelveg, langt frå nærsenter, tilgang til grønstruktur, turveggar og uteområde. Tap av noko grønstruktur
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Området består av lauvskog av særre høg bonitet, men terreng og lokalisering er vurdert som lite eigna for skogbruk.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Ligg utanfor gang- og sykkelavstand til regionsenter, handelssenter og daglegvarebutikk og utanfor ytre sentrumssone. Sykkellavstand til framtidig nærsenter på Bjånes. Svært begrensa kollektivtilbod.
Teknisk infrastruktur		Ingen off. VA-anlegg i området. Ligg inn mot lokalt vegnett.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Noko skog/lyng i området
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend




**ROS- analyse:** Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår skog/lyngbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen.

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd**, grunna konsekvensar for landskap, landbruk og at området har låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging

### 3.2.3. Osøyro 54 - naust

ID 362  
15/18105

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> naust  <b>Forslagsstillar:</b> Birthe Anne Berge  <b>Gbnr:</b> 71/3 og 71/42  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>          Naustområdet grensar inn til naustområdet ved Hatvik.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middel verdi- Moldadalen- Aldalen. Det småskala kulturlandskapet er sårbart for større inngrep. Viktig å ta vare på det heilskaplege kulturlandskapet. Nye tiltak må tilpasse seg kulturlandskapet og verdiane i området. Tilkomstveg vil gje terrenginngrep
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar her anna enn at det ligg i eit område vurdert til stor forvaltningsinteresse
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen automatisk freda kulturminne, men det er fleire krigsminne (ubåtjagarskule) ved ferjekaien og i sjø. Ei utvikling med naust her vil gje visuelle konsekvensar for Hattvika, men området er ikkje urørt frå før
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av noko grøntstruktur, elles tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsoner		Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona.
Landbruk		Området består av barskog av særskilt høg bonitet, men er vurdert å ligge ueigna til for skogbruk
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA-anlegg i området. Har ikkje vegtilkomst i dag
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området kan bli råka av framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Skog- lyngområde, men grensar til sjøkant
Andre uønska hendingar		


Større transportlukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona, der det må visast omsyn til fare for stormflo og framtidig havnivåstiging. Havnivåstiginga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag.</p> <p>Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak, dersom det skal byggast, er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnsstryggleik, dersom det oppstår skog/lyngbrann i området. Som risikoreduserande tiltak må skog/lyng ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert frarådd</b>, då fleire tema har ein del negative konsekvensar, området ligg i strandsona, og utbygging vil kunne gje uheldig terrengingrep.</p>	
--	--

### 3.2.4. Kuven 92 – bustad, næring, kontor, industri

ID 63 og 64  
16/14815

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Næring, bustad, kontor, industri  <b>Forslagsstillar:</b> Reidar Borgen  <b>Gbnr:</b> 54/51  <b>Areal storleik:</b> Om lag 46 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Næringsområde i vest (2), og bustadområde i aust (1).  Areal ligg like innanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro – «byggesone»</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Gåssandvatnet – Hettleflotvatnet. Heilskap og samanhengar er viktig. Sårbart for fragmentering og/eller visuelt dominerande tiltak. Os-vassdraget er i området eksponert som identitets-skapande landskapselement. Randsoner langs vatna må vernast
Støy		Ligg i gul støysone frå veg (område 2)
Naturmangfald		Det er fleire observasjonar av vipe (EN) her og ho hekkar truleg sporadisk. Ingen andre registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjende
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Gang- og sykkelveg, nær sørvicetilbod skule og kollektiv. Grønstruktur i nærleiken. Industri kan skape støy i evt. bustadområde. Tap av samanhengande grønstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende konsekvensar
Landbruk		Området ligg innafør kjerneområde landbruk (fulldyrka jord), og i sør er det ein del barskog med høg bonitet.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Bustad: Tiltaket har god tilgjenge til daglegvare, handlesenter, skule og høgfrekvent busshaldeplass. Næring: For industri er lokalisering ok, men som kontorlokalisering er det mindre egna. Kontorarbeidsplassar bør konsentrerast sentralt på Osøyro, evt i eit nærsenter
Teknisk infrastruktur		Området har Off. VA- anlegg. Ligg nær fylkesveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje direkte slik fare

Skred		Det er kartlagt stor mulegheit for marin leire i området. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare	
Skog/lyngbrann		Noko skog/lyng i området	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ikkje kjend. Grensar til E39	
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend	
<b>ROS- analyse:</b> Område 1 ligg nært aktsemdsone for flaum, mindre del er dekkav omsynssone for flaum frå Oselva. Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i området. Evt. aktsemdsone skal merkast som omsynssone i plankart. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik, dersom det oppstår skog/lyngbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt ryddast.			

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd</b> , ut frå omsyn til landskap og landbruk. Ligg i yttergrensa av ytre sone for senterstruktur Osøyro. Ikkje optimal måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging.	
---	--

### 3.2.5. Osøyro 100 - bustad

ID 70

16/18009

**Føremål i dag:** LNF

**Framlegg til nytt arealføremål:** Bustad

**Forslagsstillar:** Ole Lundetræ

**Gbnr:** 59/3

**Areal storleik:** 1,85 daa

**Skildring av området:**

Området ligg innafor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro – «byggesone». Om lag 1/3 av tomta ligg innanfor byggegrensa på 30 meter mot Oselvassdraget.



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi - Nordmarka-Hjelle. Unngå ytterlegare fragmentering. Vallaelva og kantvegetasjonen bør sikrast, det same gjeld kammen av Borgafjellet med kulturlandskap og turstiar.
Støy		Ligg i gul støysonen frå veg
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjende
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje gang- og sykkelveg, langt frå sørvicetilbud, tilgang til grønstruktur, turvegar og uteområder. 700 m til skule, 2,5 km til barnehagane på Flåten. Tap av grønstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg langs veg og bustadområde innanfor eit område klassifisert som svært viktig friluftsområde (marka). Omdisponering vurderast å ikkje ville påverke friluftslivet i særleg grad.
Landbruk		Området består delvis av overflatedyrka mark, delvis av mark med særleg høg bonitet.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Ligg innafor sykkelavstand til dagens skule og til Osøyro. Svært begrensa kollektivtilbod.
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, flaumfare frå elva hovudsakleg ved mykje nedbør
Flaum		Sørleg del av området ligg innanfor aktsemdsone for flaum (frå elva) og heile området er dekkja av omsynssone Oselva
Skred		Det er kartlagt stor mulegheit for marin leire i området. Faren for kvikkleireskred må bli utgreia nærare

Skog/lyngbrann		Ikkje skog/lyngområde	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ingen kjende tilhøve	
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve	
<b>ROS- analyse:</b> Del av området ligg som aktsemdsone for flaum. Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i området. Evt. aktsemdsoner skal merkast som omsynssoner i plankart.			

### **Samla vurdering av innspelet med tilråding**

<b>Innspelet vert tilrådd</b> , på vilkår av vidare kartlegging av ROS-tilhøve, og tilpassing til Os-vassdraget. Ligg innanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro.	
--	--



### 3.2.6. Osøyro 107 - bustad

ID 80  
16/19809

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Erik Bøe  <b>Gbnr:</b> 65/13  <b>Areal storleik:</b> 6,4 daa  <b>Skildring av området:</b>                  Området ligg like utanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro – «byggesone». Det ligg ein gravhaug inne i området. Området ligg innanfor kjerneområde for landbruk.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Lyssand. Unngå fragmentering og brot i viktige natur- og kulturhistoriske samanhengar. Sårbart for nye byggeområder som bryt med det opne kulturlandskapet og siktlinjer. Vil kunne gje uheldig terrenginngrep og negativ nær- og fjernverknad
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Automatisk freda gravhaug - Tonnhaugen, som forslagsstillar også påpeikar. Kontrollert i 2010: god tilstand. Sjølv utan direkte konflikt, vil utbygging i området få visuelle konsekvensar for kulturminnet, og fare for slitasje
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje gang- og sykkelveg, og svært begrensa kollektivtilbod. Langt frå næraste skule og barnehage. Ikkje leikeplasser i nærmiljøet, men mykje grønstruktur og uteområde. Tap av grønstruktur
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende konsekvensar
Landbruk		Ligg i kjerneområde landbruk, og innafor omsynssone landbruk
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket ligg i ytterkant av sykkelavstand til Osøyro og til skule. Svært begrensa kollektivtilbod. Ligg akkurat utanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Nær fylkesveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Det er kartlagt liten mulegheit for marin leire i nordvestlege delar av området. Fare for kvikkleireskred må utgreiast nærare.
Skog/lyngbrann		Grensar til større skogsbelte

Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende tilhøve
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve, etablert vegtilkomst inn i området
<p><b>ROS- analyse:</b> Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er avdekka liten moglegheit for marin leire i området, og fare for evt. snøskred og kvikkleireskred må utgreiast nærare. Evt. aktsemdsoner skal merkast som omsynssoner i plankart. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik, dersom det oppstår skog/lyngbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt ryddast, sjølv om den ikkje er direkte konflikt med tiltaket. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.</p>		

**Samla vurdering av innspelet med tilråding**

<p><b>Innspelet vert frarådd.</b> Ligg i landskapsområde med stor verdi, i kjerneområde landbruk, og er i konflikt med automatisk freda gravhaug. Ligg utanfor senterområde for Osøyro.</p>	
---	--

### 3.2.7. Osøyro 108 - næring

ID 81  
16/19812

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> næring  <b>Forslagsstillar:</b> Erik Bøe  <b>Gbnr:</b> 65/13  <b>Areal storleik:</b> 18,9 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innafor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro – «byggesone». Området grensar inn til eit næringsområde.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Nordmarka – Hjelle. Unngå ytterlegare fragmentering. Vallaelva og kantvegetasjonen bør sikrast, det same gjeld kammen av Borgafjellet med kulturlandskap og turstiar
Støy		
Naturmangfald		Inneheld ei viktig kantsone mot elva. Ingen andre registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente. Fleire automatisk freda kulturminne i nærområdet
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje gang- og sykkelveg, og svært begrensa kollektivtilbod. For lager, kontor, industri er ikkje tema relevant elles. Tap av grønstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende konsekvensar
Landbruk		Eit smalt parti langs elva består av skog på mark med høg bonitet. Resten av området er overflatedyrka jord
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		For lager og industri er lokaliseringa ok. Dersom tiltaket er kontorverksemd som ikkje er knytt opp til lager eller industri, bør slik verksemd lokaliserast sentralt på Osøyro, evt i eit nærsenter.
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i nærområdet. Nær fylkesveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, flaumfare ved elva, hovudsakleg ved mykje nedbør
Flaum		Området er dekt av aktsemdsone for flaum og ligg innanfor omsynssona for Oselva. Faren for flaum må bli utreda nærare
Skred		Området er dekt av aktsemdsone for snøskred og det er kartlagt en liten mulegheit for marin leire i området. Faren for skred og kvikkeleire må bli utreda nærare
Skog/lyngbrann		Grensar til større skogsbelte
Andre uønska hendingar		

Større transportulukker		Ingen kjende tilhøve
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg som aktsemdsone for flaum. Det må gjerast ei vurdering av snøskredfare, for å identifisere reell fare. Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i området. Evt. aktsemdsoner skal merkast som omsynssoner i plankart. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik, dersom det oppstår skogbrann i området. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert tilrådd</b>, på vilkår av at randsona mot Vallaelva vert sikra, og vidare kartlegging av ROS-tilhøve. Ligg innanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro.</p>	
--	--

### 3.2.8. Osøyro 109, 110, 135, 165 - bustad

ID 82

16/21751 16/19971, 16/19973, 16/22227

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF</p> <p><b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad. Utviding av bustadtomter, litt av kvar av dei tre tomtene er friområde, i samsvar med gjeldande reguleringsplan.</p> <p><b>Forslagsstillar:</b> Arne Hauso Næss</p> <p><b>Gbnr:</b> 51/177</p> <p><b>Forslagsstillar:</b> Lene Drageset</p> <p><b>Gbnr:</b> 51/221</p> <p><b>Forslagsstillar:</b> Anne Solberg Andersson</p> <p><b>Gbnr:</b> 51/222</p> <p><b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b> Mindre skogsområde/grøntområde, i tilknytning til eksisterande bustadområde. Området ligg innafor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro – «byggesone».</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Kuvågen. Unngå fragmentering av randsoner og grøntstruktur, og inngrep i strandsone
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjende
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje gang- og sykkelveg, og svært begrensa kollektivtilbod. Leikeplasser i nærmiljøet, mykje grøntstruktur og ute- og friområde. Ved etablert bustadområde. Tap av grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Randsone av viktig friluftsområde (leke- og rekreasjonsområde). En liten del sør i området ligg innafor funksjonell strandsone.
Landbruk		Midtre del av området består av lauvskog på mark med høg bonitet.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging (klimagassutslépp)		Tiltaket er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Ligg ved lokalvegnett i bustadfelt.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Lite skog/vegetasjon rundt
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje aktuelt
Utslépp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve
<b>ROS- analyse:</b> Ingen vesentleg konflikt med samfunnstryggleik er avdekket.		

**Samla vurdering av innspelet med tilråding.**

**Innspelet vert tilrådd**, då det ligg innafor senterstrukturen for Osøyro, i etablert bustadområde. Negative konsekvensar er moderate.



### 3.2.9. Osøyro 145 - bustad

ID 119  
16/201871

**Føremål i dag:** LNF  
**Framlegg til nytt arealføremål:** Frådeling av to tomter til bustad  
**Forslagsstillar:** Helga Vik og Marta Lilletvedt  
**Gbnr:** 65/90,91  
**Areal storleik:** 4 daa  
**Skildring av området:**  
 Området ligg utanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro.



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Lyssand. Unngå fragmentering og brot i viktige natur- og kulturhistoriske samanhengar. Vil kunne gi uheldige terrenginngrep og negativ nær- og fjernverknad.
Støy		Ligg i gul støysone frå veg
Naturmangfald		Det er eit unøyaktig geografisk funn av barlind frå «under Bøåsen» frå 1958. Her er ingen andre registrerte naturverdiar, men fordi det er sør- og vestvendte lier dekte av lauvskog her, bør det utførast ein synfaring.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjende
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje gang- og sykkelveg, og svært begrensa kollektivtilbod. Mykje grønstruktur, uteområde i nærleiken. Tap av grønstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Området grensar i nord-aust til eit viktig nærturterreng.
Landbruk		Området består av lauvskog på mark med særst høg bonitet, og grensar i vest mot kjeneområde for landbruk (fulldyrka jord)
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket ligg i ytterkant av sykkellavstand til Osøyro og til skule. Svært begrensa kollektivtilbod. Ligg utanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro
Teknisk infrastruktur		Det finst Off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot fv. 552
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Det er kartlagt liten mulegheit for marin leire i området. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare.
Skog/lyngbrann		Ligg i større skogbelte, men grensar mot veg
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende tilhøve
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve




Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende. Tilkømt frå Bøvegen	
<b>ROS- analyse:</b> Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, fare for kvikkleireskred må utgreiast nærare for å identifisere reell fare. Evt. aktsemdsoner skal merkast som omsynssoner i plankart. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnsstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreducerande tiltak bør skog ryddast. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.			

### **Samla vurdering av innspelet med tilråding**

<b>Innspelet vert frarådd</b> med grunnlag i konsekvensar for landskap og landbruk, og sidan det ligg utanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro	
--	--

### 3.2.10. Osøyro 154 - bustad

ID 139  
 16/22166

<p><b>Føremål i dag:</b> Offentleg føremål  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Ingfrid Lyssand  <b>Gbnr:</b> 64/3  <b>Areal storleik:</b> 35,2 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Området ligg utanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Hegglandsdalen. Randsone mellom jordbrukslandskap i dalbotnen og furuskogen åssidene er sårbar for inngrep. Ein bør unngå inngrep i randsoner kring vatna og Vallaelva. Intakte jordbrukslandskapet nord i dalen bør ikkje fortettast ytterlegare. Byggeområde bør plasserast slik at randsone i dalsidene og langs vassdrag vert ivaretatt. Sikre grøntstruktur mot Hjelle som buffer mellom byggeområde og kulturlandskapet, og som grøntkorridor for friluftslivet.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar. Jf. flyfoto er det truleg eit granplantefelt i nordvest og ung beitepåverka skog i resten av arealet. Ei enkel synfaring for å kontrollere dette bør utførast.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjende
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Gang og sykkelveg. Nær barnehage med lekeplass, og om lag 800 meter til planlagt ny skule på Hjelle. Tap av grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende konsekvensar
Landbruk		Størstedelen av området består av lauvskog på mark med særskilt høg bonitet.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Ligg utanfor gang- og sykkelavstand til regionsenter, nærsenter, handelssenter og daglegvarebutikk. Svært begrensa kollektivtilbod. Utanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro
Teknisk infrastruktur		Det er ikkje kartlagt Off. VA- anlegg i nærområdet. Ligg langs veg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, flaumfare ved elva, hovudsakleg ved mykje nedbør
Flaum		Området er dekt av aktsemdsone for flaum. Faren for flaum må bli utreda nærare

Skred		Nordvestleg del av området ligg innanfor NVE sitt aktsemdkart for utløp på snøskred, og deler av området ligg innanfor område med liten mulegheit for marin leire. Faren for snøskred og kvikkleire må bli utreda nærare.
Skog/lyngbrann		Del av større skogsbelte, men grensar til veg
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende tilhøve
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve, men fv 137 passerer
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg nært Vallaelva, og er dekkja av omsynssone flaum, reell flaumfare må utgreiast. Det må gjerast ei vurdering for å avdekke reell fare for snøskred. Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt liten mogelegheit for marin leire i området. Aktsemdsoner skal merkast som omsynssoner i plankart. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.</p>		

### **Samla vurdering av innspelet med tilråding**

**Innspelet vert frarådd.** Arealet legg beslag på eit stort område i dalbotnen med negative konsekvensar for landskap og landbruk, ligg utanfor sentrumsstrukturen, og har middels måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging.

### 3.2.11. Osøyro 162 – naust, bustad

ID 154

Jnr. 16/22218

<p><b>Føremål i dag:</b> Naust i sentrums-området  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Naust og bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Elling Lund  <b>Gbnr:</b> 63/375  <b>Areal storleik:</b> Om lag 0,2 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg i strandsona i etablert naustmiljø med vegtilkomst. Tilgrensande Oselva. Forslagsstillar ynskjer å byggja bustad, eller naust med bustad i 2.etg.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing		Kommentar/tiltak
<b>Miljø</b>			
Landskap			Middels verdi – Osøyro. Ta vare på viktige kulturhistoriske og blågrøne strukturar. Viktig å ta vare på siktlinjer og utsyn til Oselva. Forsterke Oselva som nøkkelelement. Unngå ytterligare privatisering/nedbygging av strandsona
Støy			Ligg i gul støysone frå veg
Naturmangfald			Ingen registrerte prioriterte artar eller raudlista artar. Kan ha svak funksjon som korridor for dyr til Oselva. Oselva er verna i Verneplan for vassdrag (1972). Anadromt vassdrag. Elvemusling (VU) er kjent lenger vest
Kulturminne og kulturmiljø	Naust	Bustad	Naustrekka ligg i ein samanheng med eldre naustrekke i nord. Samla utgjør dette ein klar estetisk verdi for Osøyro. Nytt naust kan tilpasse seg. Bustad har behov som ikkje kan kombinerast med vern av verdjar.
Nærmiljø, inkl. barn og unge			Nær sentrum, skule og barnehage.
Friluftsliv og strandsona/strandsona			Ingen kjende konsekvensar.
Landbruk			Ingen kjende konsekvensar.
Samfunn			
Samordna areal og transportplanlegging (klimagassutslepp)	Naust	Bustad	Naust: Tiltaket er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen Bustad: Tiltaket ligg i gangavstand til dei fleste funksjonar og byggjer opp om fortetting rundt eksisterande senter
Teknisk infrastruktur			Off. VA- anlegg i området. Vegtilkomst
<b>Risiko og sårbaranalyse</b>			
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko		Kommentar/tiltak
Ekstremvær			Kan vere noko vindutsett, flaumfare frå elva hovudsakleg ved mykje nedbør
Flaum			Store deler av området er flaumutsett ifølgje flaumfarevurdering (AV, 2019). Området i


		strandsona kan bli utsett for stormflo og framtidig havnivåstigning	
Skred		Det er kartlagt stor mulegheit for marin leire i området, og moglegheit for kvikkleireskred bør utgreiast	
Skog/lyngbrann		Ikkje skog/lyngområde	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ingen kjende tilhøve	
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve, men Oselva passerer	
<p><b>ROS- analyse:</b> Området er flaumutsett, og omsynssone for flaum merkast i plankart. Avbøtande tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for flaumsoner. Det er behov for ei vurdering av områdestabilitet (mogleg kvikkleire). Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nære strandsona. Havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet.</p>			

### Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet om bustad vert frarådd</b>, av omsyn til kulturmiljø og flaumfare. Bustad i denne naustrekka krev kvalitetar i form av lysinnslepp i bygning og uteareal som ikkje er mogleg å kombinere med god ivaretaking av dei kulturhistoriske verdiane i området.</p> <p><b>Innspelet om naust vert tilrådd</b> på vilkår av at det vert sett krav til volum, høgde, takform, material og farge – slik at kulturmiljøet ikkje får redusert kvalitet.</p> <p>Det er eit vilkår for vurderinga at ein set krav til at det ved ei ev. utbygging vert teke særleg omsyn til elvemusling. Allmenn ferdsel til strandsona er eit vilkår for vurderinga.</p>	Naust	Bustad
--	-------	--------

### 3.2.12. Osøyro – 163- byggegrense, småbåthamn

ID 155  
16/22222

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF</p> <p><b>Framlegg til nytt arealføremål:</b></p> <p>a) Justering av funksjonell strandsone for å kunne gjenreise bygningar på husmannsplass.</p> <p>b) Småbåthamn med tilhøyrande landareal. Utleige til småbåtar.</p> <p><b>Forslagsstillar:</b> Guttorm Gjerde</p> <p><b>Gbnr:</b> 69/1</p> <p><b>Areal storleik:</b> ukjent</p> <p><b>Skildring av området:</b></p> <p>Området ligg utanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro, på Hatvikneset.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi -Bjånes
Støy		
Naturmangfald		I arealet inngår kystfuruskog og beiteskog, begge med B-verdi. Beiteskog er ikkje lenger ein trua naturtype.
Kulturminne og kulturmiljø		Heile arealet ligg i ein krigsminnelokalitet; ubåtjagarskulen på Hatvik. Her er to luftvernstillingar og grunnmur etter ei brakke. Etter opplysningar frå grunneigar har her vore husmannsplass. Kulturbeite, kulturlandskap. Tiltak må planleggast med omsyn til dei kulturhistoriske verdiane.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje relevant for tema.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innafor funksjonell strandsone.
Landbruk		Store delar av området består av innmarksbeite. I tillegg finst eit lite område med lauvskog med særskilt høg bonitet.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen.
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Enkel veg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo
Flaum		Del av området ligg i strandsona, kan då bli utsett for stormflo og framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ikkje direkte skog- lyngområde, men tilrår å rydde vegetasjon
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende tilhøve



Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve
<p><b>ROS- analyse:</b> : Området ligg i strandsona. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstiging ved bygging så nære strandsona. Havnivåstiginga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag.</p> <p>Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert frarådd</b>, sidan det ligg utanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro og innafor funksjonell strandsona. Mogleg negative konsekvensar for kulturminne.</p>	
--	--

### 3.2.13. Osøyro – 164 - småbåthamn

ID 156  
16/22222

**Føremål i dag:** Bebyggelse og anlegg  
**Framlegg til nytt arealføremål:**  
Småbåthamn med tilhøyrande landareal. Utleige til småbåtar.  
**Forslagsstillar:** Guttorm Gjerde  
**Gbnr:** 69/1  
**Areal storleik:**

**Skildring av området:**  
Sjøareala er alt lagt inn som småbåthamn i gjeldande reguleringsplan. Ber om at KPA vert tilpassa dette.



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi -Bjånes
Støy		Ligg i gul støysone frå Hatvik ferjekai. Ligg i gul støysone frå veg.
Naturmangfald		Ligg i område for særleg stor forvaltingsinteresse, men den aktuelle delen for innspel har ikkje naturverdiar, anna enn at ærfugl sporadisk brukar hamna til næringsøk.
Kulturminne og kulturmiljø		Heile arealet ligg i ein krigsminnelokalitet; ubåtjagarskulen på Hatvik. Det er ikkje kjent objekt innfor arealet. Det vert lagt til grunn at tilhøve til kulturminner er avklart i gjeldande reguleringsplan.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje relevant for tema.
Friluftsliv og strandsone		Austre del av området ligg innanfor den funksjonelle strandsona.
Landbruk		Landområdet består av barskog av sær høg bonitet, innmarksbeite, fulldyrka jord og bebygd areal
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Vegtilkomst
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo
Flaum		Området kan bli råka av framtidig havnivåstigning, ligg innanfor akstemdssona for flaum
Skred		Del av området ligg innanfor aktsemdssona for utløp av snøskred. Det er også stor mulegheit for marin leire i området. Faren for snøskred og kvikkleire må bli utreda nærare.
Skog/lyngbrann		Ikkje skog- lyngområde

Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjende tilhøve, men det er tilrettelagt for båttrafikk i sjø
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kartlagt ureina grunn, men potensiell fare for ureining i hamneområder
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjende tilhøve
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona, og del av området ligg som aktsemdsområde for flaum, det må her visast omsyn til stormflo og havnivåstiging ved ulik tilrettelegging nære strandsona. Havnivåstiging kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i området. Evt. aktsemdsoner skal merkast som omsynssoner i plankartet. Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje evt. nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd**, då bruken allereie er avklart i gjeldande plan.

### 3.2.14. Osøyro 224 - bustad

ID 220  
16/23399

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> HLL Eigedom AS  <b>Gbnr:</b> 59/2  <b>Areal storleik:</b> 12,4 daa  <b>Skildring av området:</b>                  Området ligg innanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro. Om lag ¾ av tomta ligg innanfor 100 meters belte mot Oselvassdraget. Tidvis nytta for hestehald på hobbybasis.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi - Nordmarka-Hjelle. Unngå ytterlegare fragmentering. Vallaelva og kantvegetasjonen bør sikrast, det same gjeld kammen av Borgafjellet med kulturlandskap og turstiar
Støy		Ligg i gul støysone frå veg
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar her, men skråninga mot Vallaelva vender mot SV, noko som indikerer at det kan vere varmekjære tre her. Her vert det tilrådd synfaring.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjende
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje gang- og sykkelveg, begrensa og langt frå sørvicetilbud kollektivtilbod. Tilgang til grønstruktur, turvegar og uteområde. Ca. 2,5 km til barnehage (på Flåten) og sykkelavstand (700 m) til skule. Tap av grønstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innanfor eit område klassifisert som svært viktig friluftsområde (marka).
Landbruk		Grensar opp mot «kjerneområde landbruk», og to tredjedelar av arealet består av jordbruksareal, med om lag like delar overflatedyrka jord og fulldyrka jord. Resten av arealet inneheld skog på mark med særst høg bonitet
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Ligg innafor sykkelavstand til dagens skule og til Osøyro. Svært begrensa kollektivtilbod.
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i nærområdet. Ligg inn mot lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, flaumfare frå elva hovudsakleg ved mykje nedbør

Flaum		Sørlege del er dekt av aktsemdsone for flaum og heile området ligg innanfor omsynssona for Oselva . Faren for flaum må bli utreda nærare	
Skred		Det er kartlagt stor mulegheit for marin leire i området. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare	
Skog/lyngbrann		Del av større samanhengande skogsbelte	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ingen kjende tilhøve	
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve	
<p><b>ROS- analyse:</b> Del av området er flaumutsett, og omsynssone for flaum må merkast i plankart. Avbøtande tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for flaumsoner. Det er behov for ei vurdering av områdestabilitet (mogeleg kvikkleire). Det kan vere ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik, dersom det oppstår skog/lyngbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.</p>			

### Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert frarådd</b>, på grunn av konsekvensar for landbruk, friluftsliv og generelt at innspelet har noko negativ påverknad / låg måloppnåing på mange tema, bl.a. landskap. Ligg i ytre del av sentrumssona for Osøyro.</p>	
---	--

### 3.2.15. Osøyro 229 - bustad

ID 225  
16/23424

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Harald Hjelle  <b>Gbnr:</b> 61/46 m.fl.  <b>Areal storleik:</b> 9,4 daa  <b>Skildring av området:</b>                  Området ligg innafør ytre avgrensing av senterområde for Osøyro. Tomtene er ikkje del av reguleringsplan for Hjelle. Forslagsstillar ynskjer å regulere fire eksisterande bustader til bustadføremål, då det er bustadområde her.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi - Nordmarka-Hjelle. Unngå ytterlegare fragmentering. Vallaelva og kantvegetasjonen bør sikrast, det same gjeld kammen av Borgafjellet med kulturlandskap og turstiar
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjende
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Omregulering av eksisterande bustadområde. Ca. 3 km til næraste skule. 1 km til busstopp.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innanfor, men i bebygd randsone, til eit friluftsområde klassifisert som svært viktig.
Landbruk		Ingen kjende konsekvensar. Grensar til lauvskog med særskild høg bonitet.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen (atterhald om at ein ikkje byggjer nye bustader innafør området)
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot lokalveg i bustadfelt.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Området ligg innanfor NVE sitt aktsemdsområde for utløp på snøskred og faren for snøskred må bli utreda nærare
Skog/lyngbrann		Ligg i større skogbelte, men grensar mot veg
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende tilhøve
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg innan aktsemdsområde for snøskred, og reell skredfare bør kartleggast. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik, dersom det oppstår skogbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.</p>		



### **Samla vurdering av innspelet med tilråding**

**Innspelet vert tilrådd.** Bustadene er allereie oppført. Konsekvensar og konfliktpotensial er elles moderate, det ligg innafor senterstrukturen, og har god måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging.



### 3.2.16. Osøyro 239, 351 - bustad

ID 233, 342

Jnr. 18/19184, 16/23492

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustader  <b>Forslagsstillar:</b>                  Kari Krossøy og Frøydis Schjølberg, Stig Nilsen og Irene Øpstad Nilsen  <b>Gbnr:</b>                  51/668, 54/4 og 54/554  <b>Areal storleik:</b>                  Om lag 15- 20 daa  <b>Skildring av området:</b>                  Området ligg innafor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro. Forslagsstillarane ynskjer at del av eigedomen skal leggjast inn som område for bustadbygging.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Ulvenvatnet-Kuventræ-Moberg. Unngå inngrep i strandsona langs Ulvenvatnet. Viktig å ta vare på den opne dalforma. Kjerneområde landbruk Kuventræ og Moberg er sårbart for ytterligere fortetting.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar innanfor eigedomen, men den grensar i sør til Ulvenvatnet som i rapporten om viktige viltområde, er skildra som eit svært viktig område for vassfuglar. Dette gjeld mellom anna vannrikse, ein art av nasjonal forvaltningsinteresse. Bustadar tilgrensande til viltområde kan være negativt i hekkeperioden. Dei opne markane har og potensial for at vipe (EN) kan hekke
Kulturminne og kulturmiljø		Gardstun Kuven – Stølabrotet, med bygningar i SEFRAK. Siste del av 1800-talet. Kan forventast at eksisterande bygningsmasse kan bli endra eller reve. Kulturhistorisk verdi er lokal og begrensa
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Gangavstand til Osbadet, idrettsanlegg, barnehage og skular. Ikkje gang- og sykkelveg og svært begrensa kollektivtilbod. Mykje grøntstruktur, uteområde i nærleiken. Tap av grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Områda ligg nær eit viktig nærturterreng
Landbruk		Områda ligg innanfor kjerneområde for landbruk, og her er om lag like delar overflatedyrka jord og fulldyrka jord. Ingen kjende konsekvensar for skogbruk
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging (klimagassutslepp)		Ligg relativt nær Osøyro, og andre viktige funksjonar som og butikk/handel. Gangavstand til skule

Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Ligg ved lokalveg i bustadfelt
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ein mindre del av området er ligg i aktsemdsone for flaum
Skred		Det er kartlagt middels mulegheit for marin leire. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare
Skog/lyngbrann		Ikkje skog/lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende tilhøve
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve
<b>ROS- analyse:</b> Mindre del av området ligg i aktsemdsone for flaum. Avbøtande tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for flaumsoner. Det er kartlagt middels mulegheit for marin leire i området. Fare for kvikkleireskred må utgreiast nærare før ein veit om området har tilfredstillande tryggleik for utbygging av bustader.		

### Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd.** Ligg i landskapsområde med stor verdi og i strandsona for Ulvenvatnet. Kjerneområde landbruk. Innspelet har jamt over negativ konsekvens / lite måloppnåing for fleire tema.

### 3.2.17. Osøyro 241 - bustad

ID 238  
16/23508

**Føremål i dag:** LNF

**Framlegg til nytt arealføremål:** Bustad

**Forslagsstillar:** Lundefossen AS

**Gbnr:** 59/6

**Areal storleik:** 0,4 daa

**Skildring av området:**

Jordbrukslandskap.

Området ligg innafør ytre avgrensing av senterområde for Osøyro. Tomta ligg innanfor byggegrensa på 30 meter mot Oselvassdraget.

Forslagsstillar ynskjer å endre føremålet til bustad, då det eksisterer eit hybelhus på eigedomen, og eigedomen er nytta til bustad.



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi - Nordmarka-Hjelle. Unngå ytterlegare fragmentering. Vallaelva og kantvegetasjonen bør sikrast, det same gjeld kammen av Borgafjellet med kulturlandskap og turstiar
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjende
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Eksisterande bustad. Ikkje gang- og sykkelveg, og svært begrensa kollektivtilbod. Mykje grønstruktur, uteområde i nærleiken. Ca. 2,5 km til barnehage og sykkelavstand (700 m) til skule
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innanfor eit svært viktig friluftsområde (marka), men omdisponering skjer på allereie utbygd areal
Landbruk		Området grensar til eit kjerneområde for landbruk. Ingen kjende konsekvensar for skogbruk
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Ligg innafør sykkelavstand til dagens skule og til Osøyro. Svært begrensa kollektivtilbod
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Ligg ved lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, flaumfare frå elva hovudsakleg ved mykje nedbør
Flaum		Heile området ligg innanfor aktsemdsone for flaum, Vallaelva, og ligg som omsynssone for flaum for Oselva
Skred		Det er kartlagt stor mulegheit for marin leire i området. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare.
Skog/lyngbrann		Del av større skogsbelte


Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende tilhøve
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg innanfor aktsemdsone for flaum. Avbøtande tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for flaumsoner. Det er kartlagt stor mulegheit for marin leire i området. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare, før ein veit om området har tilfredstillande tryggleik for slik utbygging. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik, dersom det oppstår skogbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.</p>		

**Samla vurdering av innspelet med tilråding**

Innspelet vert tilrådd. Eit hybelbygg er allereie oppført.	
--	--

### 3.2.18. Osøyro 245 - bustad

ID 244  
 16/23531

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Oddvar Magne Valle  <b>Gbnr:</b>          62/4  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>          Området ligg innafør ytre avgrensing av senterområde for Osøyro. I konflikt med eit alternativ for ringveg rundt Osøyro.          Forslagsstillar ynskjer å regulere til bustad i område mellom eksisterande bustadområder.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Hegglandsdalen. Randsona mellom jordbrukslandskap i dalbotnen og furuskogen åssidene er sårbar for inngrep. Ein bør unngå inngrep i randsoner kring vatna og Vallaelva. Byggeområde bør plasserast slik at randsonene i dalsidene og langs vassdrag vert ivaretatt. Sikre grøntstruktur mot Hjelle som buffer mellom byggeområde og kulturlandskapet, og som grøntkorridor for friluftslivet.
Støy		Ligg i gul støysone frå veg
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjende
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Gang og sykkelveg. Nær barnehage med lekeplass, og om lag 700 meter til planlagt ny skule på Hjelle. Tap av grønstruktur
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende konsekvensar
Landbruk		Området består i hovudsak av barskog på mark med sær s høg bonitet. Der er og noko lauvskog på impediment og litt bebygd areal
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket ligg i ytterkant av sykkelavstand til Osøyro og til skule. Svært begrensa kollektivtilbod. Ligg innafør ytre avgrensing av senterområde. Ligg i konflikt med alternativ for framtidig veg
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Ligg langs veg
Risiko og sårbaranalyse		

Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, flaumfare i elva hovudsakleg ved mykje nedbør
Flaum		Stor del av området ligg innanfor aktsemdsone for flaum, Vallaelva, og ligg som omsynssone for flaum for Oselva
Skred		Området er dekkja av NVE sitt aktsemdkart for utløp av snøskred. I vestlege delar av området er det ein liten moglegheit for marin leire. Faren for snøskred og kvikkleire må bli utreda nærare.
Skog/lyngbrann		Ligg i større skogbelte, men grensar mot veg
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve, men har vegtilkomst frå fv 137
<b>ROS- analyse:</b> Området ligg innanfor aktsemdsone for flaum. Avbøtande tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for flaumsoner. Det må gjerast ei skredfarevurdering, då området er dekkja av aktsemdkart for utløp til snøskred, før ein veit om området har akseptabel tryggleik. Det må også gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt liten moglegheit for marin leire i området. Evt. aktsemdsoner skal merkast som omsynssoner i plankart. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik, dersom det oppstår skogbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreducerande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen.		

### Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd** med grunnlag i omsyn til landskap og landbruk. Legg beslag på eit større areal i dalbotnen. Vert liggande langs Vallaelva i eit lengre strekke. Middels måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging. Kan vere i konflikt med framtidig veg.

### 3.2.19. Osøyro 254 - naust

ID 256  
 16/23721

**Føremål i dag:** LNF (grensar til naustområde)  
**Framlegg til nytt arealføremål:** Utvide naustområdet om lag 30 meter. 3 – 4 nye naust.  
**Forslagsstillar:** Helge Bøe og Siren Tømmerbakke  
**Gbnr:** 71/1  
**Areal storleik:**  
**Skildring av området:**  
 Naustområdet grensar inn til naustområdet ved Hatvik. Område ligg innanfor funksjonell strandsone.



Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak
------	------------	------------------



	Konfliktpotensial Måloppnåing	
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Moldadalen-Aldalen. Det småskala kulturlandskapet er sårbart for større inngrep.
Støy		
Naturmangfald		Arealet ligg innanfor eit område avgrensa som særleg stor forvaltningsinteresse for artar. Tiltaket på land påverkar ikkje dette. Ingen andre registrerte naturverdiar her, men sjøområda må undersøkast.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente i området, men nye naust kan få visuelle konsekvensar for kulturmiljøet i Hattvika med bl.a. krigshistorie.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av noko grønstruktur, elles tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innafor funksjonell strandsone.
Landbruk		Ingen kjende konsekvensar.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Vegtilkomst
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vera noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo
Flaum		Området kan bli råka av framtidig havnivåstigning
Skred		Området er dekkja av NVE sitt aktsemdkart for utløp av snøskred
Skog/lyngbrann		Grensar opp mot skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjende tilhøve, men det er tilrettelagt for båttrafikk i sjø
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve, men ikkje direkte vegtilkomst inn i området
<b>ROS- analyse:</b> Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstiging ved bygging så nære strandsona. Havnivåstiginga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår skog/lyngbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen.		

#### Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd** med grunnlag i funksjonell strandsone og jamt over ein del negative konsekvensar for fleire tema.

### 3.2.20. Osøyro 298, 345 - bustad

ID 344

16/34256, 18/4061

**Føremål i dag:** Offentleg område

**Framlegg til nytt arealføremål:** Bustad

**Forslagsstillar:** Styret i Sameie Lurane Senior

**Gbnr:** 63/477

**Areal storleik:** 10,4

**Skildring av området:**

Området ligg innafor indre avgrensing av senterområde for Osøyro. Regulert til offentleg/ allmenntilgjengleg.



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Osøyro. Ta vare på viktige kulturhistoriske og blågrøne strukturar. Viktig å ta vare på siktlinjer og utsyn til Oselva og Fusafjorden/ Bjørnefjorden
Støy		Ligg i gul og raud støysone frå veg
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Ligg langs Den Stavangerske Postveg (Midtbøvegen). Regionalt verneverdig. Krigsminnelokalitet støttepunkt Haugsneset ligg i området. Omdisponering er ikkje venta å gje vesentlege fysiske inngrep
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Eksisterande bustadfelt, sykkelavstand til skule, barnehage og Osøyro, g/s langs hovudveg til Osøyro
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende konsekvensar
Landbruk		Ingen kjende konsekvensar
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket ligg i gangavstand til Osøyro, skule, daglegvare og høgfrekvent busshaldeplass
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg. Vegtilkomst
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Det er kartlagt ein liten mulegheit for marin leire i området. Fare for kvikkleireskred må bli utreda nærare.

Skog/lyngbrann		Ikkje skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende, men har vegtilkomst frå fv 552
<b>ROS- analyse:</b> Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt liten mulighet for marin leire i området. Evt. aktsemdsoner skal merkast som omsynssoener i plankart.		

### **Samla vurdering av innspelet med tilråding**

<b>Innspelet vert tilrådd.</b> Det ligg innafor sentrumsstrukturen til Osøyro, og er ikkje venta å gje fysiske inngrep.	
---	--

### 3.2.21. Osøyro 259 - bustad

ID 258  
16/23900

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføre3mål:</b> bustader  <b>Forslagsstillar:</b>                  Moldegaard AS  <b>Gbnr:</b> 66/1  <b>Areal storleik:</b> 14,3 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Området ligg i funksjonell strandsone, og innanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro.                  Området ligg innanfor kjerneområde for landbruk.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Solstrand-Moldegård. Viktig å ta vare på kulturhistoriske samanhengar og heilskapen i kulturmiljø. Randsoner mellom byggeområder og kulturlandskap/kulturmiljø er viktige. Visuelle samanhengar til fjordlandskap (utsyn)
Støy		Ligg i gul støysone frå veg (austre ende)
Naturmangfald		I den austlege delen er det registrert fem holer (utvald naturtype), der ein er vurdert som viktig og fire vurdert som lokalt viktige. Det renn og elvevatn her, som er ein raudlista naturtype (NT). Den vestlege delen har ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ligg langs Den Stavangerske Postveg (Midtbøvegen). Regionalt verneverdig. Steingard langs vegen. Eldre villaer, fleire i SEFRAK. Eldst er bustadhus Skoglund frå 1700-talet. Sør for innspelsområdet: Hage på Moldegård anlagt av Ingolf Eide ca. 1910. Utvikling i området vil vere svært vanskeleg å få til utan vesentleg tap av kulturhistoriske verdiar
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Sykkelavstand til skule, barnehage og Osøyro, g/s langs hovudveg til Osøyro. Nær eksisterande bustadområde. Tap av samanhengande grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innafor funksjonell strandsone.
Landbruk		Området ligg innafor eit kjerneområde for landbruk, og består i hovudsak av innmarksbeite. Ligg i omsynssone landbruk i KPA
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaka ligg i ytterkant av sykkelavstand til Osøyro og til skule. Svært begrensa kollektivtilbod. Ligg innafor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro
Teknisk infrastruktur		VA- anlegg i området. Ligg langs Midtbøvegen
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ingen slik fare
Skred		Ingen slik fare


Skog/lyngbrann		Ikkje direkte skog- lyngområde, men tilrår rydding av vegetasjon
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende, men har vegtilkomst frå fv 552, og vidare inn på Midtbøvegen
<b>ROS- analyse:</b> Ingen vesentleg konflikt med samfunnstryggleik er avdekket.		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd.** Ligg i landskapsområde med stor verdi, og langs regionalt verneverdig veg og bygningsmiljø med klar kulturhistorisk verdi. Ligg i funksjonell strandsone og innafor kjerneområde landbruk.

### 3.2.22. Osøyro 271 - bustad

ID: 271  
16/23948

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad (fleirmannsbustader, rekkjehus og leilegheiter)  <b>Forslagsstillar:</b> Idar Norheim  <b>Gbnr:</b> 50/1-4  <b>Areal storleik:</b> 36 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innafør ytre avgrensing for senterområde for Osøyro.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Liafjellet. Unngå byggetiltak på åskammar og i foten inn mot åsar
Støy		Ligg i gul og raud støysone frå veg
Naturmangfald		Grensar til Villelia naturreservat som er verna for å ta vare på ein artsrik edellauvskog. Mykje av dei same naturverdiane (alm-lindeskog) finst truleg og i den nordvestre delen av innspelet og bør bevarast som ein buffer mot reservatet. Den midtre delen har granplantefelt og er utan naturverdi. Ingen registrerte prioriterte artar jf. naturmangfaldlova, men dei raudlista artane kjøttkraterlav (VU) i sør og skogredlaus (NT) er registrert i nord. Den opne marka har og potensial for vipe (EN)
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjende
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Sykkelavstand til skule og Osøyro, gangavstand til Læringsverkstedet Kuvågen, men ikkje gang og sykkelveg. G/s langs hovudveg og høy kollektivdekning. Tap av samanhengande grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone/strandsone		Området ligg innanfor eit nærturterreng med svært høg verdi
Landbruk		Området består delvis av overflatedyrka jord, delvis av barskog med særskilt høg bonitet
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging (klimagassutslepp)		Ligg i utkanten av sykkelavstand til regionsenter og skular. Ligg nær haldeplass med høg frekvens
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Vegtilkomst
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Nordøstleg del av området er dekt av NVE sitt aktsemdskart på snøskred og steinsprang. Skredfaren bør utgreiast

Skog/lyngbrann		Del av området er dekket av skog, delvis samanhengande av større skogsbelte
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Viss fare på E39 i dag
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve, men har vegtilkomst frå E39
<p><b>ROS- analyse:</b> Det må gjerast ei skredfarevurdering, då området er dekket av aktsemdkart for utløp til snøskred, før ein veit om området har akseptabel tryggleik. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert frarådd</b> med grunnlag først og fremst i landbruksverdiar og friluftsliv. Området ligg i ytre del av ytre sentrumssone og har middels måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging.</p>	
--	--



### 3.2.23. Osøyro 305, 306 - bustad

ID 293

16/38126 16/38249

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Synnøve Bjørke og BOBY AS  <b>Gbnr:</b> 63/455  <b>Areal storleik:</b> 10,5 + 0,8 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innafor midtre avgrensing av senterområde for Osøyro. Reguleringsplan-arbeid pågår.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Solstrand-Moldegård. Viktig å ta vare på kulturhistoriske samanhengar og heilskapen i kulturmiljø. Randsoner mellom byggeområder og kulturlandskap/kulturmiljø er viktige. Visuelle samanhengar til fjordlandskap (utsyn)
Støy		Ligg i gul og raud støysone frå veg
Naturmangfald		I den nordlegaste delen er det ei stor eik vurdert som lokalt viktig (C-verdi). Sidan eika har ein omkrins på 340 cm, er den ein utvald naturtype jf. Naturmangfaldlova. På vilkår at eika får stå, er det ingen konsekvens for tema naturmangfald.
Kulturminne og kulturmiljø		Automatisk freda gravhaug og bautastein i nord. To bygningar med datering frå 1600-talet. Eit kårhus med datering 1900-talet. Alle tre i SEFRAK. Utvikling i området bør tilpasse seg og ta omsyn til kulturhistoriske verdiar. Dette kan vere utfordrande å få til, sjølv om området er i utgangspunktet ein del endra i moderne tid. Tap av kulturhistoriske verdiar vanskeleg å unngå.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Sykkelavstand til skule, barnehage og Osøyro, men berre g/s langs hovudveg til Osøyro. Noe tap av grøntstruktur i sør.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende konsekvensar
Landbruk		Delar av området er klassifisert som innmarksbeite med middels verdi, og i sør er det et lite parti som ligger på mark med særst høg bonitet.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Ligg innafor sykkelavstand til Osøyro, daglegvare og til skule. Svært begrensa kollektivtilbod.
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Nær fylkesveg.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare


Skred		Det er kartlagt liten mulegheit for marin leire i nordvestlege delar av området. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare
Skog/lyngbrann		Ikkje skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende, eksisterer vegtilkomst frå fv 552
<b>ROS- analyse:</b> Det er kartlagt liten mulegheit for marin leire i nordvestlege delar av området. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare, før ein veit om det er akseptabel tryggleik for utbygging i området.		

### Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert i utgangspunktet frarådd</b> med grunnlag i kulturminner, men kan tilråddast dersom ein legg inn omsynssone i kommuneplanen for å sikre kulturhistoriske verdjar.	
---	--

### 3.2.24. Osøyro 377 - bustad

ID 360  
18/36259

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Norvald Kobbeltvedt  <b>Gbnr:</b> 63/9  <b>Areal storleik:</b> 4,5 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innafør ytre avgrensing av senterområde for Osøyro.</p>	
---	--


Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Verdi middels – Nordmarka-Hjelle. Unngå ytterlegare fragmentering
Støy		
Naturmangfald		Ingen kjente naturverdiar her. Område er skogdekt men er truleg ung. Tilrår synfaring
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Sykkelavstand til skule, barnehage og Osøyro, men berre g/s langs hovudveg til Osøyro. Tilgang på uteområder. Tap av samanhengande grønstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende konsekvensar
Landbruk		Området består i hovudsak av barskog på impediment. Ein liten del i vest har høg bonitet
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket ligg relativt nært viktige målpunkt som Osøyro, skule, daglegvare, busstopp og handlesenter
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i nærområdet. Eksisterande bustadfelt like i sør. Lokalvegnett i bustadfelt
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende, ikkje vegtilkomst
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende, men det må her etablerast trygg vegtilkomst, og veg
<p><b>ROS- analyse:</b> Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreducerande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen inn i heile området. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd** med grunnlag i at området ligg i midtre sentrumssone, og det er ikkje kjent store negative arealkonsekvensar.

### 3.2.25. Osøyro 339 - bustad

ID 330 og 331  
17/39341

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Einar Nytræ  <b>Gbnr:</b> 54/14  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innafør ytre avgrensing av senterområde for Osøyro.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Ulvenvatnet-Kuventræ-Moberg. Unngå inngrep i strandsona langs Ulvenvatnet. Viktig å ta vare på den opne dalforma. Kjerneområde landbruk Kuventræ og Moberg, er sårbart for ytterligere fortetting
Støy		Ligg i gul og raud sone frå veg. I vestre del ligg område i raud og gul støysone for betongverk på Kuven
Naturmangfald		Det vestre området er eit mogleg hekkeområde for vipe (EN). Det meste er kartlagt som eit område av større geologisk interesse (geologisk arv). Det austre området grensar til viltområdet Ulvenvatnet (gult)
Kulturminne og kulturmiljø		I det vestre området ligg Våningshus, «Tinane» frå 1800-talet, fjerde kvartal, i SEFRAK. Lokal kulturhistorisk verdi. Utvikling av området bør ta omsyn til dei kulturhistoriske verdiane
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Gangavstand til barneskule, barnehage og Osøyro, fortau, men ikkje sykkelveg. Støyuattsatt og begrensa tilgang til passande uteområder
Friluftsliv og strandsoner		Ingen kjende konsekvensar. Grensar til Ulvenvatnet som er registrert som viktig friluftsområde
Landbruk		Områda ligg innanfor kjerneområde landbruk
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaka ligg i ytterkant av sykkelavstand til Osøyro, skule og handlesenter. Haldeplassar/terminal for buss ligg utafør gangavstand. Ligg innafør ytre avgrensing av senterområde for Osøyro
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Vegtilkomst
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Mindre del av området er dekt av aktsemdsone for flaum


Skred		Det er kartlagt middels mulegheit for marin leire i både områda. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare	
Skog/lyngbrann		Ikkje skog- lyngområde	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ikkje kjende	
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjende	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjende, enkel vegtilkomst til områda er etablert	
<b>ROS- analyse:</b> Det må gjerast vurderingar i høve til at del av området ligg som aktsemdsone for flaum. Det er kartlagt middels mulegheit for marin leire i området. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare, før ein veit om det er akseptabel tryggleik for utbygging i området.			

### Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert frarådd.</b> Ligg i landskapsområde med stor verdi og i strandsona for Ulvenvatnet. Ligg i gul og raud støysone frå veg og frå betongverk. Mogleg hekkeområde for vipe (EN). Området er kartlagt som geologisk arv. Ligg i kjerneområde landbruk. Middels måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging.</p>	
--	--

### 3.2.26. Osøyro 324 – næring og bustad

ID 317  
17/14391

<p><b>Føremål i dag:</b> Næring og friområde  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Næring og bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Lyssand AS  <b>Gbnr:</b> 64/128, 36, 97, 45, 47, 70, 90, 98, 2, 77, 52, 103, 114, 113, 125, 104, 112, 130, 132.  <b>Areal storleik:</b> ca. 33 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innafor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing		Kommentar/tiltak
Miljø			
Landskap			Nordre del ligg i område med middels verdi– Nordmarka-Hjelle, søndre del ligg i område med stor verdi – Lyssand
Støy			Ligg i gul og raud støysoner frå veg
Naturmangfald			Ingen registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø			Ingen kjente i arealet, men like nord ligg freda skålgropfelt, like sør ligg freda gravhaugar.
Nærmiljø, inkl. barn og unge			Sykkelavstand til skule, barnehage og Osøyro, men berre g/s langs hovudveg til Osøyro. Tap av samanhengande grøntstruktur/turområde. Tema ikkje relevant for næring
Friluftsliv og strandsone			Ingen kjende konsekvensar
Landbruk			Nord-austre del av området består delvis av skog på mark med særleg høg bonitet og fulldyrka jord. I tillegg finst litt innmarksbeite. Ligg i kjerneområde landbruk og omsynssone i gjeldande KPA
Samfunn			
Samordna areal og transportplanlegging	Bustad	Næring	Bustad: Tiltaka ligg i ytterkant av sykkelavstand til Osøyro og til dagens skule. Svært begrensa kollektivtilbod. Ligg innafor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro. Næring: Dersom føremål næring er tenkt som større kontorarbeidsplass bør dette heller lokaliserast på Osøyro eller i anna senter.
Teknisk infrastruktur			Off. VA- anlegg i området. Nær fylkesveg.
Risiko og sårbaranalyse			
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko		Kommentar/tiltak
Ekstremvær			Kan vere noko vindutsett
Flaum			Nordleg del av området ligg i omsynssone for Oselva
Skred			Ytterkant av området ligg i aksemdsone for snøskred, og sørleg del av området er kartlagt med mindre



		mulegheit for marin leire. Faren for snøskred og kvikkleire bør bli utreda.	
Skog/lyngbrann		Ikke skog- lyngområde	
Andre uønska hendingar			
Større transportlukker		Ingen kjende	
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende, sikker vegtilkomst frå fv 137, Hegglandsdalsvegen	
<b>ROS- analyse:</b> Mindre del av området ligg som aktsemdsone for flaum. Det må gjerast ei vurdering av flaumfare for å identifisere reell fare. Ytterkant av området ligg i aktsemdsone for snøskred, og sørlege delar av området er kartlagt med mindre mulegheit for marin leire. Faren for snøskred og kvikkleire bør utgreiast.			


### Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd</b> med grunnlag i konsekvens for landbruk, og at det er uheldig med blanding av næring og bustad i ytre delane av senterområdet.	
---	--

### 3.2.27. Osøyro, 347, 348 - bustad

ID 345

Jnr 18/7075 og 18/7117/16/23182

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Viborg AS  <b>Gbnr:</b> 51/43  <b>Areal storleik:</b> Om lag 8 daa  <b>Skildring av området:</b>                  Området ligg innafør ytre avgrensing av senterområde for Osøyro.                  Forslagsstillar ynskjer fleirmannsbustader, rekkjehus og leilegheiter.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Ulvenvatnet-Kuventræ-Moberg. Viktig å ta vare på den opne dalforma og samanhengen heilt til fjorden. Kjerneområde landbruk Kuventræ og Moberg, samt grøntdrag ned mot Mobergsvikjo er sårbart for ytterligare fortetting.
Støy		Ligg i gul og raud støysoner frå veg
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar anna enn at kulturmarka nord for der riksveg 552 grensar til er eit viktig område for raudlisteartane vipe (EN) og enkeltbekkasin (jf. viltrapport til Os kommune).
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Gang- og sykkelavstand til skule, barnehage og Osøyro, men berre g/s langs hovudveg til Osøyro. Ny planlagt barnehage like i nærleiken. Tap av noko grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende konsekvensar.
Landbruk		Området ligg innafør kjerneområde for landbruk, med ein stor del fulldyrka jord. Ingen kjende konsekvensar for skogbruk.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Ligg nær Osøyro, daglegvarebutikk og haldeplass med høg frekvens
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Tett på fylkesveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Det er kartlagt middels til liten mulegheit for marin leire i området. Fare for kvikkleireskred må bli utreda nærare
Skog/lyngbrann		Ikkje skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende, men fv. 552 Mobergsbakken passerer
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende, veg inn i området er etablert
ROS- analyse: Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i området. Evt. aktsemdsone skal merkast som omsynssone i plankart.		

### Samla vurdering av innspelet med tilråding


**Innspelet vert frarådd** med grunnlag i konsekvens for landskap og landbruk.



### 3.2.28. Osøyro 359 - næring

ID 29

18/24441

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Forretning  <b>Forslagsstillar:</b> Rema Etablering Vest AS  <b>Gbnr:</b> 51/488  <b>Areal storleik:</b> 4,1</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Ligg i «restareal» mellom trafikkerte vegar.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Kuvågen. Unngå fragmentering av randsoner og grøntstruktur, og inngrep i strandsone
Støy		Ligg i gul og raud støysone frå veg
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Eit våningshus i SEFRAK, frå 1800-talet, fjerde kvartal (gul). Tun med eldre løe. Kan forventast at eksisterande bygningsmasse vil bli endra eller reve. Kulturhistorisk verdi er lokal og begrensa
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende konsekvensar
Landbruk		Utanfor kjerneområde for landbruk, men halvparten av området er klassifisert som overflatedyrka jord. Ingen kjende konsekvensar for skogbruk
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket (daglegvarehandel) ligg nær bustadområde slik målet er i Regional plan for attraktive senter (Hordaland Fylkeskommune, 2015)
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ikkje skog/lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Viss fare i dag på E39 som grensar til området
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve, eksisterer vegtilkomst
<b>ROS- analyse:</b> Ingen vesentleg konflikt med samfunnstryggleik er avdekkast.		

### Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd** då konsekvensane og konfliktpotensial er begrensa.



### 3.2.29. Osøyro 363 bustad, næring

ID 352  
18/25656

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad (i aust) og næring (i vest)  <b>Forslagsstillar:</b> Bergitte Paus Skrede  <b>Gbnr:</b> 64/59  <b>Areal storleik:</b> 2,4 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing		Kommentar/tiltak
Miljø			
Landskap			Stor verdi – Hegglandsdalen. Randsona mellom jordbrukslandskap i dalbotnen og furuskogen åssidene er sårbar for inngrep. Byggjeområde bør plasserast slik at randsone i dalsidene og langs vassdrag vert ivaretatt. Sikre grøntstruktur mot Hjelle som buffer mellom byggjeområde og kulturlandskapet, og som grøntkorridor for friluftslivet.
Støy			Ligg i gul støysone frå veg
Naturmangfald			Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø			Ingen kjende
Nærmiljø, inkl. barn og unge			Gang og sykkelveg. Nær barnehage med lekeplass, og om lag 700 meter til planlagt ny skule på Hjelle. Tap av grønstruktur. For arealbruk næring/hestehold er tema ikkje relevant, men positivt at det er g/s veg.
Friluftsliv og strandsone			Ingen kjende konsekvensar.
Landbruk			Området består av lauvskog på mark med særst høg bonitet.
Samfunn			
Samordna areal og transportplanlegging	Bustad	Næring	Bustad: Tiltaket ligg i ytterkant av sykkelavstand til Osøyro og til dagens skule. Svært begrensa kollektivtilbod, men ligg innafor ytre avgrensing av senterområde. Næring: For industri er lokalisering ok, men som kontorlokalisering er den ikkje egna. Kontorarbeidsplassar bør konsentrerast sentralt på Osøyro, evt i eit nærsenter.
Teknisk infrastruktur			Vegtilkomst, men ikkje off.VA- anlegg inntil området
Risiko og sårbaranalyse			
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko		Kommentar/tiltak
Ekstremvær			Kan vere noko vindutsett
Flaum			Ikkje slik fare
Skred			Området er dekt av NVE sitt aktsemdskart for utløp av snøskred
Skog/lyngbrann			Ligg inntil skogsbelte

Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende tilhøve
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende tilhøve
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende tilhøve, etablert tilkomst frå fv 137, Hegglandsdalsvegen
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg innanfor aktsemdsone for skred, det er behov for ei skredfarevurdering. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.</p>		

**Samla vurdering av innspelet med tilråding**

<p><b>Innspelet vert frarådd.</b> Det ligg ytterst i senterområdet, og middels måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging, og har negativ konsekvens for landbruk.</p>	
--	--



### 3.3. Samla vurdering for krins Osøyro, Bjånes og Kuven

Det er lagt til grunn at bustadbygging skal skje innafor eksisterande infrastruktur og langs kollektivaksar. Bustadbygginga skal stø opp om vedteken senterstruktur. I Osøyro, Kuven og Bjånes er det nok ledig bustadareal i senterområdet til å dekke bustadbehovet fram til 2040. Nye bustadområde i krins Osøyro, Bjånes og Kuven er på om lag 202 daa. Om lag 156 daa av desse er foreslått innafor fortettingssone eller byggesone for Osøyro.

	Frarådd	Vilkår	Tilrådd
Bustad	13		8
Næring			2
Naust	1		1
Offentleg			2
Anna	3		1
Samla areal i daa (ca)	224	0	42

Det generelle bilete viser at for dei fleste innspela som vert frarådd, så skuldast dette at dei er i konflikt med kjerneområde landbruk / omsynssone landbruk i gjeldande kommuneplan. Dette er ikkje ei uventa konflikt i område som Osøyro, Bjånes og Kuven, der landbruksverdiene er store og det er arealpress. For ein del av innspela vil det vere vanskeleg å få til god terrengtilpassing og unngå negativ fjernverknad for landskap med stor verdi.

Innspela som er tilrådd har generelt mindre arealkonsekvensar og ligg innafor senterstrukturen.

I denne krinsen er det mange bustadområde som er frarådd. Fire innspel som peikar seg særleg uheldig ut er:

Bustadfelt i krinsen Osøyro, Bjånes og Kuven, som er særleg uheldige:	
Osøyro 107	Ligg i landskapsområde med stor verdi, i kjerneområde landbruk, og er i konflikt med automatisk freda gravhaug. Ligg utanfor senterområde for Osøyro.
Osøyro 239/351	Ligg i landskapsområde med stor verdi og i strandsona for Ulvenvatnet. Kjerneområde landbruk.
Osøyro 259	Ligg i landskapsområde med stor verdi, og langs regionalt verneverdig veg og bygningsmiljø med klar kulturhistorisk verdi. Ligg i funksjonell strandsona og innafor kjerneområde landbruk.
Osøyro 339	Ligg i landskapsområde med stor verdi og i strandsona for Ulvenvatnet. Ligg i gul og raud støysone frå veg og frå betongverk. Mogleg hekkeområde for vipe (EN). Området er kartlagt som geologisk arv. Ligg i kjerneområde landbruk.

### 3.4. Vurdering etter naturmangfaldlova for krins Osøyro, Bjånes og Kuven

I kapittel 2.5 er det gjort greie for korleis Naturmangfaldlova er vurdert. Under fylgjer vurderingane som gjeld for krins Osøyro, Bjånes og Kuven. Forskrift om utvalde naturtypar jf. § 53 er og diskutert, medan prioriterte artar jf. § 23 er ikkje registrert i Os kommune.

#### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Av dei område med sparsamt kunnskapsgrunnlag er det nødvendig med synfaringar i dok 100, 107, 259 fordi det her er potensial for naturverdiar. I tillegg bør det utførast marine granskingar i område dok 32. Ideelt sett burde det og vore synfaringar i områda med dok 154 og 377, men desse har ikkje så stort potensial for naturverdiar. Med unntak av områda med dok nr. 107, 259 og 32, er det eit godt kunnskapsgrunnlag for vurdering av områda sin naturverdi.

Når det gjeld verknader (*omfang, jf. naturmangfaldlova «effekter av påvirkning»*) og konflikt, blir det ein noko mangelfull vurdering på grunn av manglande detaljar om tiltaka. På bakgrunn av at det her difor er sett føre seg eit totalt arealbeslag, er vurderingane om verknad og konflikt vurdert som tilstrekkelege unntatt for områda med dok nr. 107, 259 og 32, fordi verdien for naturmangfald ikkje er kjend her.

### § 9 Føre-var-prinsippet

Det er vurdert at kunnskapsgrunnlaget for verdisettinga, verknader og konflikt, med unntak av områda med dok nr. 107, 259 og 32, er godt nok for vurdering av områda sin naturverdi for vidare planlegging på eit overordna nivå som dette. For desse kjem truleg difor ikkje føre-var-prinsippet til bruk. Når det gjeld områda med dok nr 100, 107, 25, som er vurdert med potensial for naturverdier, kjem truleg føre-var-prinsippet i bruk.

### § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Samla belastning i høve til naturmangfaldlova § 10 er summen av påverknad både frå desse tiltaka, og frå eksisterande påverknad og eventuelle framtidige tiltak. Eit stort tiltak som planleggast for Os kommune er ny E39, men slik som dei ulike valalternativa er foreslått, så vil ikkje krinsen Osøyro, Bjønnes og Kuven bli påverka. Den vurderast difor ikkje som ein del av den samla belastninga for denne krinsen. Når det gjeld den samla belastninga for denne krinsen er det difor fokusert på dei samla arealinngrepa skildra i dei ulike innspela. Vidare skal det vere særleg fokus på om tiltaket gjer at forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 ikkje blir nådde. Nedanfor er dei viktigaste momenta i høve til tiltaka si samla belastning omtalt.

Fleire av områda omtalt her er viktige leveområde for arealkrevjande fuglearter, mellom anna fleire rovfuglartar, men særleg for vipe, som er ein sterkt trua art (EN) i Noreg jf. raudlista for artar (2015) og etter at viltrapporten for Os kommune blei publisert (2006) har i følgje Fylkesmannen i Vestland (ved Olav Overvoll), vipebestanden gått sterkt tilbake. Ein ytterlegare forringing av habitata for vipe kan difor være i strid med forvaltningsmåla for arten (jf. § 5).

Rennande elvevatn er ein raudlista naturtype (NT) som var funnen i område dok 259 (ID 258) og det blei registrert fleire lokalitetar med den utvalde naturtypen hol eik (sjå nedanfor).

#### 3.4.1. Forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova

Sidan det og er registrert ein utvald naturtype jf. naturmangfaldlova, hol eik, er denne diskutert her etter forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Definisjonen av hule eiker i denne forskrifta er «*Med hule eiker menes eiketrær som har en diameter på minst 63 cm, tilsvarende omkrets på 200 cm, samt eiketrær som er synlig hule og med en diameter på minst 30 cm, tilsvarende omkrets på minst 95 cm. Diameter og omkrets måles i brysthøyde (1,3 m) over bakken. Synlig hule defineres til å være eiketrær med et indre hulrom som er større enn åpningen og der åpningen er større enn 5 cm*». Unntatt er hule eiker i produktiv skog».



Naturmangfaldlova § 53 seier at det skal tas særleg omsyn til førekomstar av utvalde naturtypar. I denne krinsen finst hol eik i områda dok 259 og 305/306 (ID 258 og 293) og det vil då være eit vilkår at desse får stå.

### 3.5. Krins 2. Søfteland

Søfteland krins hadde eit innbyggjartal på 2118 pr.01.01.2018, og ein legg opp til at krinsen vil få om lag 10 % av veksten i Os. Søfteland er utpeika som nærssenter i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Det er 5 endringar som ligg i krins Søfteland. Nokre av dei er innspel som er vurdert samla i tabellane under.

Arealformål	Tal	Areal (da)
<b>Boligbebyggelse</b>	3	87
<b>Offentlig eller privat tjenesteyting</b>	1	4
<b>Spredt boligbebyggelse</b>	1	7
<b>Totalsum</b>	<b>5</b>	<b>98</b>






## Søfteland 189, 193 – bustad

ID 185

16/22679

<p><b>Føremål i dag:</b>  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> bustad (utviding av dagens bustadområde)  <b>Forslagsstillar:</b> Jostein Søfteland v/Olav Søfteland  <b>Gbnr:</b> 8/30  <b>Areal storleik:</b> 56 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Ligg innafor ytre sone senterstruktur Søfteland – «byggesone»</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Lyshornet, dels også Søfteland (middels verdi) der utbygging opp mot Bjørnåsen og Søftelandsfjellet er uheldig. Er eksponert ut mot Gåsakilen-Vindalsvatnet (middels verdi). Viktig å unngå utbygging i åssidene.
Støy		
Naturmangfald		Delar av området ligg innanfor eit viktig viltområde for hekkande kvitryggspett og storfugl vurdert som svært viktig i viltrapporten for Os kommune.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjende
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Sykkelavstand til skule (ca. 700 m) og nærsenter, men ikkje gang og sykkelveg. Gang- og sykkelveg langs hovudvegen. Tap av antatt viktig samanhengande grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser.
Landbruk		Største delen av området består av barskog av særskilt høg bonitet, i tillegg til noko innmarksbeite.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er i utkanten av sykkelavstand til skule og nærsenter. Det er gangavstand til daglegvare og høgfrekvent kollektivhaldeplass. Transport til Osøyro og handelssenter vil vere bilbasert. Området ligg innafor senterområdet for Søfteland
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i nærområdet. Lokalveg i nærområdet
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Området ligg i større samanhengande skogsbelte
Andre uønska hendingar		

Større transportulukker		Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende, men det er ikkje etablert vegtilkomst inn i området

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd på vilkår**, fordi det ligg innafor senterstrukturen på Søfteland. Det bør settast særlege krav til god terrengtilpassing og at fjernverknad vert særleg vurdert. Negative konsekvensar for landbruk.

**ROS- analyse:** Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.

### 3.5.1. Søfteland 239 - bustad

ID: 235  
16/23504

**Føremål i dag:** LNF  
**Framlegg til nytt arealføremål:** Bustad  
**Forslagsstillar:** Olav Valle  
**Gbnr:** 51/668  
**Areal storleik:** 4,4 daa

**Skildring av området:**  
Ligg innafor ytre sone senterstruktur Søfteland – «byggesone»



Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap	Yellow	Middels verdi – Søfteland. Viktig å ta vare på Oselva med randvegetasjon. Bør ikkje tillatast utbygging på elvesletta på Fitjane.
Støy	Green	
Naturmangfald	Yellow	Ingen registrerte naturverdiar her, men basert på flyfoto er det potensial for vipe (EN) her.
Kulturminne og kulturmiljø	Green	Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge	Green	Gangavstand til skule, barnehage, nærsenter og høgfrekvent busshaldeplass, men ikkje gang og sykkelveg. Gang- og sykkelveg langs hovudveg. Ved etablert bustadområde.
Friluftsliv og strandsone	Green	Ingen kjende konsekvensar
Landbruk	Red	Ligg utanfor kjerneområde landbruk, men består av fulldyrka jord.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging	Yellow	Innspelet er i gangavstand til skule, nærsenter og høgfrekvent busshaldeplass. Transport til Osøyro og handelssenter vil vere bilbasert.
Teknisk infrastruktur	Green	Off. VA- anlegg i området. Lett tilkomst via lokalvegnett i eksisterande bustadfelt.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær	Yellow	Kan vere noko vindutsett, flaumfare frå elva hovudsakeleg ved mykje nedbør
Flaum	Yellow	Ligg nært til akksemdsområde for flaum, og er dekkja av omsynssone for Oselva
Skred	Yellow	Det er kartlagt særst stor mulegheit for marin leire i området. Fare for kvikkleireskred må utgreiast nærare
Skog/lyngbrann	Green	Ikkje skog/lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker	Green	Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining	Green	Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur	Green	Ingen kjende, det er etablert vegtilkomst inn til området via bustadområdet



**ROS- analyse:** Området ligg nært Oselva, og er dekkja av omsynssone flaum, ligg i aktsemdsone for flaum, reell flaumfare må utgreiast nærare. Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i området. Aktsemdsone skal merkast som omsynssone i plankart.

### Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd**, grunna omsyn til landbruk og ROS-tema. Ligg i omsynssone for Oselva.

### 3.5.2. Søfteland 244 - bustad

ID: 242  
16/23519

**Føremål i dag:** LNF  
**Framlegg til nytt arealføremål:** Bustad spredt  
**Forslagsstillar:** Jostein Gassand  
**Gbnr:** 2/1  
**Areal storleik:** 2,1 daa  
**Skildring av området:**  
 Ligg utanfor senterstruktur for Søfteland



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap	Yellow	Middels verdi – Haukeland-Hatleli. Viktig med buffer til Lona, elva og naturførekomstane
Støy	Green	
Naturmangfald	Green	Ingen registrerte naturverdiar her, men det ligg rett aust for eit viktig område med den sterkt trua kystmarikåpe (EN)
Kulturminne og kulturmiljø	Green	Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge	Yellow	Ikkje i gang- eller sykkelavstand til skule og nærsenter. Ikkje gang- og sykkelveg i området. Nokre etablerte bustader, og tilgang på uteområder. Noko tap av grøntstruktur
Friluftsliv og strandsone	Green	Ligg inn mot (men utanfor) kartlagt svært viktig friluftsområde
Landbruk	Red	Ikkje i kjerneområde landbruk. Området består av barskog med høg bonitet.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging	Red	Tiltaket ligg utanfor gangavstand til nærsenter, skule, butikk osv. Tilnærma ingen kollektivtilbod
Teknisk infrastruktur	Yellow	Off. VA- anlegg manglar. Ligg inn mot lokalveg. Forslagsstillar melder om at kloakk og borehol er etablert for ei av tomtene allereie
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær	Green	Kan vere noko vindutsett
Flaum	Green	Ikkje slik fare
Skred	Green	Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann	Yellow	Området ligg i større samanhengande skogsbelte
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker	Green	Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining	Green	Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur	Green	Ingen kjende, men det er etablert vegtilkomst inn i området

**ROS- analyse:** Det kan vere ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd.** Det ligg langt utanfor senterstrukturen før Søfteland, og har låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging. Negativ konsekvens for landbruk.

### 3.5.3. Søfteland 274 - bustad

ID 274  
16/25645

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Os Bygg og Eigedom  <b>Gbnr:</b> 8/549, 291  <b>Areal storleik:</b> 26,5 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Ligg innafor ytre sone senterstruktur Søfteland – «byggesone». Forslagsstillar ynskjer å utvide eksisterande reguleringsplan for bustader</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Gåsakilen-Vindalsvatnet. Ein bør unngå utbygging i åssidene, strandsoner og på åskammar. Postvegen som kulturminne og turveg må takast omsyn til.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar her, men basert på flyfoto er mykje av skogen truleg intakt. Ideelt sett bør difor område undersøkast.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjende, men ligg langs den regionalt verneverdige postvegen. Dersom det kjem tiltak i denne – t.d. utbetring til gang- og sykkelveg, eller kryssing med tilførselsveg, vert konsekvens klart negativ.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Langt frå skule, barnehage og andre sørvicetilbud. Ikkje i etablert bustadområde, ikkje etablert g/s veg eller andre vegar. Tap av samanhengande grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg sentralt i eit viktig friluftsområde (nærturterreng)
Landbruk		Størstedelen av området består av barskog med høg bonitet.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Området er i utkanten av sykkelavstand til skule og nærsenter. Det er gangavstand til daglegvare og høgfrekvent kollektivhaldeplass. Transport til Osøyro og handelssenter vil vere bilbasert. Området ligg utanfor ytre avgrensing av senterområde for Søfteland
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg manglar

Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Området ligg i omsynssona for Oselva, men utanfor aktsemdssona for flaum
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i større skogbelte
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende, det er ikkje etablert vegtilkomst inn i området
<b>ROS- analyse:</b> Mindre deler av områda ligg i aktsemdsone for flaum. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik, dersom det oppstår skog/lyngbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.		

### Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd** med grunnlag i konsekvensar for landskap, kulturminne og friluftsliv.

### 3.6. Samla vurdering for krins Søfteland

Det er lagt til grunn at bustadbygging skal skje innafør eksisterande infrastruktur og langs kollektivaksar. Bustadbygginga skal stø opp om vedteken senterstruktur. Føreslått senterområde kan ta meir enn den forventa veksten for heile krinsen fram til 2040. Nye bustadområde / spredt bustad i krinsen Søfteland er på om lag 94 daa. Om lag 86 av desse er foreslått innafør fortettingssone eller byggesone for Søfteland.

	Frarådd	Vilkår	Tilrådd
Bustad	3	1	0
Samla areal i daa (ca)	38	56	0

Tre av dei fire vurderte nye bustadområda vert frarådde.

Det generelle biletet viser at dei frarådde innspela har låg måloppnåing når det gjeld senterstrukturen på Søfteland og/eller har negative konsekvensar for landbruk, landskap og/eller kulturminner.

### 3.7. Vurdering etter naturmangfaldlova for krins Søfteland

I kapittel 2.5 er det gjort greie for korleis Naturmangfaldlova er vurdert. Under fylgjer vurderingane som gjeld for krins Søfteland. Utvalde naturtypar jf. § 52 er ikkje registrert i denne krinsen og er difor ikkje diskutert, medan prioriterte artar jf. § 23 er ikkje registrert i Os kommune.

#### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Av dei område med sparsamt kunnskapsgrunnlag er det truleg nødvendig med synfaring i område med dok nr 274 fordi det her er potensial for naturverdiar. Ideelt sett burde det og vore supplerande synfaringar til områda med dok nr. 189/193 og 188, men her er det kjende naturverdiar. Med unntak av område med dok nr 274 er det eit godt kunnskapsgrunnlag for vurdering av områda sin naturverdi. Når gjeld verknader (*omfang jf. naturmangfaldlova «effekter av påvirkning»*) og konflikt, er det tilstrekkelege vurderingar unntatt for dok nr 274 fordi verdien for naturmangfald ikkje er kjend her.

#### § 9 Føre-var-prinsippet

Det er vurdert at kunnskapsgrunnlaget for verdisettinga, verknader og konflikt, med unntak av området med dok nr. 189/193 er godt nok for vurdering av områda sin naturverdi for vidare planlegging på eit overordna nivå som dette. For desse kjem truleg difor ikkje føre-var-prinsippet til bruk. Når det gjeld område med dok nr 274, som er vurdert med potensial for naturverdiar, kjem truleg føre-var-prinsippet i bruk.

#### § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Samla belastning i høve til naturmangfaldlova § 10 er summen av påverknad både frå desse tiltaka, og frå eksisterande påverknad og eventuelle framtidige tiltak. Eit stort tiltak som planleggast for Os kommune er ny E39, men slik som dei ulike vegalternativa er foreslått, så vil ikkje krinsen Søfteland bli påverka. For denne krinsen gjeld difor arealinngrepa skildra i dei ulike innspela. Vidare skal det vere særleg fokus på om tiltaket gjer at forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 ikkje blir nådde.

Her vert det omtalt dei viktigaste momenta i høve til tiltaka si samla belastning for krinsen Søfteland. To av områda (dok nr. 189/193) omtalt her ligg i svært viktige viltområde for hekkande kvitryggspet og storfugl. Sidan dei ligg nær kvarandre og nær yttergrensa for dette viltområdet, så vil tiltaka gi ein svak negativ forringing av viltområde. Vipe (EN) er ikkje registrert i områda for innspel her, anna enn at det er potensial for arten i område med dok nr. 239.

Det vart ikkje funne raudlista naturtypar (2018) her i dei ulike områda for innspela.


### 3.8. Krins 3. Søre Neset

Søre Neset hadde eit innbyggjartal på 3297 pr.01.01.2018 og var då nest største krins i kommunen i folketal. Krinsen har hatt ei stor utbygging dei siste 10-åra, men det er venta at utviklinga vil flate ut. Det er planlagt for at Søre Neset skal ha om lag 5 % av veksten i kommunen. Søre Neset ligg på den regionale hovudstamvegen mellom Bergen og Stavanger, og E39 deler krinsen. Halhjem er foreslått å vere senterområde for Søre Neset, med oppbygging av ulike senterfunksjonar rundt Halhjem kafé og den planlagde nye butikken ved Marivegen. Dei sentrale utviklingsområda vil først kunne utviklast fullt ut når ny bru over Bjørnafjorden er på plass og E39 er lagt utanom krinsen.

Det er gjort 32 endringar som ligg i krins Søre Neset. Nokre av dei er innspel som er vurdert samla i tabellane under.


Arealformål	Tal
Akvakultur	1
Andre typer bebyggelse og anlegg	9
Boligbebyggelse	15
Fritidsbebyggelse	6
Næringsvirksomhet	1
Sentrumsformål	1
Småbåthavn	1
<b>Totalsum</b>	<b>34</b>





### 3.8.1. Søre Neset 21, 120 - naust

ID 18 og 22  
21: 14/37167  
120: 16/20610

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> To naustområde  <b>Forslagsstillar:</b> Bjørn Orrebakken  <b>Gbnr:</b> 44/1  <b>Areal storleik:</b> 1,4 + 0,6 daa</p> <p>Skildring av området:</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Ferstad-Bjørnen. Unngå ytterligere privatisering/nedbygging av strandsone. Sprekkedalen Vargavågen – Naustvågen som landskapsdrag er viktig.
Støy		
Naturmangfald		Her er ingen registrerte naturverdiar, men rik berggrunn og vestvendt lauvskogsli (ID 18) og sørvendt (ID 22) indikerer naturverdiar. Områda bør difor kartleggast.
Kulturminne og kulturmiljø		Ca 60 meter sørvest for det austre naustområdet ligg eit automatisk freda klebersteinsbrot. Naust inne i denne vågen vil kunne gje negativ visuell påverknad på kulturminnet. Området er elles relativt urørt.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av samanhengande grøntstruktur, elles er tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsone		Ligg innanfor funksjonell strandsone. Det går fleire stiar rundt vågen, og begge naustområda har sti i bakkant. Områda er del av eit svært viktig friluftsområde (særleg kvalitetsområde).
Landbruk		Områda består av lauvskog/blandingsskog og barskog med særst høg og høg bonitet.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Det austre naustområdet ligg inn mot Bjørnavegen. Det vestre ligg utan tilkomst frå veg i dag
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak

Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo
Flaum		Områda i strandsona kan verte råka av stormflo og framtidig havnivåstiging
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i større skogsbelter
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende, det er ikkje etablert vegtilkomst til område 1
<p><b>ROS- analyse:</b> Områda ligg i strandsona, og det må visast omsyn til stormflo og havnivåstiging ved bygging nære strandsona. Havnivåstiging kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag.</p> <p>Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd** med grunnlag i konsekvensar for friluftsliv, kulturminne og landskap.

### 3.8.2. Søre Neset 28 - bustad

Id 20  
15/7475

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Gerd Elin Halhjem  <b>Gbnr:</b> 44/6  <b>Areal storleik:</b> 51,3 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>          Ein mindre del av området i vest ligg innafor fortettingssone for Søre Neset. Resten av området ligg innafor byggesone for senterområdet. Del av området ligg nært opp mot Grødalshaugen.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Ligg i all hovudsak i område med verdi stor – Ferstad – Bjørnen. Unngå ytterligere utbygging av nye høgtliggande byggjeområde i åsar. Sprekkedalen Vargavågen – Naustvågen som landskapsdrag er viktig. Dette er lengst vest i arealet
Støy		Ligg i gul og raud støysoner frå veg
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar her, men basert på flyfoto, har området eit samanhengande skogsområde med bar- og lauvtrær, og er truleg utan særlege naturverdiar. Området bør undersøkast
Kulturminne og kulturmiljø		Sørlege delar langs Bjørnavegen er ok, men nordaustre del grensar inn mot automatisk freda bergkunst (Grødalshaug). Her er også automatisk freda klebersteinsbrot. Bustadområde 20 meter frå kulturminna vil ha stor negativ visuell påverknad
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Gangavstand til skule og barnehage, men ikkje gang og sykkelveg. Nær eksisterande bustadområde. Tap av større samanhengande grøntstruktur
Friluftsliv og strandsone		Austre del av området ligg innafor eit svært viktig friluftsområde (særleg kvalitetsområde)
Landbruk		Området består i hovudsak av barskog med særleg høg bonitet. I tillegg finst eit lite område i nordvestre del med innmarksbeite
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket ligg nært nærsenter og høgfrekvent kollektivhaldeplass, og i nærleiken av skule. Transport til Osøyro og handelscenter vil vere bilbasert
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området, og ligg langs Bjørnavegen
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i større skogsbelte, men grensar mot veg

Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende, men det er etablert vegtilkomst inn i området
<b>ROS- analyse:</b> Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreducerande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen inn i heile området. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.		


**Samla vurdering, tilråding**

<b>Innspelet vert frarådd</b> med grunnlag i konsekvensar for friluftsliv, landskap, kulturminne og landbruk. Eit mindre og meir tilpassa areal kan vere aktuelt.	
---	--



### 3.8.3. Søre Neset 29 - bustad

ID: 21  
15/7476

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Gerd Elin Halhjem  <b>Gbnr:</b> 44/6  <b>Areal storleik:</b> 10,5 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innafør senterområde for Søre Neset.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi - Særvoll-Lunde. Utbygging i randsonene bør tilpassast møtet med overordna kulturlandskap. Legg til grunn god terrengtilpassing.
Støy		Ligg i gul og raud støysone frå veg
Naturmangfald		Den sørlege delen har fleire førekomstar av den utvalde naturtypen hol eik, medan den nordlege delen er utan registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Gangavstand til skule og barnehage, men ikkje gang og sykkelveg. G/s veg langs hovudveg mot Osøyro. Nær eksisterande bustadområde. Tap av samanhengande grøntstruktur1
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende konsekvensar
Landbruk		Størestedelen av området består av lauvskog med høg bonitet. Ein liten del i nordaust er overflatedyrka jord
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket ligg nært nærsenter og høgfrekvent kollektivhaldeplass, og i nærleiken av skule. Transport til Osøyro og handelscenter vil vere bilbasert
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i nærområdet. Ligg inn mot fylkesveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i mindre skogsbelte, men grensar mot veg på ei side
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		E39 passerer området, men tiltaket aukar ikkje fare for slik ulukke
Utslepp, akutt ureining		Trafikk frå E39 fører til støy og støv, men tiltaket aukar ikkje slik ureining
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend

**ROS- analyse:** Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår skog/lyngbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen.

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd**, fordi det ligg innafor senterstrukturen for Søre Neset, og har moderate konsekvensar / konfliktpotensial



### 3.8.4. Søre Neset 31 - fritidsbustad

ID 24  
 15/7478

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Fritidsbustad  <b>Forslagsstillar:</b> Gerd Elin Halhjem  <b>Gbnr:</b> 44/6  <b>Areal storleik:</b> 24,4 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Tomta ligg innanfor 100 meters belte langs sjøen og innanfor den funksjonelle strandsona.</p> <p>Sjåast i samanheng med dok 60 og 336</p>	
--	---

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Innarøy-Gulholmane. Urørt strandsona med samanhengande skogsområde bør takast vare på. Bør ikkje opnast for nye byggeområde og ev. nye hytter bør avgrensast og leggest til Ytterøya og Ramsholmen som alt er påverka av hyttefelt. Denne delen av øya er derimot urørt.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar, men jf. flyfoto er det eit samanhengande skogsområde her, truleg med furu. Området bør kartleggast
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje relevant for innspelet
Friluftsliv og strandsona		Området ligg innafor funksjonell strandsona og viktig friluftsområde (strandsona med tilhøyrande sjø og vassdrag). Ein liten del i nord er statleg sikra friluftsområde
Landbruk		Området består av barskog med særskilt høg bonitet
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg manglar
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo
Flaum		Området ligg også i aktsemdssona for flaum, kan verte råka av stormflo og framtidig havnivåstiging

Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende, men grensar til sjø, ingen fastlandssamband
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona på ei øy. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstiging ved bygging nære strandsona. Havnivåstiginga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag.</p> <p>Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skog/lyngbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreducerande tiltak bør skog ryddast. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare, sikre gode lokale løysingar for brannslukking.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding


**Innspelet vert frarådd** med grunnlag i konsekvensar først og fremst for landskap, strandsona og friluftsliv. Nordre del av øya bør vere ubebygd.

### 3.8.5. Søre Neset 38, 44 - bustad

Id 35

38: 15/25051

44: 15/29646

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Laila Diana Molland og Geir Halhjem  <b>Gbnr:</b> 44/38 og 44/19  <b>Areal storleik:</b> 31,6 daa  <b>Skildring av området:</b>                  Området ligg innafør fortettingssone for senterområdet Søre Neset. Forslagsstillarane ynskjer at buffer mot sjø vert omgjort til bustad.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi - Halhjem. Unngå ytterligere privatisering/nedbygging av strandsona
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Sykkelavstand til skule og barnehage, men ikkje gang og sykkelveg. G/s veg langs hovudveg mot Osøyro. Nær nokre små eksisterande bustadområde. Tap av samanhengande grøntstruktur
Friluftsliv og strandsona		Ligg innafør kartlagt friluftsområde (strandsona med tilhøyrande sjø og vassdrag) med middels verdi (viktig). Heile arealet ligg også innafør funksjonell strandsona
Landbruk		Området består delvis av lauvskog på mark med sær s høg bonitet, delvis av bebygd areal.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket ligg nært nærsenter og høgfrekvent kollektivhaldeplass, og i nærleiken av skule. Transport til Osøyro og handelscenter vil vere bilbasert
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot bustader med lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo
Flaum		Mindre deler av området ligg i aktsemdssona for flaum, kan verte råka av stormflo og framtidig havnivåstiging


Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ikkje direkte skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men relativt smalt sund med båttrafikk i sjøen ved området
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend, det er etablert vegtilkomst inn i området
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg mot strandsona, og mindre del av området ligg som aktsemdsområde for flaum. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstiging ved bygging nære strandsona. Havnivåstiginga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag.</p> <p>Omsynssone for stormflo og havnivåstiging skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5 (inkl.noko bølgepåkverknad). Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd** med grunnlag i konsekvensar for landskap, friluftsliv og strandsona.

### 3.8.6. Søre Neset 40, 152 – fritidsbustader

ID 38, 39, 40 og 133  
15/26549

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Hytte  <b>Forslagsstillar nordre del:</b> John Alan Haugland  <b>Gbnr:</b> 42/2  <b>Areal storleik:</b> 15,6 daa  <b>Forslagsstillar søndre del:</b> Rolf Henning Koldal  <b>Gbnr:</b> 42/223, 229  <b>Areal storleik:</b> Om lag 4 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innanfor 100 meters belte og innanfor den funksjonelle strandsona.</p>	
---	---

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Innarøy-Gulholmane. Urørt strandsona med samanhengande skogsområde bør takast vare på. Bør ikkje opnast for nye byggeområde. Unngå utbygging langs Kvaesundet
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar. Jf. flyfoto er det mykje planta gran her
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente innafor området, men ligg ned mot Kvaesundet og historisk handelsanlegg med hovudbygning og sjøbu med handelsbu. Relativt urørt område. Hytteområde vil ha negativ visuell påverknad
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av samanhengande antatt viktig grøntstruktur. Tema elles ikkje relevant
Friluftsliv og strandsona		Områda ligg i stor grad innafor funksjonell strandsona, og innafor eit viktig friluftsområde (strandsona med tilhøyrande sjø og vassdrag)
Landbruk		Områda består av blandingsskog med særskilt høg bonitet
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ingen Off. VA- anlegg. Øy
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak


Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo
Flaum		Del av området ligg i aktsemdssona for flaum, og strandsona kan verte råka av stormflo og framtidig havnivåstiging
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men relativt smalt sund med båttrafikk i sjøen ved området
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona på ei øy, del ligg som aktsemdsone for flaum. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstiging ved bygging nærre strandsona. Havnivåstiging kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skog/lyngbrann i området, særskild fare etter lengre tørkeperiodar. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare, sikre gode lokale løysingar for brannslukking.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådde**, fordi dei ligg ned mot Kvalsundet, og har negative konsekvensar / stort konfliktpotensial for landskap, friluftsliv, kulturminne, strandsone og landbruk.

### 3.8.7. Søre Neset 52 - bustad

ID 47  
15/38439

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> 4 tomter  <b>Forslagsstillar:</b> Hans Terje Særvold  <b>Gbnr:</b> 40/1  <b>Areal storleik:</b> 10,4</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg på utafor ytre avgrensing av senterområde for Søre Neset.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Særvoll-Lunde. Viktig med omsyn til den opne, småskala og spreidd bygde landskapskarakteren med sprekkdalar og småkupert terreng
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar anna enn eit hjortetrekk i den vestlege delen.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Langt til skule og barnehage, og ikkje gang og sykkelveg. Ikkje nær eksisterande bustadområde. Tap av samanhengande grøntstruktur
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende konsekvensar
Landbruk		Vestre del av området består av overflatedyrka jord og austre del består av lauvskog med sær s høg bonitet
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket ligg i ytterkant av gangavstand til nærsenter og skule og har dårleg kollektivdekning. Transport til Osøyro, daglegvare og til handelssenter vil vere bilbasert.
<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Gunstein Dyrdal  <b>Gbnr:</b> 47/1  <b>Areal storleik:</b> 10,4 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg utanfor avgrensing av senterområde for Søre Neset.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Kuvågen. Unngå fragmentering av randsoner og grøntstruktur, og inngrep i strandsone
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar, men fleire raudlista artar er kjend nordvest for området. Området er nordvendt, har relativ rik berggrunn og jf. flyfoto er område skogsdekt. Her er potensial for viktig natur og området bør undersøkast.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente, men naustmiljø og automatisk freda nausttuft i nærleiken.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Gangavstand til skule og barnehage, men ikkje gang og sykkelveg. Mogelegheit for gange og sykling langs gamlevegen. Nær eksisterande bustadområde. Tap av antatt viktig samanhengande grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende konsekvensar.
Landbruk		Området består av blandingsskog med særst høgt bonitet
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket har sykkelavstand til skule og nærsenter. Transport til Osøyro, daglegvarer og til handelssenter vil vere bilbasert. Kollektivhaldeplass er utanfor gangavstand
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		


Større transportulukker		Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende
<b>ROS- analyse:</b> Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår skog/lyngbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak må skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd.</b> Det ligg utanfor senterstruktur for Søre Neset, og har låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging. Det er negative konsekvensar for landbruk, og jamt over negative følgjer for fleire tema.	
---	--

### 3.8.27. Søre Neset 295 - bustad

ID 367  
 16/29247

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Glenn Erik Haugland  <b>Gbnr:</b> 42/8, «Åsen»  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Området ligg utafor ytre avgrensing av senterområde for Søre Neset.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Særvoll-Lunde. Viktig med omsyn til den opne, småskala og spreidd bygde landskapskarakteren med sprekkdalar og småkupert terreng
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar, men jf. flyfoto er det potensial for vipe (EN)
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Kort gangavstand til skule og barnehage, men ikkje gang og sykkelveg. G/s veg langs hovudveg mot Osøyro. Et stykke frå eksisterande bustadområde. Tap av noko grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		I sørvest er området del av eit svært viktig friluftslivsområde (særlig kvalitetsområde).
Landbruk		Området er ein mosaikk mellom fulldyrka mark, innmarksbeite, bebygd areal og lauvskog med sær s høg bonitet
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket ligg i gangavstand til nærsenter og høgfrekvent kollektivhaldeplass og skule. Transport til Osøyro og handelssenter vil vere bilbasert. Området ligg utanfor ytre avgrensing av senterområde for Søre Neset.
Teknisk infrastruktur		Det er ikkje off. off. VA- anlegg i området
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Grensar til større skogsbelte



Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende
<b>ROS- analyse:</b> Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak må skog/lyng ryddast rundt. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd**, fordi det ligg utanfor senterområdet, har jamt over fleire negative konsekvensar, og har ikkje optimal måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging.

### 3.8.28. Søre Neset 296 - bustad

ID 2  
 16/29249

**Føremål i dag:** LNF  
**Framlegg til nytt arealføremål:** Bustad  
**Forslagsstillar:** Glenn Erik Haugland  
**Gbnr:** 42/8, og 10 «Dalen»  
**Areal storleik:**

**Skildring av området:**



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Særvoll-Lunde. Viktig med omsyn til den opne, småskala og spreidd bygde landskapskarakteren med sprekkdalar og småkupert terreng
Støy		
Naturmangfald		I den austlege delen er det registrerte ein hol eik som er ein utvald naturtype jf. Naturmangfaldlova. Dei opne markane på flyfoto viser og potensial for vipe (EN)
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Kort gangavstand til skule og barnehage, men ikkje gang og sykkelveg. G/s veg langs hovudveg mot Osøyro. Ved eksisterande bustadområde. Tap av noko grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Området består i hovudsak av fulldyrka jord, og litt lauvskog på impediment.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket ligg i gangavstand til nærsenter og høgfrekvent kollektivhaldeplass og skule. Transport til Osøyro og handelssenter vil vere bilbasert. Området ligg utanfor ytre avgrensing av senterområde for Søre Neset.
Teknisk infrastruktur		Det er ikkje off. off. VA- anlegg i området
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare

Skog/lyngbrann		Ikkje skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende
<b>ROS- analyse:</b> Ingen vesentleg konflikt med samfunnstryggleik er avdekka.		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert frarådd.</b> Det ligg utanfor senterstruktur for Søre Neset og har ein del negative konsekvensar, sterkast for landbruk.</p>	
---	--

### 3.8.29. Søre Neset 336 - fritidsbustad

Id 329

JNR 17/34452

**Føremål i dag:** LNF  
**Framlegg til nytt arealføremål:** fritidsbustad  
**Forslagsstillar:** Arne Halhjem  
**Gbnr:** 44/4  
**Areal storleik:** 8,8 daa

**Skildring av området:**  
 Grensar inn til eit område som er sett av til hytter.

Sjåast i samanheng med dok 31 og 60.



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Innarøy-Gulholmane. Urørt strandsone med samanhengande skogsområde bør takast vare på. Bør ikkje opnast for nye byggeområde og ev. nye hytter bør avgrensast og leggast til Ytterøya og Ramsholmen som alt er påverka av hyttefelt.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar. Området bør undersøkast.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av grøntstruktur. Tema elles ikkje relevant for tiltaket.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innafør eit viktig friluftsområde (strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag). Er vist som ikkje-funksjonell strandsone.
Landbruk		Området består av barskog av sær s høg bonitet, men ligg inneklemt mellom hytter.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ingen Off. VA- anlegg i nærområdet. Øy
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området i strandsona ligg innanfor aktsemdsone for flaum, bli utsett for stormflo og framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende

Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende, grensar til sjø, ingen fastlandssamband
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona på ei øy. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstiging ved bygging nærre strandsona. Havnivåstiging kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag.</p> <p>Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik, dersom det oppstår skog/lyngbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak må skog/kratt ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare, sikre gode lokale løysingar for brannslukking.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert tilrådd</b>, då området til dels er bygd ut allereie, og ligg utanfor funksjonell strandsona.</p>	
--	--

### 3.8.30. Søre Neset 372 – bustad

ID 355

Jnr. 18/35943

**Føremål i dag:** LNF

**Framlegg til nytt arealføremål:** Bustad

**Forslagsstillar:** Tor A. Lunde

**Gbnr:** 45/1

**Areal storleik:** 7,9 daa

**Skildring av området:**

Området ligg utanfor senterområde for Søre Neset.



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Særvoll-Lunde. Viktig med omsyn til den opne, småskala og spreidd bygde landskapskarakteren med sprekkdalar og småkupert terreng
Støy		
Naturmangfald		I den nordlege delen er det ei hol eik som er ein utvald naturtype, vurdert som svært viktig
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Gangavstand til skule og barnehage. Mogelegheit for gange og sykling langs gamlevegen. Nær eksisterande bustadområde. Tap av samanhengande grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser i databaser, men sti gjennom området bør oppretthaldast.
Landbruk		Området består delvis av innmarksbeite, delvis av bebygd areal
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket ligg rett ved dagens skule, i gangavstand til høgfrekvent kollektivhaldeplass og i sykkelavstand nærsenter. Transport til Osøyro og handelscenter vil vere bilbasert
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Ligg ved lokalveg, og nær fylkesveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Området ligger innanfor området med liten moglegheit for marin leire. Faren for kvikkleire må bli utreda nærare.
Skog/lyngbrann		Ikkje skog- lyngområde

Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende, grensar til skuleområde
<b>ROS- analyse:</b> Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt liten mulighet for marin leire i området. Evt. aktsømsone skal merkast som omsynsone i plankart.		


Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd.</b> Det ligg utanfor senterstruktur for Søre Neset, og har middels måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging	
--	--




### 3.8.31. Søre Neset 373 – næring (hotell og utleigehytter)

ID 356

<p><b>Føremål i dag:</b>  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b>                  Hotell og utleigehytter, offentlig/ næring og/eller bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Karen M. Pettersen  <b>Gbnr:</b> 42/6  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Området ligg utafor ytre avgrensing av næraste senterområde. Porsholmane er eit flott naturområde og blir mykje brukt av båtfolket. Tilnærma urørt øy.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
<b>Miljø</b>		
Landskap		Stor verdi – Innarøy-Gulholmane. Urørt strandsone med samanhengande skogsområde bør takast vare på. Bør ikkje opnast for nye byggeområde
Støy		
Naturmangfald		Her er ingen registrerte naturverdiar, men jf. flyfoto er dette eit samanhengande skogsområde med nokre myrer innimellom. Lite kartlagt. Her er potensial for raudlista naturtypar
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente. Truleg lite kartlagt.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av antatt viktig samanhengande grøntstruktur. Tema elles ikkje relevant for tiltaket
Friluftsliv og strandsone		Området ligg i kartlagt viktig friluftsområde (strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag)
Landbruk		Området består delvis av barskog av særskilt høg bonitet, delvis av barskog på impediment
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket vil gje meir transport til området. Ingen kollektivtilbod
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i nærområdet. Øy
<b>Risiko og sårbaranalyse</b>		
Naturhendingar, naturrisiko	<b>Risiko</b>	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Deler av området ligg i strandsona, fare for stormflo og framtidig havnivåstigning. Delar av området ligg også i aktsemdsone for flaum.
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i større skogsbelte
<b>Andre uønska hendingar</b>		
Større transportulukker		Ikkje kjende
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Manglande vegtilkomst
<b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona på ei øy. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging nær strandsona. Havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på		

land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det vil oppstå fare for liv og helse/samfunnstryggleik, dersom det oppstår skog/lyngbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare, det må leggjast til rette for gode løysingar for brannslukking.



Samla vurdering av innspelet med tilråding

**KU: Innspelet vert frarådd**, grunna omsyn til landskap og naturmangfald. Øya er bortimot urørt.



### 3.8.32. Søre Neset 374 – offentlig

ID 369  
18/36053

**Føremål i dag:** LNF  
**Framlegg til nytt arealføremål:** Offentleg (barnehage)  
**Forslagsstillar:** Karen M. Pettersen  
**Gbnr:** 42/6  
**Areal storleik:**  
**Skildring av området:**



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap	Red	Middels verdi – Særvold-Lunde. Viktig med omsyn til den opne, småskala og spreidd bygde landskapskarakteren med sprekkdalar og småkupert terreng
Støy	Green	
Naturmangfald	Yellow	Ingen registrerte naturverdiar er registrert her, men delar av det skogkledde arealet vender mot sør og vest, noko som indikerer at det kan vere varmekjære tre her. Dei opne markene har potensial for vipe (EN). Ei enkel synfaring vert tilrådd.
Kulturminne og kulturmiljø	Green	Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge	Yellow	Kort gangavstand til skule og barnehage, men ikkje gang og sykkelveg. G/s veg langs hovudveg mot Osøyro. Tap av noko grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone	Green	Ingen kjende interesser
Landbruk	Red	Området består i hovudsak av fulldyrka og overflatedyrka jord, samt litt lauvskog av særskilt høg bonitet.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging	Yellow	Tiltaket ligg i gangavstand til nærsenter og høgfrekvent kollektivhaldeplass og skule. Transport til Osøyro og handelssenter vil vere bilbasert. Området ligg utanfor ytre avgrensing av senterområde for Søre Neset.
Teknisk infrastruktur	Green	Off. off. VA- anlegg i nærområdet
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær	Green	Kan vere noko vindutsett

Flaum		Ikkje slik fare	
Skred		Ikkje slik fare	
Skog/lyngbrann		Ligg inntil område med skog	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ingen kjende	
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende	
<b>ROS- analyse:</b> Det kan vere ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår brann, området grensar til større skog. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak må skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøva og skogbrannfare.			

### **Samla vurdering av innspelet med tilråding**

<b>Innspelet vert frarådd</b> Det ligg utanfor senterstruktur for Søre Neset og har ein del negative konsekvensar.	
--	--

### 3.9. Samla vurdering for krinsen Søre Neset

Det er lagt til grunn at bustadbygging skal skje innafør eksisterande infrastruktur og langs kollektivaksar. Bustadbygginga skal stø opp om vedteken senterstruktur. Føreslått senterområde for Søre Neset kan ta meir enn den forventa veksten for heile krinsen fram til 2040. Nye bustadområde i krinsen er på om lag 160 daa. Om lag 105 daa av dette er foreslått innafør fortettingssone eller byggesone for Søre Neset

	Frarådd	Vilkår	Tilrådd
Bustad	12	3	1
Naust/småbåthamn	3		4
Fritidsbustad	3		2
Rorbu			1
Senterområde		1	
Akvakultur			1
Næring	1		1
Samla areal i daa (ca.)	158	48	34

I denne krinsen er 3 bustadområde tilrådd på vilkår innafør landskapsområdet Særvoll-Lunde. Vilkåret er tilpassing til kulturlandskap og eksisterande bygningsmiljø, og at det vert gjort ei ytterlegare siling mellom bustadinnspela. I dette kulturlandskapet er det viktig å oppretthalde den opne, småskala og spreidd bebygde karakteren med småkupert terreng og sprekkdalar. I tillegg til bustadområda, ligg også det nye senterområdet i dette landskapsområdet. Landskapsområdet Særvoll-Lunde kan derfor bli mykje endra som følgje av ny KPA – alt etter kor mange endringar som vert lagt inn. Innpela bør sjåast samla, og ein bør gjere ei prioritering. Bustadinnspela det gjeld er dok 90, 91/192, 131. I tabell under er det forslag til prioritering.

Bustadfelt i krinsen Søre Neset, som er tilrådd på vilkår av ytterlegare siling og tilpassing til kulturlandskap. Må sjåast i samanheng med behovet for nytt bustadareal i krinsen.		Rangering
Søre Neset 90	Ligg i hovudsak innafør definert senterområde for Søre Neset, men har ikkje full måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging. Sett bort frå landskap; ingen større negative konsekvensar / konfliktpotensial, men mykje "gult".	3
Søre Neset 91/192	Har god måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging, men ligg utanfor senterområdet for Søre Neset. Sett bort frå landskap; ingen større negative konsekvensar / konfliktpotensial.	1
Søre Neset 131	Har god måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging, men ligg utanfor senterområdet for Søre Neset. Sett bort frå landskap; ingen større negative konsekvensar / konfliktpotensial.	2
Søre Neset 295		

### 3.10. Vurdering etter naturmangfaldlova for krinsen Søre Neset

Det er tidlegare gjort greie for om korleis Naturmangfaldlova er vurdert i dette prosjektet. Under følgjer vurderingane som gjeld for krinsen Søre Neset. Forskrift om utvalde naturtypar jf. § 53 er og diskutert, medan prioriterte artar jf. § 23 er ikkje registrert i Os kommune.

#### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Av dei område med sparsamt kunnskapsgrunnlag er det nødvendig med synfaringar i områda med dok 21/120, 153, 255, 373/374 fordi det her er potensial for naturverdiar. I tillegg bør det utførast marine granskingar i område med dok nr. 181. Det skulle og vore synfaringar til områda med dok nr. 28, 31, 60, 132 og 142/155 og 374 men desse har truleg ikkje så stort potensial for naturverdiar som dei andre nemnde. Med unntak av det først nemnde områda, er det eit godt kunnskapsgrunnlag for vurdering av områda si naturverdi på dette plannivået.

Når det gjeld verknader (*omfang, jf. naturmangfaldlova «effekter av påvirkning»*) og konflikt, blir det ein noko mangelfull vurdering på grunn av manglande detaljar om tiltaka. Ser ein føre seg eit totalt arealbeslag, er vurderingane om verknad og konflikt vurdert som tilstrekkelege unntatt for områda med dok nr. dok 21/120, 153, 255, 373 fordi verdien for naturmangfald ikkje er kjend her.

### § 9 Føre-var-prinsippet

Det er vurdert at kunnskapsgrunnlaget for verdisettinga, verknader og konflikt, med unntak av områda med dok 21/120, 153, 255, 373, er godt nok for vurdering av områda sin naturverdi for vidare planlegging på eit overordna nivå som dette. For desse kjem truleg difor ikkje føre-var-prinsippet til bruk. Når det gjelder områda med dei nemnde ID-nummera, som er vurdert med potensial for naturverdiar, kjem truleg føre-var-prinsippet i bruk.

### § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Samla belastning i høve til naturmangfaldlova § 10 er summen av påverknad både frå desse tiltaka, og frå eksisterande påverknad og eventuelle framtidige tiltak. Ein av dei største tiltaka som planleggast i kommunen er ny E39. For krinsen Søre Neset er det planlagt eit vegalternativ som går frå Tuven sørover til Halhjem og over Innerøya og Ytterøya, og som må vurderast som ein del av den samla belastninga. Dette gjev eit større samla arealinngrep i kommunen enn dei som er skildra i dei ulike innspela. Vidare skal det vere særleg fokus på om tiltaket gjer at forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 ikkje blir nådde. Nedanfor er dei viktigaste momenta i høve til tiltaka si samla belastning omtalt.

Viktige trekruter for hjort finst på aust- og vestsida av krinsen, dei dekkjer store areal, men desse blir ikkje påverka. Fleire av områda, mellom anna Innerøya består av samanhengande skogområde som og er viktige leveområde for arealkrevjande fuglearter, mellom anna fleire rovfuglartar. Vipe, som er ein sterkt trua art (EN) i Noreg jf. raudlista for artar (2015), er ikkje registrert i nokre av innspelsområda, men dei med dok nr. 196 (sentrumsområde Søre Neset), 187 og 161 er har klart potensial for arten. Desse er viktige fordi etter at viltrapporten for Os kommune blei publisert (2006), har i følgje Fylkesmannen i Vestland (ved Olav Overvoll), vipebestanden gått sterkt tilbake. Ein ytterlegare forringing av habitata for vipe kan difor være i strid med forvaltningsmåla for arten (jf. § 5).

Det vart ikkje funne raudlista naturtypar (2018) her i dei ulike områda for innspela, men området med dok nr. 373 (på Innerøya) har potensial for dette. I krinsen blei det og registrert ein lokalitet med den utvalde naturtypen hol eik (sjå nedanfor).

#### 3.10.1. Forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova

Sidan det og er registrert ein utvald naturtype jf. naturmangfaldlova, hol eik, er denne diskutert her etter forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Definisjonen av hule eiker i denne forskrifta er «*Med hule eiker menes eiketrær som har en diameter på minst 63 cm, tilsvarende omkrets på 200 cm, samt eiketrær som er synlig hule og med en diameter på minst 30 cm, tilsvarende omkrets på minst 95 cm. Diameter og omkrets måles i brysthøyde (1,3 m) over bakken. Synlig hule defineres til å være eiketrær med et indre hulrom som er større enn åpningen og der åpningen er større enn 5 cm*». Unntatt er hule eiker i produktiv skog».

Naturmangfaldlova § 53 seier at det skal tas særleg omsyn til førekomstar av utvalde naturtypar. I denne krinsen finst hol eik i områda med dok nr. 372 og 296 (ID 355 og 365) og det vil då være eit vilkår at den får være i fred.

### 3.11. Krins 4. Søre Øyane

Søre Øyane krins hadde eit innbyggjartal på 1102 pr.01.01.2018. Det er planlagt at Søre Øyane skal få om lag 5 % av veksten i kommunen. Sentrumsområdet omfattar Sundøy, Bruarøy og del av Røttinga, til og med Gjelevika. Den sentrale delen av indre sentrumssona er butikken, Vedholmen og skulen.


Foreslått sentrumsområde kan ta meir enn den forventa veksten på Søre Øyane fram til 2040. Det er ikkje tilrådeleg å utvide sentrumsområdet ytterlegare.

Den nye brua for E39 som er planlagt over Bjørnafjorden er tenkt ilandført ved Gulholmane heilt i sør, og vidare i tunnel fram til Ulvenvatnet. Gang- og sykkelvegen er tenkt lagt frå Gullholmane og vidare via Kobbavågen og Gjelevika. Deretter skal den følgje dagens fylkesveg vidare nordover.

Det er vurdert 20 endringar som ligg i krins Søre Øyane. Nokre av dei er innspel som er vurdert samla i tabellane under.

Arealformål	Tal	Areal (da)
<b>Andre typer bebyggelse og anlegg</b>	7	2
<b>Boligbebyggelse</b>	5	10
<b>Fritidsbebyggelse</b>	6	11
<b>Næringsvirksomhet</b>	1	17
<b>Offentlig eller privat tjenesteyting</b>	1	35
<b>Totalsum</b>	<b>20</b>	<b>74</b>






Krinsar	Kombinert bebyggelse og anleggsformål
<b>Arealformål</b>	Kombinerte formål i sjo og vassdrag med eller uten tilhørende strandsone
Akvakultur	LNFR areal for spredt bolig- fritids- eller næringsbebyggelse, mv
Andre typer bebyggelse og anlegg	Naturområde - grønnstruktur
Boligbebyggelse	Næringsvirksomhet
Fritids- og turistformål	Offentlig eller privat tjenesteyting
Fritidsbebyggelse	Sentrumsformål
Grav- og umelund	Småbåthavn
Havn	Spredt boligbebyggelse
Havneområde i sjo	Veg



### 3.11.1. Søre Øyane 18 - bustad og naust/ hytte

ID 15

14/32626

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Hytte og naust eller bustad.  <b>Forslagsstillar:</b> Rolf Eide og Oddny Eide, Bruarøy,  <b>Gbnr:</b> 29/76, 140  <b>Areal storleik:</b> 0,7 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innafor indre avgrensing av senterområde for Søre Øyane.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens		Kommentar/tiltak
Miljø			
Landskap			Middels verdi – Søre Øyane. Viktig å unngå ytterlegare privatisering av strandsona.
Støy			
Naturmangfald			Ein del funn av vanlege fugleartar, elles ingen registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø			Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge			Bustad: Innspelet ligg i gangavstand til lokalsenter, skule og daglegvare, men ikkje g/s veg og dårleg kollektivdekning. Nær eksisterande bustadområde. Hytte og naust: Tema ikkje relevant. Tap av noko grønstruktur
Friluftsliv og strandsoner			Ingen kjende interesser
Landbruk			Området består av blandingsskog, på impediment.
Samfunn			
Samordna areal og transportplanlegging	Bustad	Hytte/naust	Bustad: Innspelet ligg i gangavstand til lokalsenter, skule og daglegvare. Tilgjenge til Osøyro og handelssenter bilbasert bl.a. pga. svært dårleg kollektivdekning. Hytte og naust: Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur			Off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot bustadområde med lokalt vegnett
Risiko og sårbaranalyse			
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko		Kommentar/tiltak
Ekstremvær			Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum			Området i strandsona kan bli råka av framtidig havnivåstigning
Skred			Ikkje slik fare

Skog/lyngbrann		Ikkje skog- lyngområde		
Andre uønska hendingar				
Større transportulukker		Ikkje kjend		
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend		
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend		
<b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona og det må då visast omsyn til fare for stormflo og framtidig havnivåstiging ved bygging så nære strandsona. Havnivåstiginga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl. noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet.			Naust	Bustad


Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert tilrådd.</b> Det er innafor senterstrukturen, og har ingen større negative konsekvensar / moderat konfliktpotensial.	Naust	Bustad
--	-------	--------

### 3.11.2. Søre Øyane 34 - naust

ID 30 og 31

JNR 15/16140

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> To naustområde  <b>Forslagsstillar:</b> Jan Terje Røttingen  <b>Gbnr:</b> 30/15  <b>Areal storleik:</b> Kvart av områda på 0,2 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innafør ytre avgrensing av senterområde for Søre Øyane. Område ligg innanfor funksjonell strandsone.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Viktig å unngå ytterlegare privatisering av strandsone. Inn mot Tøkjundet er det ikkje naust i dag. Området elles har mykje urørt strandsone.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar frå desse, men område 2 er ei li vendt mot nordaust og har potensial for regnskogsartar. Område bør undersøkast.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av grønstruktur, elles er tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsone		Områda ligg innanfor den funksjonelle strandsone.
Landbruk		Områda består av barskog med sær s høg bonitet, men ligg innimellom busetnad.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i nærområdet. Lokalt vegnett i bustadområde
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsone
Flaum		Område 1 ligg i aktsemdsone for flaum, område 2 ligg utom aktsemdsone, begge kan verte utsett for stormflo og framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Skog/lyng i området
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS- analyse:</b> Områda ligg i strandsone, og del 1 ligg også som aktsemdssone for flaum. Det må visast omsyn til fare for stormflo og framtidig havnivåstigning ved bygging så nære strandsone. Havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote		


0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår skog/lyngbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak må skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd** med grunnlag i landskap og strandsone

### 3.11.3. Søre Øyane 51 - naust

ID 46  
 15/38104

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Utviding naustområde  <b>Forslagsstillar:</b> Knut Røttingen, Skitnevågen,  <b>Gbnr:</b> 29/1  <b>Areal storleik:</b> 0,4 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Området grensar inn til eksisterande naustområde i Skitnevågen. Område ligg innanfor funksjonell strandsone.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Viktig å unngå ytterlegare privatisering av strandsona, særleg i ytre del og på tangane på kvar side av Vestrevågen. Sundøytangen og Røtingatangen med daldrag nordaustover bør vere ei ytre sone utan ytterlegare fortetting.
Støy		
Naturmangfald		Området er nemnd i databasen for geologisk arv og verdien av dette bør bli utreda nærare. Her er og eit grunt marint vassområde. Ingen andre registrerte naturverdiar enn at ask er nemnd som særleg stor forvaltningsinteresse, men desse verdiane er knytt til den tilgrensande rike edellauvskogen.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av noko grønstruktur, elles er tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innanfor funksjonell strandsone.
Landbruk		Fastmarksdelen av området har barskog av særskilt høg bonitet, men ligg i eit område som er lite føremålstenleg for skogbruk.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Noko vindutsett, fare ved stormflo/springflo
Flaum		Ligg som aktsemdsområde for flaum og del av området kan verte utsett for stormflo og framtidig havnivåstigning



Skred		Ingen fare
Skog/lyngbrann		Ligg delvis i skog- lyngområde, bør ryddast
Andre uønska hendingar		
Større transportlukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend, god vegtilkomst inn i området
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona som aktsemdssone for flaum, og det må gjerast ei vurdering av flaumfare for å avdekke reell fare dersom området skal nyttast for opphald over noko tid. Havnivåstiging kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Det må her visast omsyn til stormflo og havnivåstiging ved bygging så nære strandsona. Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Potensiell fare for brann i skogsområdet, som risikoreduserande tiltak bør det ryddast i skog/kratt.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert tilrådd på vilkår.</b> Utbygging må ta omsyn til turveg og friluftsliv, og ha god terrengtilpassing. Ein må sikre ålmenn tilkomst til strandsona</p>	
---	--



### 3.11.4. Søre Øyane 71 - bustad

ID 57

jnr: 16/2263

Føremål i dag: LNF  
Framlegg til nytt arealføremål: Bustad  
Forslagsstillar: Grete Lofthus og Thor-Inge Oksnes  
Gbnr: 29/280  
Areal storleik: 0,5 daa

**Skildring av området:**

Del av eigedom er buffer mot sjø. Området ligg utafor ytre avgrensing av senterområde for Søre Øyane. Del av området ligg utanfor den funksjonelle strandsona. Byggeområde kan utvidast litt. Forslagsstillarane ynskjer at heile tomta blir byggeformål.



Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Viktig å unngå ytterlegare privatisering av strandsona, særleg i ytre del og på tangane på kvar side av Vestrevågen.
Støy		
Naturmangfald		Området er nemnd i databasen for geologisk arv og verdien av dette bør bli utreda nærare. Det er ingen andre registrerte naturverdiar her.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje gang- og sykkelveg, og svært begrensa kollektivtilbod. Ca. 700 m til næraste barnehage, men Langt til nærmaste skule. I eksisterande bustadområde.
Friluftsliv og strandsona		Sørvestre del av området ligg innafør den funksjonelle strandsona.
Landbruk		Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Utviding av tomt til bustadføremål er i utgangspunktet ikkje rekna å gi auke i transportvolum. Dersom innspelet medfører etablering av fleire bueiningar vil måloppnåinga vere vurdert til raudt fordi dette er ei lokalisering som i hovudsak er bilbasert.
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo
Flaum		Del av området er også dekkja av aktsemdsone for flaum, faren for flaum må bli utreda nærare. Området i strandsona kan verte utsett for stormflo og framtidig havnivåstigning
Skred		Ingen slik fare

Skog/lyngbrann		Ligg ikkje i skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men relativt smalt sund med båt-trafikk i sjøen ved området
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona og som aktsemdssone for flaum, og det må gjerast ei vurdering av flaumfare for å avdekke reell fare. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nær strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd** sidan området i stor grad er privatisert allereie, men nye tiltak bør søke god terrengtilpassing og tilpasse seg eksisterande busetnad i vågen.

### 3.11.5. Søre Øyane 93 – naust og sentrum

ID 65 og 66  
16/16107

**Føremål i dag:** LNF

**Framlegg til nytt arealføremål:** To naustområder med tilhøyrande hamneområde / sentrum

**Forslagsstillar:** Bjørn Sundøy

**Gbnr:** 30/40

**Areal storleik:** 0,6 og 0,3 daa

**Skildring av området:**

Området ligg innafor indre avgrensing av senterområde for Søre Øyane.



Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Viktig å unngå ytterlegare privatisering av strandsona.
Støy		Areal nærast brua ligg i gul støysone frå veg
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Det ligg eit SEFRAK-bygg – eit naust – i innspelsområdet. Tiltak på dette er meldepliktig. Truleg lokal verdi.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av noko grønstruktur, elles tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsona		Ingen kjende interesser
Landbruk		Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Område 2 ligg innanfor av aktsemdsone for flaum, og del av området kan verte utsett for stormflo og framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ikkje skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men relativt smalt sund med noko båttrafikk
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend

Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona, delvis i aktsemdssone for flaum. Det må gjerast ei vurdering av flaumfare for å avdekke reell fare dersom området skal kunna omdisponerast. Det må her visast omsyn til stormflo og havnivåstiging ved bygging så nære strandsona. Havnivåstiginga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert tilrådd</b>, då det ligg innafor fortettingssona for Søre Øyane, og konsekvensar / konfliktpotensial for ulike tema er moderate.</p>	
---	--

### 3.11.6. Søre Øyane 95 – bustad

ID 67

16/16108

**Føremål i dag:** LNF

**Framlegg til nytt arealføremål:** Bustad og sentrum

**Forslagsstillar:** Bjørn Sundøy

**Gbnr:** 30/167

**Areal storleik:** 0,5 daa

**Skildring av området:**

Området ligg innanfor indre avgrensing av senterområde for Søre Øyane. Området ligg utanfor den funksjonelle strandsone. Forslagsstillarane ynskjer å utvida slik at tomtene ( innanfor raud stipla) kan byggjast på.



Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Viktig å unngå ytterlegare privatisering av strandsone.
Støy		Ligg i gul støysone frå veg
Naturmangfald		I den vestlege delen er det ein hol eik som er ein utvald naturtype jf. naturmangfaldlova. På vilkår av at den får stå er det ingen konsekvens her. Ingen andre naturverdiar er kjent her.
Kulturminne og kulturmiljø		Det ligg eit SEFRAK-bygg – eit naust – like sør for innspelsområdet. Tiltak på dette er meldepliktig. Truleg lokal verdi.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje gang- og sykkelveg, og svært begrensa kollektivtilbod. Nær skule, men et stykke til nærmaste barnehage. Nær eksisterande bustadområde. Tap av noko grønstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Vestre del av området består av fulldyrka jord og blandingsskog av høg bonitet, og austre del er bebygd areal.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Utviding av tomt til bustadføremål er i utgangspunktet ikkje rekna å gi auke i transportvolum. Dersom innspelet medfører etablering av fleire bueiningar vil måloppnåinga likevel vere vurdert til grønt pga. nærleik til nærsenter, skule og butikk.
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vera noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare

Skog/lyngbrann		Ikkje skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS- analyse:</b> Ingen vesentleg konflikt med samfunnstryggleik er avdekket.		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert tilrådd</b> , sidan konsekvensar eller konfliktpotensial er moderate, og det området ligg i fortettingssone for Søre Øyane.	
---	--

### 3.11.7. Søre Øyane 114 - fritidsbustad

ID 83

16/20489

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Fritidsbustad</p> <p><b>Forslagsstillar:</b> Nils Olav Brattholmen Fedje, Brattholmen, <b>Gbnr:</b> 29/100 <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b> Eksisterande hytte er bygd på 1950-talet. Området ligg innfor ytre avgrensing av senterområde for Søre Øyane. Området ligg innanfor 100 meters belte og innanfor gjeldande buffer mot sjø, men utanfor den funksjonelle strandsona. Ingen hytteområder på Brattholmen.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Viktig å unngå ytterlegare privatisering av strandsona.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar her.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Eksisterande fritidsbustad. Tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsona		Ingen kjende interesser
Landbruk		Området består av barskog med middels bonitet.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen.
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i nærområdet. Manglar tilkomst med veg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området i strandsona kan bli råka av framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg tilgrensande større skogsområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men relativt smalt sund med noko båttrafikk
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend, ikkje etablert veg inn i området
<b>ROS- analyse:</b> Det må gjerast ei vurdering av omsyn til stormflo og havnivåstigning så nær strandsona. Havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje		



nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Som risikoreduserande tiltak må det sikrast god tilkomst for brannvesen, og evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.


Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd**, sidan konsekvensar eller konfliktpotensial er moderate. Dersom det blir oppført ny fritidsbustad er det viktig med god terrengtilpassing.

### 3.11.8. Søre Øyane 150 – fritidsbustad (rorbuer)

ID 130

16/22013

<p><b>Føremål i dag:</b> Naust  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> fritidsbustad  <b>Forslagsstillar:</b> Jon Tore Døsen  <b>Gbnr:</b> 31/1  <b>Areal storleik:</b> 1,6 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området er sett av til naustområde i gjeldande plan. Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona. Området ligg utanfor ytre avgrensing av senterområde for Nore Neset.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Viktig å unngå ytterlegare privatisering av strandsona. Allereie regulert til naust i dag.
Støy		Ligg i gul og raud støysone frå veg
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Eit sjøhus i SEFRAK i området: «Jonane». Frå byrjinga av 1900-talet. Truleg først og fremst lokal verdi. Utbygging vil påverke bygget direkte eller visuelt.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innanfor funksjonell strandsone. Endring frå naust til fritidsbustader vil gje ein endra bruk av området, og meir privatisering.
Landbruk		Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet gjeld endring frå naust til næring/turisme. Vil derfor kunne gje noko meir biltransport til området. Kollektivtilbod er svært dårleg.
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i nærområdet. Grensar til Lepsøyvegen.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo
Flaum		Nordautlege delar av området er dekt av aktsemdsone for flaum. Fare for flaum må bli utreda nærare. Området kan verte utsett for stormflo og framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ikkje direkte fare
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men smalt sund med noko båttrafikk
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Sviikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS- analyse:</b> Det må gjerast ei vurdering av flaumfare, det må også visast omsyn til stormflo og havnivåstigning i strandsona. Havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet.		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd.** Området er regulert til naust i gjeldande KPA, og har få kvalitetar. Rorbuer vil gje ein annan bruk som gir negativ konsekvens for friluftsliv (privatisering). Bør avklarast i høve ei prinsipiell haldning til rorbuer i kommunen.



### 3.11.9. Søre Øyane 167, 379 - bustad

ID 158, 160 og 161  
16/22229

**Føremål i dag:** LNF

**Framlegg til nytt arealføremål:** Bustad

**Forslagsstillar:** Aimar Kjærgård og Siri Solemslie

**Gbnr:** 29/8

**Areal storleik:**

**Skildring av området:**

Området ligg innanfor ytre avgrensing av senterområde for Søre Øyane. Pågår eige planarbeid for eigedomen.

Forslagsstillarane ynskjer å justere grensa mellom bustad og friområde.



Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak	
Miljø			
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Fortetting innanfor dagens byggjesone må gjerast varsamt og i mindre skala, med tilpassing til terreng og grøntstruktur. Endring frå LNF til bustad i det samanhengande grøntdraget mellom Vestrevågen og mot Bruarøy vil vere svært negativ.	
Støy		Området som grensar til veg, ligg i gul støysone frå veg	
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar, men område 1 og 3 bør undersøkast.	
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente	
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje gang- og sykkelveg, og svært begrensa kollektivtilbod. Nær barnehage og skule. I eksisterande bustadområde. Tap av grøntstruktur.	
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser	
Landbruk	Område 1 og 2	Område 3	Område 1 er blandingsskog av særst høg bonitet. Område 2 består av overflatedyrka jord, og område 3 består av lauvskog på impediment.
Samfunn			
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet har gangavstand til nærsenter, skule og daglegvare. Transport til Osøyro og handelscenter vil vere bilbasert.	
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot lokalt vegnett	
Risiko og sårbaranalyse			
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak	
Ekstremvær		Noko vindutsett	
Flaum		Ikkje slik fare	

Skred		Ikkje slik fare	
Skog/lyngbrann		Grensar opp mot noko skog	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ikkje kjend	
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend	
<b>ROS- analyse:</b> Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskilt større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket.			

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd</b> på grunn av konsekvensar for landskap.	
--	--

### 3.11.10. Søre Øyane 277 - bustad

Id: 276

Jnr: 16/25967

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Heine og Ellinor Petersen  <b>Gbnr:</b> 30/66  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg utafor ytre avgrensing av senterområde for Søre Øyane. Området ligg dels i funksjonell strandsona. Godkjent bygg ligg utanfor den funksjonelle strandsona. Forslagsstillarane ynskjer å utvide bustadområdet i samsvar med godkjent bygg.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Viktig å unngå ytterlegare privatisering av strandsona, særleg i ytre del og på tangane på kvar side av Vestrevågen. Sundøytangen og Røtingatangen med daldrag nordaustover bør vere ei ytre sone utan ytterlegare fortetting. Bygget er allereie oppført.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente, men mulig demning (?) like vest for området. Røttingen fort (krigsminne) ligg i områda mot sør.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje gang- og sykkelveg, og svært begrensa kollektivtilbod. Ca. 700 m til næraste barnehage, men langt til nærmaste skule. I ytterkant av eksisterande bustadområde. Tap av grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsona		Ein del av bustadområdet ligg innanfor den funksjonelle strandsona.
Landbruk		Området består delvis av lauvskog med særskilt høg bonitet (for bratt terreng og for tett på bustad til å ha verdi for skogbruk), delvis av bebyggd areal.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Utviding av bustadføremål er i tråd med godkjent bygg, og vil ikkje kunne reknast å gje nemneverdig auke i transportvolum. Dersom innspelet medfører etablering av fleire bueiningar vil måloppnåinga vere vurdert til raud fordi dette er ei lokalisering som i hovudsak er bilbasert.
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i nærleiken
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Noko vindutsett

Flaum		Ikkje slik fare	
Skred		Ikkje slik fare	
Skog/lyngbrann		Skog/lyngområde rundt	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ikkje kjend	
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend	
<b>ROS- analyse:</b> Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreducerande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet (standsone).			

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert tilrådd, då bustad allereie er oppført.</b>	
---	--



### 3.11.11. Søre Øyane 263 - næring

ID 264

jnr 16/23927

<p>Føremål i dag: LNF Framlegg til nytt arealføremål: Nytt næringsområde. Lager og kontor <b>Forslagsstillar:</b> Ole Magnus Røttingen <b>Gbnr:</b> 30/1 <b>Areal storleik:</b> 14,8 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b> Området ligg innanfor ytre avgrensing av senterområde for Søre Øyane. Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona. Området er del av eit viktig naturområde – rik sump- og kjeldeskog med svartor. Her er òg mykje kristtorn og bergflette.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Viktig å unngå ytterlegare privatisering av strandsona, særleg i ytre del og på tangane på kvar side av Vestrevågen. Innspelet gjeld Sundøytangen nord for Vestrevågen, og utbygging her vil vere svært negativ for landskapet.
Støy		
Naturmangfald		Området er nemnd i databasen for geologisk arv og verdien av dette bør bli utreda nærare. Område ligg i ein naturtypelokalitet med rik sumpskog med svartor vurdert som viktig. Dette er og ein raudlista naturtype, vurdert som sårbar (VU).
Kulturminne og kulturmiljø		Krigsminner i området etter Røttingen fort. Batteriet er uoversiktleg og delvis nedbygd i åra etter krigen (bustader). Kan finnast spor innafør innspelsområdet. Lokal/regional verdi. Utvikling i innspelsområdet kan bidra til ytterlegare tap av samanhengar i kulturmiljøet.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av samanhengande antatt viktig grønstuktur, elles tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona
Landbruk		Området består av lauvskog av sær s høg bonitet
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging	Lager	Kontor
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i nærområdet. Ligg inn mot lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak

Ekstremvær		Noko vindutsett	
Flaum		Randsona av området er dekt av aktsemdsonefor flaum, og området i strandsona kan verte utsett for stormflo og framtidig havnivåstiging. Faren for flaum må bli utreda nærare.	
Skred		Ikkje slik fare	
Skog/lyngbrann		Området ligg i større skogsbelte	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ikkje kjend	
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend	
<b>ROS- analyse:</b> Det må gjerast ei vurdering av flaumfare, det må også visast omsyn til stormflo og havnivåstiging i strandsona. Havnivåstiging kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann. Som risikoreduserande tiltak må det sikrast god tilkomst for brannvesen, og evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.			

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd</b> , ut frå konsekvensar for landskap, naturmangfald, friluftsliv/strandsone og landbruk.	
--	--

### 3.11.12. Søre Øyane 264 – fritidsbustad (rorbuer)

ID 260  
jnr 16/23932

<p><b>Føremål i dag:</b> Naust  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> fritidsbustad - Rorbu  <b>Forslagsstillar:</b> Ole Magnus Røttingen  <b>Gbnr:</b> 30/1  <b>Areal storleik:</b> 1,7 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b> Rorbuer Tongane</p> <p>Området ligg innanfor ytre avgrensing av senterområde for Søre Øyane. Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona. Området er del av eit viktig naturområde – rik sump- og kjeldeskog med svartor. Her er òg mykje kristtorn og bergflette.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Viktig å unngå ytterlegare privatisering av strandsona, særleg i ytre del og på tangane på kvar side av Vestrevågen. Innspelet gjeld Sundøytangen nord for Vestrevågen, og utbygging her vil vere svært negativ for landskapet.
Støy		
Naturmangfald		Området er nemnd i databasen for geologisk arv og verdien av dette bør bli utreda nærare. I den nordlege delen er det og noko av ein rik sumpskog, som er ein sårbar (VU) naturtype.
Kulturminne og kulturmiljø		Krigsminner i området etter Røttingen fort. Batteriet er uoversiktleg og delvis nedbygd i åra etter krigen (bustader). Kan finnast spor innafør innspelsområdet. Ute på odden like sørvest for området ligg bunker og fundament for lyskastar. Lokal/regional verdi. Utvikling i innspelsområdet kan bidra til ytterlegare tap av samanhengar i kulturmiljøet.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av noko grønstruktur, elles tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsona		Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona.
Landbruk		Delar av området består av lauvskog og barskog med særst høg bonitet, men terrenget vurderast som lite føremålstenleg for skogbruk.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen.

Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i nærområdet. Ligg inn mot lokalveg.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo
Flaum		Området i strandsona er dekt av aktsemdsone for flaum, kan bli råka av stormflo og framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Skogsbelte i bakkant
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men relativt smalt sund med båt-trafikk
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona, og del av området ligg som aktsemdsområde for flaum. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nære strandsona. Havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynsone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Som risikoreducerande tiltak må det sikrast god tilkomst for brannvesen, og evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.</p>		


Samla vurdering av innspelet med tilråding

Innspelet vert frarådd, ut frå konsekvensar for landskap og friluftsliv/strandsona.	
---	--

### 3.11.13. Søre Øyane 265 – næring (rorbuer)

ID 265

jnr 16/22936

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Næring - Rorbu  <b>Forslagsstillar:</b> Ole Magnus Røttingen  <b>Gbnr:</b> 30/1  <b>Areal storleik:</b> 2,4 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Rorbuer Tongane</p> <p>Området ligg innanfor ytre avgrensing av senterområde for Søre Øyane. Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona. Området er del av eit viktig naturområde – rik sump- og kjeldeskog med svartor. Her er òg mykje kristtorn og bergflette.</p>	
--	---

Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Viktig å unngå ytterlegare privatisering av strandsona, særleg i ytre del og på tangane på kvar side av Vestrevågen. Innspelet gjeld Sundøytangen nord for Vestrevågen, og utbygging her vil vere svært negativ for landskapet.
Støy		
Naturmangfald		Området er nemnd i databasen for geologisk arv og verdien av dette bør bli utreda nærare. I den sørlege delen er det og noko av ein rik sumpskog, som er ein sårbar (VU) naturtype. Dei rike berga mot sjøen er og viktige.
Kulturminne og kulturmiljø		Krigsminner i området etter Røttingen fort. Ligg truleg lenger vest enn innspelsområdet. Lokal/regional verdi. Utvikling i innspelsområdet kan bidra til ytterlegare tap av samanhengar i kulturmiljøet
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av noko grønstruktur, elles tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsona		Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona.
Landbruk		Området består av barskog (utanom litt lauvskog i nordaust) med særst høg bonitet, men terrenget vurderast som lite føremålstenleg for skogbruk
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen.
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i nærområdet. Ligg inn mot lokalveg.

Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vera noko vindutsett, stormflo/springflo kan oppstå
Flaum		Området i strandsona er dekt av aktsemdsone for flaum, kan bli råka av stormflo og framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Skogsbelte i bakkant
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men relativt smalt sund med båt-trafikk
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona, og del av området ligg som aktsemdsområde for flaum. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nære strandsona. Havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Som risikoreduserande tiltak må det sikrast god tilkomst for brannvesen, og evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.</p>		


Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert frarådd</b>, ut frå konsekvensar for landskap, naturmangfald og friluftsliv/strandsona.</p>	
--	--



### 3.11.14. Søre Øyane 205 - fritidsbustad

ID 207  
16/22736

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Fritidsbustad  <b>Forslagsstillar:</b> Finn Erik Hylland, Bjørnarøy,  <b>Gbnr:</b> 31/6  <b>Areal storleik:</b> 1,7 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Står ei gamal løe innanfor området. Det er ønskje om å renovere denne som fritidsbustad, og i tillegg bygge ein ny fritidsbustad i området. Heile Bjørnarøy ligg innanfor 100 meters belte og innanfor den funksjonelle strandsona.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Innarøy-Gulholmane. Omsyn til strandsona og samanhengande skogsområde er viktig. Bør ikkje opnast for nye byggeområde.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		I innspelsområdet er i løe i SEFRAK frå siste del av 1800-talet. Ho blir vurdert å vere i dårleg stand, og vil bli renoverd. Løa er del av eit større kulturmiljø på Bjørnarøya med fleire bygg frå 1900-talet. Lokal verdi.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av noko grønstruktur, elles tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsona		Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona.
Landbruk		Området består av blandingsskog med høg bonitet, men plasseringa på ei øy i nærleik av hytte gjer at området truleg er vanskeleg å nytte til skogbruksføremål.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen.
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Øy.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vera noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Området ligg i skogsområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend, men det er ikkje vegtilkomst til fastlandet
<b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona på ei øy.		



Det kan vere ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare, sikre gode løysingar for brannslukking.

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd**, ut frå konsekvensar / konfliktpotensial for landskap og friluftsliv/strandsone

### 3.11.15. Søre Øyane 300 - bustad

ID 286

16/36225

**Føremål i dag:** LNF

**Framlegg til nytt arealføremål:** Bustad. Justering av grense for bustad mot Skitnevågen

**Forslagsstillar:** Knut Røttingen

**Gbnr:** 29/1

**Areal storleik:** 1,9 daa

**Skildring av området:**

Området ligg innanfor ytre avgrensing av senterområde for Søre Øyane.



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi - Søre Øyane. Den karakteristiske småskala landskapskarakteren bør vernast om. Fortetting innanfor dagens byggesone må gjerast varsamt og i mindre skala, med tilpassing til terreng og grøntstruktur. Innspelet ligg i ein del av området som tåler slik fortetting.
Støy		
Naturmangfald		Området er nemnd i databasen for geologisk arv og verdien av dette bør bli utreda nærare. I den sørlege delen er det og litt av ein rik edellauvskog vurdert som viktig. Noko av den finst truleg og i større delar av innspelsområdet. Naturtypen svarar til den raudlista naturtypen lågurt-edellauvskog, som er sårbar (VU).
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Ikkje veg, eller gang- og sykkelveg, og svært begrensa kollektivtilbod. Nær barnehage, men eit stykke til nærmaste skule. Ikkje nær eksisterande bustadområde.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Området består i hovudsak av uproduktiv blandingskog. Ein liten del av skogen er på mark med særst høg bonitet. I tillegg er ein liten del i nord overflatedyrka jord
Samfunn		


Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet har gangavstand til nærsenter, skule og daglegvare. Transport til Osøyro og handelscenter vil vere bilbasert.
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i nærområdet. Ingen vegtilkomst i dag
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg tilgrensande skogområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend, men ikkje bygd veg inn i området
<b>ROS- analyse:</b> Det kan vere ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår brann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare, sikre at det er tilfredstillande vegtilkomst.		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd.** Ei eventuell utbygging bør tilpasse seg eit småskala bustadstuktur som elles finst i området.

### 3.11.16. Søre Øyane 355 - naust

ID 351

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> naust  <b>Forslagsstillar:</b> Kongshaug Musikkgymnas  <b>Gbnr:</b> 31/116  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innafor ytre avgrensing av senterområdet for Søre Øyane – «byggesone».</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Den karakteristiske småskala landskapskarakteren bør vernast om. Fortetting innanfor dagens byggesone må gjerast varsamt og i mindre skala, med tilpassing til terreng og grøntstrukturar. Området er lite, og ein må forvente at det vil vere behov for utfylling
Støy		Ligg i gul støysone
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av noko grøntstruktur, elles tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona.
Landbruk		Området består av open fastmark på impediment.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaket er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Off. VA-anlegg i området, og langs veg.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, stormflo/springflo kan oppstå
Flaum		Området kan verta råka av framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ikkje slikt område
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men grensar til Lepsøyvegen
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend

**ROS- analyse:** Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstiging ved bygging så nære strandsona. Havnivåstiging kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet.


Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd på vilkår.** Byggeområdet bør nedskalerast og tilpassast terreng, eller leggest inn mot eksisterande naustområde (flyttast). Negative konsekvensar først og fremst for funksjonell strandsona og landskap.

### 3.11.17. Søre Øyane 367 – naust

ID 353

16/42881

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Naust  <b>Forslagsstillar:</b> Jannicke og Asbjørn Våge  <b>Gbnr:</b> 29/300 og 29/58  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innafor indre avgrensing av senterområde for Søre Øyane. Område ligg ikkje i den funksjonell strandsona.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Viktig å unngå privatisering av strandsona. Området er allereie utbygd.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av noko grønstruktur, elles tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsona		Ligg utanfor funksjonell strandsona. Utbygd og privatisert Ingen kjende interesser
Landbruk		Utbygd Området består av bebygd areal.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Off. va-anlegg i nærområdet
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo
Flaum		Området ligg i strandsona kan bli råka av framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i nærleiken av skog/krattvegetasjon, tilrår rydding
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men relativt smalt sund med båttrafikk
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS- analyse:</b> Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nære strandsona. Havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på		

land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5 Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet.

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd.** Området er allereie utbygd.

**3.11.18. Søre Øyane 313 – naust og kai**

ID 299

16/42881



<p><b>Føremål i dag:</b> LNF og bustad  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Utviding naust og kai.  <b>Forslagsstillar:</b> Johannes Håkonsund  <b>Gbnr:</b> 29/12  <b>Areal storleik:</b> 0,2 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området grensar inn til eksisterande naustområde.  Området ligg innafør indre avgrensing av senterområde for Søre Øyane. Område ligg innanfor funksjonell strandsone.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Søre Øyane. Viktig å unngå ytterlegare privatisering av strandsone. Trongt sund der utbygging vil få visuelle konsekvensar.
Støy		Ligg i gul støysone frå veg
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av noko grønstruktur, elles tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innanfor funksjonell strandsone.
Landbruk		Området består av barskog med høg bonitet, men vurderast som lite føremålstenleg til skogbruk.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Ligg ved Røtingavegen.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, stormflo/springflo kan oppstå
Flaum		Kan bli råka framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Noko skog, men avgrensa av strand og veg i bakkant
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS- analyse:</b> Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nære strandsone. Havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5 Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd**, då det ligg i funksjonell strandsone i eit trengt område. Naust bør heller leggest der det allereie finst naust.



### 3.12. Samla verknad for krinsen Søre Øyane

Det er lagt til grunn at bustadbygging skal skje innafør eksisterande infrastruktur og langs kollektivaksar. Bustadbygginga skal stø opp om vedteken senterstruktur. I Søre Øyane er det nok ledig bustadareal i senterområdet til å dekke bustadbehovet fram til 2040.

Det er vurdert sju nye bustadområde, om lag 20 daa samla sett. To av innspela ligg utanfor senterstrukturen, men er likevel tilrådde. Dette skuldast at dei er justeringar av gjeldande bustadområde for å tilpasse seg dagens situasjon. Når det gjeld dei fem bustadinnspela innafør senterstrukturen, er tre frarådde og to tilrådde.

Tabell under viser ikkje samla sum av innspel. Eit innspel kan omhandle fleire arealformål.

	Fraråd	Vilkår	Tilrådd
Bustad	3		3
Naust (annen type bebyggelse og anlegg)	2	1	2
Småbåthamn			
Næring	1		
Fritidsbustad (inkl. rorbu)	3		5
Samla areal i daa (ca) <sup>6</sup>	63	0,5	12

Det generelle bilete viser at innspela som er frarådde skuldast negative konsekvensar eller høgt konfliktpotensial med funksjonell strandsone og landskap. Landskapsverdiane tilseier at det er viktig at innspela tilpassar seg ein småskala bustadstruktur.

Innspela som er tilrådd har generelt mindre arealkonsekvensar, ligg utanfor funksjonell strandsone

Innspel som har samla har klare negative konsekvensar / stort konfliktpotensial	
Søre Øyane 263 (næring)	Ligg i landskapsområde med middels verdi, men med særlege verdiar ytterst på kvar side av Vestrevågen. I tillegg, klart negativt for naturmangfald, ligg i funksjonell strandsone og har lauvskog med særst høg bonitet
Søre Øyane 265 (rorbuer)	Ligg i landskapsområde med middels verdi, men med særlege verdiar ytterst på kvar side av Vestrevågen. I tillegg, klart negativt for naturmangfald og ligg i funksjonell strandsone

### 3.13. Vurdering etter naturmangfaldlova for krinsen Søre Øyane

I kapittel 2.5 er det utgreidd om korleis Naturmangfaldlova er vurdert. Her fylgjer vurderingane som gjeld for krinsen Søre Øyane. Forskrift om utvalde naturtypar jf. § 53 er og diskutert, medan prioriterte artar jf. § 23 er ikkje registrert i Os kommune.

#### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

I krinsen Søre Øyane er det eit område med sparsamt kunnskapsgrunnlag og der det er nødvendig med ein synfaring. Dette gjeld området dok 34 (ID 31) fordi det her truleg er potensial for naturverdiar. Ideelt sett burde det og vore synfaringar til områda i dok 167/379 (ID 161), men desse har ikkje så stort potensial for naturverdiar. Med unntak av området dok 34 (ID nr 31), er det eit godt kunnskapsgrunnlag for vurdering av områda sin naturverdi.

Når det gjeld verknader (*omfang, jf. naturmangfaldlova «effekter av påvirkning»*) og konflikt, blir det ein noko mangelfull vurdering på grunn av manglande detaljar om tiltaka. På bakgrunn av at det her er sett føre seg totale arealbeslag, er konklusjonane om verknad og konflikt vurdert som tilstrekkelege unntatt for området dok 34 (ID 31), fordi verdien for naturmangfald ikkje er kjend.

<sup>6</sup> Akvakulturanlegg er ikkje medrekna.

### § 9 Føre-var-prinsippet

Det er vurdert at kunnskapsgrunnlaget for verdisettinga, verknader og konflikt, med unntak av området dok 34 (ID nr 31), er godt nok for vurderingane for vidare planlegging på eit overordna nivå som dette. For desse kjem truleg difor ikkje føre-var-prinsippet til bruk, men for området dok 34, som er vurdert med potensial for naturverdiar, kjem truleg føre-var-prinsippet i bruk.

### § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Samla belastning i høve til naturmangfaldlova § 10 er summen av påverknad både frå desse tiltaka, og frå eksisterande påverknad og eventuelle framtidige tiltak. Eit stort tiltak som planleggast for Os kommune er ny E39. Nedanfor er dei viktigaste momenta i høve til tiltaka si samla belastning omtalt.

Slik som dei ulike vegalternativa for E39 er foreslått, så vil krinsen Søre Øyane bli påverka mest av det vestlege alternativet. Det austlege alternativet påverkar berre den austlege delen av Røtinga. Den samla belastninga for denne krinsen, med E39 og dei samla arealinngrepa frå ulike innspela, er difor relativ stor for denne krinsen.

Områda som er viktige leveområde for arealkrevjande fugleartar i denne krinsen er skogsområda på Røtinga og på Lepsøya, men her er det få eller ingen innspel. Krinsen har heller ikkje særleg med leveområde for vipe (EN). Det finst ein registrert lokalitet med den utvalde naturtypen hol eik (sjå nedanfor).

#### 3.13.1. Forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova

Sidan det og er registrert ein utvald naturtype jf. naturmangfaldlova, hol eik, er denne diskutert her etter forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Definisjonen av hule eiker i denne forskrifta er «*Med hule eiker menes eiketrær som har en diameter på minst 63 cm, tilsvarende omkrets på 200 cm, samt eiketrær som er synlig hule og med en diameter på minst 30 cm, tilsvarende omkrets på minst 95 cm. Diameter og omkrets måles i brysthøyde (1,3 m) over bakken. Synlig hule defineres til å være eiketrær med et indre hulrom som er større enn åpningen og der åpningen er større enn 5 cm*». Unntatt er hule eiker i produktiv skog».



Naturmangfaldlova § 53 seier at det skal tas særleg omsyn til førekomstar av utvalde naturtypar. I denne krinsen finst hol eik i området dok 95 (ID 67) og det vil då være eit vilkår at den ikkje vert påverka.

### 3.14. Krins 5. Nore Neset

Nore Neset krins hadde eit innbyggjartal på 2798 pr.01.01.2018, og er peika ut som eit nærsenter i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Det er vurdert 22 endringar som ligg i krins Nore Neset

Arealformål	Tal	Areal (da)
Andre typer bebyggelse og anlegg	4	2
Boligbebyggelse	10	177
Fritidsbebyggelse	4	30
Grav-og urnelund	1	3
Naturområde - grønnstruktur	1	26
Sentrumsformål	1	26
Småbåthavn	1	1
<b>Totalsum</b>	<b>22</b>	<b>265</b>





### 3.14.1. Nore Neset 9, 279 – bustad og næring

ID 6 og ID 7  
jnr. 14/12490

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Stephan Irgens-Hagevik, Paul Irgens-Hagevik, Ingeborg Garvik  <b>Gbnr:</b> 34/44 og 34/56  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>  Pågår arbeid med eigen reguleringsplan. Innafor ytre avgrensing av senterområde for Nore Neset. Forslagsstillarane ynskjer at det vert lagt til rette for nærbutikk, bustader, parsellhagar og barnehage. Ligg innafor fortettingssone for Nore Neset</p> <p>Sjå også Nore Neset 281</p>	
--	---

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi - Nore Neset. Viktig å ta omsyn til kulturlandskap/kjerneområde landbruk. Konsekvens legg til grunn god terrengtilpassing og visuelle omsyn til eksisterande busetnad.
Støy		Større deler ligg i gul støysone for veg og mindre delar av området mot veg ligg også i gul støysone frå Ulven leir. Temaet må vurderast nærare ved ei eventuell utbygging.
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar. Truleg lite potensial for naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Bustad: Gang- og sykkelveg, nær skule og barnehage. Bustadområde og lokal grønstruktur i nærleiken. Tap av noko samanhengande grønstruktur. Butikk: Tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsone		Igjen kjende interesser for verken 6 eller 7
Landbruk		ID 6 består delvis av fulldyrka jord, delvis av uproduktiv lauvskog, samt barskog med høg bonitet. Det finst og noko areal som ikkje har tre. ID 7 består av barskog med høg bonitet. Områda vert vurdert å ligge for nær busetnad til å være egna for skogbruk.
Teknisk infrastruktur		Off- VA-anlegg i området
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Området ligg i sykkelavstand til skule og nærsenter og i gangavstand til haldeplass med middels



		kollektivdekning. Transport til Osøyro og handelssenter vil vere bilbasert.
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Ligg ved veg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Det er kartlagt særst stor mulighet for marin leire i områda. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare.
Skog/lyngbrann		Noko skog rundt
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS- analyse:</b> Det kan vere ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår brann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare. Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i området. Evt. aktsemdsone skal merkast som omsynssone i plankart.		


Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd.** Legg til grunn god terrengetilpassing og visuelle omsyn til eksisterande busetnad.

### 3.14.2. Nore Neset 17 - sentrumsformål

ID: 14

14/31850

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> næring  <b>Forslagsstillar:</b> Marit Lunde Fosen, Bjørn Fosen  <b>Gbnr:</b> 34/3  <b>Areal storleik:</b> 2,3 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innafor indre avgrensing av senterområde for Nore Neset.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi - Nore Neset. Innspelet ligg i eit område som tåler ei sentrumsutvikling, og der viktige landskapstrekk i området elles vert ivareteke.
Støy		Ligg i gul og raud støysone frå veg
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar, men her er potensial for vipe (EN).
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Bustad: Gang- og sykkelveg, like ved skule og barnehage. Bustadområde og lokal grønstruktur relativt nært. Tap av noko grønstruktur. Næring: tema ikkje relevant, men tap av grøntstruktur. Næring kan skape trafikk og støy som kan vere i konflikt med skule og bhg.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Størestedelen av området består av fulldyrka jord, resten av open fastmark, impediment.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet ligg i gangavstand til senter, skule og haldeplass med middels kollektivdekning.
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Ligg ved veg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Det er kartlagt særstørre mulighet for marin leire i området. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare
Skog/lyngbrann		Ikkje slik fare
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men området grensar til fv159
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend

Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend	
<b>ROS- analyse:</b> Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i området. Evt. aktsemdsone skal merkast som omsynssone i plankart.			


Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert tilrådd.</b> Det er negativt for landbruk, men har elles ikkje større negative konsekvensar / konfliktpotensial.	
--	--

### 3.14.3. Nore Neset 68 - veg til fritidsbustad

ID 56

16/766

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bygging av veg til fritidsbustad.  <b>Forslagsstillar:</b> Finn Ellingsrud, Hilderhavn,  <b>Gbnr:</b> 24/36  <b>Areal storleik:</b> 5,7 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Gjeld bygging av veg til eksisterande hytte som ligg i eksisterande hytteområde. Ikkje aktuelt å utvide hytteområde.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Ulvenfjellet. Bratt terreng, vil truleg få store terrenginngrep, og vere eksponert mot sjøen.
Støy		
Naturmangfald		Den nordlege delen ligg i det viktige viltområde Vardafjell som har ein del gamal skog som er viktig for ulike spettartar og storfugl. I sør er det og elvevatn-massar som er ein raudlista naturtype (NT). Skogen her er bør undersøkast.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av antatt viktig samanhengande grøntstruktur, elles ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsone		Vestre 1/3 av traseen ligg innanfor den funksjonelle strandsona.
Landbruk		Store delar består av barskog av særskilt høg bonitet.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA- anlegg i området. Ligg ved veg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i større skogbelte
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ingen kjende
Utslepp, akutt ureining		Ingen kjende
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ingen kjende
<p><b>ROS- analyse:</b> Det kan vere ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår brann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreducerande tiltak bør skog ryddast, og det bør sikrast gode løysingar for brannslukking.</p>		



Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd**, då traseen er bratt og vil gje terrengingrep som vil vere eksponert frå sjøsida.



### 3.14.4. Nore Neset 72 - naust

ID 59

16/3080

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Naust  <b>Forslagsstillar:</b> Erik Hjortung, Sagebakken,  <b>Gbnr:</b> 36/28  <b>Areal storleik:</b> 0,2 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Det står allereie eit naust i innspelsområde. Ønskjer at området vert regulert slik dagens bruk er.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Skeisosen. Naust er allereie oppført.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona, men arealet er allereie utbygd.
Landbruk		Området er klassifisert som barskog på impediment, men er utbygd.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Off. VA-anlegg i området.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, flaumfare/stormflo/springflo
Flaum		Området er dekt av aktsemdsone for flaum. Faren for flaum må bli utreda nærare, området i strandsona kan bli råka av framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i skogkledd område, men sjø på ei side
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS-analyse:</b> Området ligg i strandsona, og del av området ligg som aktsemdsområde for flaum. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nære strandsona. Havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynsone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over</p>		

sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Som risikoreduserande tiltak må det sikrast god tilkomst for brannvesen, og evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd**, då området allereie er utbygd.



### 3.14.5. Nore Neset 78 - bustad

ID 310

16/7058

**Føremål i dag:** LNF  
**Framlegg til nytt arealføremål:** Bustad  
**Forslagsstillar:** Grethe A. Indrevik og Tone Særvold  
**Gbnr:** 40/15 og 30  
**Areal storleik:** 20,7 daa

**Skildring av området:**

Området ligg utafor ytre avgrensing av senterområde for Nore Neset.



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap	Yellow	Middels verdi - Nore Neset. Nye byggetiltak bør ikkje leggest opp i åssider.
Støy	Green	
Naturmangfald	Yellow	Ingen registrerte naturverdiar. Jf. flyfoto, og fordi det er kalkrikt i den sørlege delen og sær s høg bonitet, bør området undersøkast.
Kulturminne og kulturmiljø	Green	Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge	Red	Langt frå skule, barnehage og andre nærtilbod. Ikkje i etablert bustadområde, ikkje etablert g/s veg eller andre vegar. Tap av samanhengande grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone	Green	Ingen kjende interesser
Landbruk	Red	Området består av barskog med sær s høg bonitet og inmarksbeite
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging	Red	Innspelet ligg i ytterkant av sykkelavstand til skule og nærsenter. Det er tilnærma ingen kollektivtilbod. Transport til Osøyro og handelssenter vil vere bilbasert.
Teknisk infrastruktur	Yellow	Ikkje Off. VA- anlegg i nærområdet. Lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær	Green	Noko vindutsett
Flaum	Green	Ikkje slik fare

Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Noko skog
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS-analyse:</b> Det kan vere ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår brann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.</p>		

**Samla vurdering av innspelet med tilråding**

<p><b>Innspelet vert frarådd</b>, då det ligg utanfor senterstrukturen for Nore Neset, har negative konsekvensar / konfliktpotensial for fleire tema, ligg eksponert på ein ås.</p>	
---	--

### 3.14.6. Nore Neset 87 – bustad

ID 363

16/13688. 398451

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Egil Odland og Åsta Kuven  <b>Gbnr:</b> 24/31  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg utanfor ytre avgrensing av senterområdet for Nore Neset</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Skeisosen. Viktig å ta omsyn til landform og kulturlandskap. Nye byggeområde bør leggest inn mot eksisterande byggeområde eller for høgt i landskapet.
Støy		
Naturmangfald		Det er ein trekkveg for hjort i den vestlege delen. Her er og ein del open innmark med potensial for vipe (EN)
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Langt frå skule, barnehage og andre nærtilbod. Få bustadar i område, ikkje etablert g/s veg eller. Tap av samanhengande grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Størstedelen består av barskog av særskilt høg bonitet. Det finst og noko innmarksbeite og fulldyrka jord
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet ligg i eit område der tilkomst til nærsenter, daglegvare, Osøyro og til handlesenter vil vere bilbasert. Det er tilnærma ingen kollektivtilbod. Strøno barneskule ligg innafor sykkelavstand.
Teknisk infrastruktur		Off. VA-anlegg i området, ligg ved lokalveg.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Skog/lyng i området
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS- analyse:</b> Det kan vere ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår brann. Særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast, og det må		

sikrast god tilkomst for brannvesen. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd**, grunna konsekvensar for landskap, landbruk, og låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging

### 3.14.7. Nore Neset 111 - fritidsbustad

ID 84

16/20475

**Føremål i dag:** LNF  
**Framlegg til nytt arealføremål:** Fritidsbustad  
**Forslagsstillar:** Peder Kvalnes, Særvold,  
**Gbnr:** 40/45  
<b>ROS-analyse:</b> Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i området. Evt. aktsemdsone skal merkast som omsynssone i plankart. Det kan vera fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området. Som risikoreducerande tiltak må det sikrast god tilkomst for brannvesen, evt. rydda skog/kratt i området.			


Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd</b> , med grunnlag i konsekvensar for landskap og landbruk. Måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging er ikkje optimal.	
--	--

### 3.14.25. Nore Neset 378 – fritidsbustad og naust

ID 361

16/21542

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> fritidsbustad og naust  <b>Forslagsstillar:</b> Rune Borgen  <b>Gbnr:</b> 39/53,54 og 27  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg utanfor ytre avgrensing av senterområde for Nore Neset. Område ligg innanfor funksjonell strandsone. Holmen er ubebygd.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing.	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi –Skeisosen. Nye byggeområde bør leggest inn mot eksisterande byggeområde og ikkje i strandsone. Sikre grøntstrukturar i overgang skog og strandsone
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av grøntstruktur, elles tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona.
Landbruk		Området består av barskog på impediment.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Holme
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, fare for flaum/stormflo/springflo
Flaum		Området er dekt av aktsemdsone for flaum. Faren for flaum må bli utreda nærare. Området ligg i strandsona, kan verte utsett for framtidig stormflo og havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Skogkledd holme
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men smalt sund med noko båttrafikk
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend

Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS-analyse:</b> Området ligg i strandsona på ein holme. Området er dekt av aktsemdsone for flaum. Faren for flaum må bli utreda nærare. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nære strandsona, då havnivåstiginga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5). Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vere ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår brann. Som risikoreduserande tiltak bør skog ryddast. Evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare, sikre gode I løysingar for brannslukking.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert frarådd.</b> Det ligg i funksjonell strandsona, og har negative konsekvensar for landskap.</p>	
---	--



### 3.15. Samla vurdering for krinsen Nore Neset

Det er lagt til grunn at bustadbygging skal skje innafør eksisterande infrastruktur og langs kollektivaksar. Bustadbygginga skal stø opp om vedteken senterstruktur. I Nore Neset er det nok ledig bustadareal i senterområdet til å dekke bustadbehovet fram til 2040.

Det er vurdert 9 nye bustadområde, om lag 182 daa samla sett. To innspel er tilrådde, eller tilrådd på vilkår. Desse ligg innafør senterstrukturen. Dei resterande 7 innspela er frarådde. Av desse er 4 utanfor senterstrukturen.

Tabell under viser ikkje samla sum av innspel. Eit innspel kan omhandle fleire arealformål.

	Frarådd	Vilkår	Tilrådd
Bustad	7	1	1
Naust (annen type bebyggelse og anlegg)		1	3
Småbåthamn			1
Fritidsbustad	3		1
Samla areal i daa (ca) <sup>7</sup>	137	21	86

Det generelle bilete viser at innspela som er frarådde skuldast negative konsekvensar eller høgt konfliktpotensial med landbruksverdiar, naturmangfald, landskap, strandsone, friluftsliv og nærmiljø. Støy er også eit tema i fleire av innspela. Det er ingen tema som peikar seg ut som særleg meir utfrodrande enn andre.

#### Bustadfelt i krinsen Hegglandsdalen som er særleg uheldige

Nore Neset 123	Negative konsekvensar / konfliktpotensial for fleire tema; landskap, naturmangfald og friluftsliv. Viktig grøn buffer langs med Døsjaelva. Ikkje optimal måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging.
----------------	--

### 3.16. Vurdering etter naturmangfaldlova for krinsen Nore Neset

I kapittel 2.5 er det utgreidd om korleis Naturmangfaldlova er vurdert. Her fylgjer vurderingane som gjeld for krinsen Nore Neset. Forskrift om utvalde naturtypar jf. § 53 er ikkje diskutert for denne krinsen fordi det ikkje er registrert slike her. Prioriterte artar jf. § 23 er ikkje registrert i Os kommune.

#### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

I krinsen Nore Neset er det fem område med så sparsamt kunnskapsgrunnlag, og der det er potensial for naturverdiar, at det er nødvendig med ein synfaring. Dette gjeld dok 78, 138, 124/310/341 (ID 310, 110 og 297). I tillegg bør det utførast marine granskingar i område med dok 321. Ideelt sett burde det og vore synfaringar til områda dok 68, 139, 143, 307, 281 og 288 (ID 56, 112, 117, 295, 33g), men desse har ikkje så stort potensial for naturverdiar. Med unntak av områda dok 78, 138, 124/310/341 og 321 (ID 310, 110, 297), er det eit godt kunnskapsgrunnlag for vurdering av områda sin naturverdi.

Når det gjeld verknader (*omfang, jf. naturmangfaldlova «effekter av påvirkning»*) og konflikt, blir det ein noko mangelfull vurdering på grunn av manglande detaljar om tiltaka. På bakgrunn av at det her er sett føre seg totale arealbeslag, er konklusjonane om verknad og konflikt vurdert som tilstrekkelege unntatt for områda med dok 78, 138, 124/310/341 og 321 (ID 310, 110, 297), fordi verdien for naturmangfald ikkje er kjend.

#### § 9 Føre-var-prinsippet

Det er vurdert at kunnskapsgrunnlaget for verdisettinga, verknader og konflikt, med unntak av områda med dok 78, 138, 124/310/341 og 321 (ID 310, 110, 297), er godt nok for vurderingane for

<sup>7</sup> Akvakulturanlegg er ikkje medrekna.

vidare planlegging på eit overordna nivå som dette. For desse kjem truleg difor ikkje føre-var-prinsippet til bruk, men for dei andre områda med dok 78, 138, 124/310/341 og 321 (ID 310, 110, 297), som er vurdert med potensial for naturverdiar, kjem truleg føre-var-prinsippet i bruk.


### **§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning**

Samla belastning i høve til naturmangfaldlova § 10 er summen av påverknad både frå desse tiltaka, og frå eksisterande påverknad og eventuelle framtidige tiltak. Eit stort tiltak som planleggast for Os kommune er ny E39. Nedanfor er dei viktigaste momenta i høve til tiltaka si samla belastning omtalt.

Slik som dei ulike vegalternativa for E39 er foreslått, så vil krinsen Nore Neset bli påverka mest av det vestlege alternativet for E39, som vil påverke den austlege delen av krinsen. Den samla belastninga for denne krinsen, med E39 og dei samla arealinngrepa frå ulike innspela, er difor middels stor.

Områda som er viktige leveområde for arealkrevjande fugleartar i denne krinsen er skogsområda i nord, men her er det ingen innspel. Sjølv om ikkje vipe (EN) har særleg mange registreringar her, så har krinsen fleire område med potensial for arten. Det gjeld hovudsakeleg dei opne markane.

3.17. Krins 6. Nore Øyane



Nore Øyane hadde eit innbyggjartal på 541 pr.01.01.2018, og her er store område som er sett av som byggeområde. Det finst ikkje senterområde i krinsen.


Det er vurdert 35 endringar som ligg i krins Strøno

Arealformål	Tal	Areal (da)
Akvakultur	1	1524
Andre typer bebyggelse og anlegg	9	3
Boligbebyggelse	8	49
Fritids- og turistformål	2	147
Fritidsbebyggelse	2	61
Havn	1	1
Næringsvirksomhet	1	13
Småbåthavn	6	13
Spredd boligbebyggelse	1	13
<b>Totalsum</b>	<b>31</b>	<b>1826</b>

### 3.17.1.Nore Øyane 1 – naust og kai

ID 4

Jnr. 12/33212

<p><b>Føremål i dag:</b> Naturområde-grønstruktur  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> naust  <b>Forslagsstillar:</b> Anne-Vi og Jan Abrahamsen,  <b>Gbnr:</b> 27/209  <b>Areal storleik:</b> 0,2 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>          Utviding av kai innanfor same eigedom. Del av 27/209 er alt utbygd med kai og flytebrygge. Makebyte</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi, Forstøno – Skorpo. Den særmerkte urørte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på. Tilgrensande område mot aust er allereie utbygd. Det er naust på begge sider av Øyjordsvika.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsoner		Området ligg utanfor funksjonell strandsoner, men innanfor eit svært viktig friluftsområde (strandsoner med tilhøyrande sjø og vassdrag).
Landbruk		Området er klassifisert som bebygd areal.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA-anlegg i området. Ligg inn mot bustad tilknytt lokalvegnett
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området ligg i strandsona, kan verte utsett for framtidig stormflo og havnivåstigning.
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Noko skog i området
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS-analyse:</b> Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nærre strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot		

sjø skal visast i plankartet. Det kan vera fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann i området. Som risikoreducerande tiltak bør det sikrast god tilkomst for brannvesen.

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd.** Det ligg utanfor funksjonell strandsone og har ikkje vesentlege negative konsekvensar. Unntak er friluftsliv.

### 3.17.2. Nore Øyane 10 - bustad

ID 8

14/14370

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF og bustad  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Arild Forstrønen  <b>Gbnr:</b> 27/185  <b>Areal storleik:</b> 2,7 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Del av tomt ligg innanfor buffer mot sjø. Same del av tomt ligg innafor den funksjonelle strandsona.</p> <p>Ønskjer at heile tomta vert bustad, og ikkje berre 2/3 av ho.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Forstrøno-Skorpo. Den særmerkte urørte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på. Nye byggeområde bør leggst inn mot eksisterande byggeområde på Nordstrøno, ikkje leggst for høgt, og fjernverknad må vurderast. Bustad er allereie oppført i området. Uheldig at bustadområdet vert utvida inn i grønstruktur som er del av grøn korridor i bustadområdet
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Eksisterande bustad. Skule i nærleiken, ikkje gang- og sykkelveg. I utkant av bustadområde. Grønt dersom området ikkje skal utbyggast.
Friluftsliv og strandsona		Nordre del av tomta ligg i funksjonell strandsona, og området er del av eit svært viktig friluftslivsområde (utfartsområde).
Landbruk		Området består av barskog av høg bonitet og utbygd areal
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen. Ein legg her til grunn at det ikkje vert bygd nye bueningar på tomta (i så fall ville innspelet vere raudt)
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Har lokalveg.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare



Skog/lyngbrann		Noko skog rundt	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ikkje kjend	
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend	
<b>ROS- analyse:</b> Det kan vera fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann i området. Som risikoreducerande tiltak må det sikrast god tilkomst for brannvesen, skog og kratt bør ryddast, og evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.			

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert tilrådd på vilkår</b> av betre tilpassing til grønkorridor og funksjonell strandsone.	
---	--

### 3.17.3. Nore Øyane 16 - naust

ID 13

jnr 14/31747

<p><b>Føremål i dag:</b>  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Naust  <b>Forslagsstillar:</b> Arild Forstrønen  <b>Gbnr:</b> 25/69  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Klammerskjeret. Her er eit naust i dag, som har vore her i fleire generasjonar, synleg på flyfoto frå 1951.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Forstrøno – Skorpo. Den særmerkte urørte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente. Naustet er av eldre dato, men ikkje i SEFRAK-registeret. Mogleg ein mangel.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant, men tap av noko grøntstruktur dersom det vert bygd fleire naust.
Friluftsliv og strandsoner		Området ligg innanfor funksjonell strandsoner og innanfor eit svært viktig friluftsområde (utfartsområde).
Landbruk		Området består av lauvskog på impediment.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg. Holme
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området ligg innanfor aktsemdsona for flaum, kan verte råka av framtidig havnivåstigning, flaumfare v/stormflo/springflo
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Viss fare, men ikkje særskild fare for dette tiltaket
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend

**ROS-analyse:** Ligg på ein holme. Området ligg i strandsona, og del av området ligg som aktsemdsområde for flaum. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstiging ved bygging så nærre strandsona. Havnivåstiging kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Som risikoreduserande tiltak må det sikrast gode løysingar for brannslukking, og evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.


Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd.** Området ligg i strandsona på ein holme og har negative konsekvensar for landskap og friluftsliv. Ligg i funksjonell strandsona.

### 3.17.4. Nore Øyane 37 - bustad

ID 36

15/25635

<p><b>Føremål i dag:</b> offentlig  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b>                  bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Ingvar Bjørkhaug  <b>Gbnr:</b> 27/290  <b>Areal storleik:</b> 0,9 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Området ligg utafor ytre avgrensing av næraste senterområde. Gamleskolen er i dag vist til offentlig føremål, men er brukt til bustad.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Strøno. Nye byggeområde bør leggast inn mot eksisterande byggeområde, ikkje leggast for høgt, og fjernverknad må vurderast. Ligg inn mot gjeldande byggeområde, men dette er ikkje tatt i bruk.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Ikkje kjent. Gamleskolen ser ut til å vere påbygd og ombygd.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Eksisterande bustad. Skule i nærleiken, ikkje gang- og sykkelveg. Ikkje nær eksisterande bustadområde.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innanfor eit registrert friluftslivsområde.
Landbruk		Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet ligg i eit område der tilkomst til nærsenter, daglegvare, Osøyro og til handlesenter vil vere bilbasert. Det er tilnærma ingen kollektivtilbod. Skulen ligg innafør sykkelavstand.
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Området ligg i aktsemdssona for snøskred og delvis steinsprang. Faren for skred må bli utreda nærare.
Skog/lyngbrann		Viss fare
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend


Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS-analyse:</b> Området er dekt av aktsemdsone for snøskred og delvis steinsprang. Faren for skred må bli utreda nærare. Det kan vera fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann i området. Som risikoreduserande tiltak må det sikrast god tilkomst for brannvesen, og evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd.</b> Det har låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging, ligg ikkje innafør ein senterstruktur, og har negativ konsekvens for landskap.	
---	--

### 3.17.5. Nore Øyane 46 – bustad og naust

ID 43 og 44  
 15/30853

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Naust og bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Roald Skippervik  <b>Gbnr:</b> 27/320  <b>Areal storleik:</b> 2,6 + 0,5 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b></p>	
---	---

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing		Kommentar/tiltak
Miljø			
Landskap			Stor verdi – Forstrøno-Skorpo. Den særmerkte urørte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på. Nye byggeområde bør leggest inn mot eksisterande byggeområde på Nordstrøno, ikkje leggest for høgt, og fjernverknad må vurderast.
Støy			
Naturmangfald			Ingen registrerte naturverdiar, men ID 43 er vestvendt og skogdekt og har moglegvis naturverdiar. Den bør undersøkast med feltarbeid.
Kulturminne og kulturmiljø			Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge			Bustad: Skule i nærleiken, ikkje gang- og sykkelveg. I utkant av bustadområde. Naust: tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsone			Heile arealet ligg innanfor funksjonell strandsone, og halvparten av området ligg innanfor eit svært viktig friluftslivsområde (utfartsområde)
Landbruk			Området består av barskog av høg bonitet, men er truleg lite til nytte for skogbruksføremål.
Samfunn			
Samordna areal og transportplanlegging	Bustad	Naust	Bustad: Innspelet ligg i eit område der tilkomst til nærsenter, daglegvare, Osøyro og til handlesenter vil vere bilbasert. Det er tilnærma ingen kollektivtilbod. Skulen ligg innafør sykkelavstand

			Naust: Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur			Ikkje Off. VA- anlegg. Ikkje veg direkte til tomta
Risiko og sårbaranalyse			
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko		Kommentar/tiltak
Ekstremvær			Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum			Delar av området ligg i strandsona, kan verte råka av framtidig havnivåstigning
Skred			Områda ligg innanfor aktsemdsone for snøskred. Faren for skred må bli utreda nærare
Skog/lyngbrann			Kan vera viss fare for skogbrann
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker			Ikkje kjend, men relativt smalt sund med noko båttrafikk
Utslepp, akutt ureining			Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur			Ikkje kjend
<p><b>ROS- analyse:</b> Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nærre strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynsone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad). skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket.</p>			

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd.** Det har låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging, ligg ikkje innafør ein senterstruktur, og har negativ konsekvens for landskap. Heile innspelet ligg i funksjonell strandsona.



### 3.17.6. Nore Øyane 99 - bustad

ID 69

16/17564

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Bjørn Sigurjonsson  <b>Gbnr:</b> 26/17, 26/23, 26/21  <b>Areal storleik:</b> 3,2 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg utafor ytre avgrensing av næraste senterområde (bustaden brann ned på 90- talet).</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Forstrøno-Skorpo. Nye byggeområde bør leggjast inn mot eksisterande byggeområde på Nordstrøno, ikkje leggjast for høgt, og fjernverknad må vurderast. Innspelsområdet ligg ikkje inn mot eit byggeområde.
Støy		Ligg i gul støysone frå veg (langs vegen)
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Langt frå skule, barnehage og nærsenter. Ikkje gang- og sykkelveg, eller nær andre bustadområde.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Området består i hovudsak av open fastmark.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet ligg i eit område der tilkomst til nærsenter, daglegvare, Osøyro og til handlesenter vil vere bilbasert. Det er tilnærma ingen kollektivtilbod. Skulen ligg innafør sykkelavstand.
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot Lønnevågvegen
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Austleg randsone ligg innanfor aktsemdsone for snøskred. Faren for skred må bli utreda nærare.
Skog/lyngbrann		Kan vera viss fare for skogbrann rundt
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men området grensar mot Lønnevågvegen
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS-analyse:</b> Området er dekt av aktsemdsone for snøskred. Faren for skred må bli utreda nærare. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket.</p>		


Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd.** Det har låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging, ligg ikkje innafør ein senterstruktur, og har negativ konsekvens for landskap.



### 3.17.7. Nore Øyane 105 - bustad

Id 77  
16/19300

<p><b>Føremål i dag:</b>  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Helge Bjørndal  <b>Gbnr:</b> 27/1  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg utafor ytre avgrensing av næraste senterområde.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Forstrøno-Skorpo. Nye byggeområde bør leggest inn mot eksisterande byggeområde på Nordstrøno, ikkje leggest for høgt, og fjernverknad må vurderast. Innspelet ligg nær eit byggeområde, men dette er ikkje tatt i bruk.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar anna enn einsskilde registreringar av vanlege soppartar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente. Like i kant av innspelsområdet ligg løe i SEFRAK frå 1800-talet, 4. kvartal. Fleire bygg i SEFRAK lenger nord. Lagt til grunn at desse først og fremst har lokal verdi.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Langt frå skule, barnehage og nærsenter. Ikkje gang- og sykkelveg, i ytterkant av et lite bustadområde. Tap av noko grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Området består av lauvskog av særst høg bonitet, men ligg nær busetnad.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet ligg i eit område der tilkomst til nærsenter, daglegvare, Osøyro og til handlesenter vil vere bilbasert. Det er tilnærma ingen kollektivtilbod. Skulen ligg innafor sykkelavstand.
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot lokalveg og nær Lønnevågvegen.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Kan vera viss fare for skogbrann i området
Andre uønska hendingar		

Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS-analyse:</b> Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast.		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd.</b> Det har låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging, ligg ikkje innafor ein senterstruktur, og har negativ konsekvens for landskap.	
---	--

### 3.17.8. Nore Øyane 106 – bustad, småbåthamn

ID 78 +79  
16/19807

**Føremål i dag:** Naust, LNF og sjø  
**Framlegg til nytt arealføremål:** bustad og småbåtanlegg (utviding)  
**Forslagsstillar:** Kari Mosland og Kristian Strønen  
**Gbnr:** 27/111  
**Areal storleik:**

**Skildring av området:**

Ønskjer omgjerung frå naust til bustad (i tråd med dagens bruk), og utviding av småbåtanlegg.

Området ligg utafor ytre avgrensing av næraste senterområde. Eigedommen er godkjent som bustad, men ligg i eit byggeområde for naust. Området på land ligg utanfor den funksjonelle strandsona.



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Forstrøno-Skorpo. Den særmerkte urørte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på. Området på land er allereie utbygd. Småbåthamn på tvers av sundet vil vere negativt for landskapsbiletet.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar på land, men sjøarealet har truleg marine naturverdiar og grunne vassområde og bør undersøkast for dette.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Eksisterande bustad. Skule i nærleiken (ca. 1 km), ikkje gang- og sykkelveg. I utkant av bustadområde. Grønt dersom området ikkje skal utbyggast. Tema ikkje relevant for småbåthamn
Friluftsliv og strandsona		Begge områda er del av eit svært viktig utfartsområde. Ligg utanfor funksjonell strandsona. Småbåthamna ligg inn mot øy / nes som ligg i funksjonell strandsona
Landbruk		Området på land er bebygd areal og barskog på impediment
Samfunn		

Samordna areal og transportplanlegging		Tiltaka er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen. Bustad er allereie etablert
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA-anlegg i området. Tilkomst via lokalvegnett
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Deler av begge områda ligg innanfor aktsemdsone for flaum. Området ligg i strandsona, kan verte utsett for framtidig stormflo og havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Kan vera viss fare for skogbrann i området
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men relativt smalt sund med noko båttrafikk
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS- analyse:</b> Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nære strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert tilrådd på vilkår</b> av at småbåthamna vert teken ut. Denne er negativ for landskap og friluftsliv.	
--	--

### 3.17.9. Nore Øyane 116 - akvakultur

ID 87

16/20496

<p><b>Føremål i dag:</b> AK-område og FB-fleirbruksområde  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> AK-område (akvakultur)  <b>Forslagsstillar:</b> Lerøy vest AS, Skorpo  <b>Gbnr:</b>  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>          Utviding av eksisterande AK-område ved Lerøy Vest sin lokalitet Skorpo Vest, vest for Skorpo mot Krossfjorden/Lysefjorden.</p> <p>Inga endring av infrastruktur</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Austre delar ligg i område med stor verdi – Forstrøno-Skorpo. Den særmerkte urørte strandsona er viktig. Dette er eit stort og vidt fjordrom som i utgangspunktet toler denne type installasjonar. Området er likevel noko eksponert med tanke på nærverknad og lys. Anlegget eksisterer i dag
Støy		
Naturmangfald		Ligg i Krossfjorden marine verneområde (naturmangfaldlova)
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsoner		I aust grensar området til eit svært viktig friluftslivsområde (utfartsområde).
Landbruk		Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, viss fare ved stormflo/springflo
Flaum		Området ligg i marin sone, og kan verte utsett for stormflo og framtidig havnivåstiging
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ikkje slik fare
Andre uønska hendingar		




Større transportulukker		Ikkje kjend	
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend, men det må nyttast båt for å koma til og frå anlegget	
<b>ROS- analyse:</b> Området ligg i sjø, og kan såleis verte utsett for stormflo og framtidig havnivåstiging, er noko vindutsett. Ingen vesentleg konflikt med samfunnstryggleik men det må takast omsyn til ekstremvær/bølgjer/stormflo ved tilrettelegging/utviding av anlegget.			

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert tilrådd på vilkår</b> av at det ikkje er konflikt med marint verneområde og at det vert fastsett nødvendige restriksjonar for aktiviteten gjennom høyringsprosessen/ før vedtak av plan.	
--	--

### 3.17.10. Nore Øyane 146 – fritidsbustad, naust, kai

ID 120, 121, 122 og 123  
16/21872

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Fritidsbustader, naust/kai  <b>Forslagsstillar:</b> Bjørn Sundøy  <b>Gbnr:</b> 30/2  <b>Areal storleik:</b> 0,4 + 0,3 + 0,3 + 5,0</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Eit område for fritidsbustader, og tre område for kai med naust..</p> <p>Sjå også Nore Øyane 315</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Strøno. Den særmerkte urørte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på. Sørspissen av øya er særleg eksponert og sårbar. Nye byggeområde bør leggest inn mot eksisterande byggeområde, ikkje leggest for høgt, og fjernverknad må vurderast. Innspelet bryt med alle desse prinsippa.
Støy		
Naturmangfald		Ligg delvis i det viktige viltområdet Strøno, som er eit furuskogsområde viktig for storfugl og truleg kvitryggspett. Områda for naust er strandberg med noko kalkrik berggrunn.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av antatt viktig samanhengande grøntstruktur, elles tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsona		Områda ligg innanfor den funksjonelle strandsona, og er del av eit registrert friluftslivsområde (nærturterreg).
Landbruk		Område består av barskog på impediment.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ingen Off. VA- anlegg i området, ingen veg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Mindre delar av område langs sjø ligg innanfor aktsemdsone for flaum. Deler av området ligg i strandsona, kan verte utsett for framtidig

		havnivåstigning, flaumfare v/stormflo/springflo	
Skred		Ikkje slik fare	
Skog/lyngbrann		Skog/lyng i området	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ikkje kjend	
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend	
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona, og del av området ligg som aktsemdsområde for flaum. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nærre strandsona. Havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Som risikoreduserande tiltak må det sikrast god tilkomst for brannvesen, skog/kratt rundt bør ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket.</p>			


Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd**, først og fremst på grunn av negative konsekvensar for landskap, friluftsliv og strandsoner.

### 3.17.11. Nore Øyane 148 – bustad spredt

Id 127

jnr 16/21886

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF, men eit område har noko spredt bustad</p> <p><b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad spredt</p> <p><b>Forslagsstillar:</b> Jarle Sørstrønen</p> <p><b>Gbnr:</b> 28/3</p> <p><b>Areal storleik:</b> 16,2 + 53,6 + 21,9 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b> Området ligg utafor ytre avgrensing av næraste senterområde</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Vestre del ligg i middels verdi – Strøno. Austre del ligg i stor verdi-Skeisosen. Nye byggeområde bør leggest inn mot eksisterande byggeområde, ikkje leggest for høgt, og fjernverknad må vurderast
Støy		Areal mot veg ligg i gul støysone frå veg
Naturmangfald		Ikkje kjent naturverdiar. Potensial for naturverdiar her og bør undersøkast
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Langt frå skule, barnehage og nærsenter. Ikkje gang- og sykkelveg, ikkje nær andre bustadområde. Tap av noko antatt viktig samanhengande grøntstruktur
Friluftsliv og strandsone		Ligg innanfor eit registrert nærturterreng.
Landbruk		Barskog på mark med høg og særskilt høg bonitet
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Ligg i område der tilgjenge til nærsenter, regionsenter, daglegvare og anna handel vil vere bilbasert. Skulen er innafor sykkelavstand.
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Skog/lyng i området
Andre uønska hendingar		

Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS-analyse:</b> Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket.		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd</b> , då det har låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging og negativ konsekvens for landbruk og nærmiljøtema.	
---	--

### 3.17.12. Nore Øyane 151 – naust og småbåthamn

ID 131 og 132  
Jnr. 16/22014

<p><b>Føremål i dag:</b> Naturområde, grønstruktur, LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Hamneområde, kai og naust  <b>Forslagsstillar:</b> Jon Tore Døsen og Katrine Røttingen  <b>Gbnr:</b> 27/35  <b>Areal storleik:</b> 0,3 + 0,2 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Eksisterande kai frå 50-talet er einaste tilkomst til 27/35. Det har tidlegare òg vore naust på staden. Omsøkt naustetomt ligg innanfor den funksjonelle strandsona.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Forstrøno-Skorpo. Den særmerkte urørte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på. Det er allereie ein kai i området
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar, men areal i sjø bør undersøkast for marine naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ikkje kjente.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsona		Områda ligg innanfor eit svært viktig utfartsområde. Ligg i funksjonell strandsona. Skorpo har få inngrep i strandsona
Landbruk		På land er det barskog på impediment
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ingen Off. VA- anlegg i området. Ingen veg. Øy
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Område i strandsona kan verte råka av framtidig havnivåstigning
Skred		Område er dekt av aktsemdssona for utløp av snøskred og steinsprang. Faren for skred må bli utreda nærare
Skog/lyngbrann		Ikkje skog/lyng
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend

Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend, men det må nyttast båt for å koma til og frå staden
<b>ROS-analyse:</b> Det må visast omsyn til vindtilhøva, stormflo og havnivåstigning ved bygging så nære strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet.		


Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert tilrådd på vilkår.</b> Det må setjast krav til god terrengtilpassing, minst mogleg arealinngrep og at nytt volum er tilpassa tradisjonelle naust på Skorpo.	
---	--



### 3.17.13. Nore Øyane 177 – naust/småbåthamn på land og småbåthamn i sjø

ID 175 og 176  
16/22617

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF og vannareal for allmenn flerbruk</p> <p><b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Naust /småbåt-hamn på land og småbåthamn i sjø.</p> <p><b>Forslagsstillar:</b> Kurth Dalen og Wenche Forstrønen</p> <p><b>Gbnr:</b> 25/13</p> <p><b>Areal storleik:</b> 0,2 på land og 0,6 daa sjøareal</p> <p><b>Skildring av området:</b> Har i dag hytte som ligg innanfor byggeområde for hytte, men del av eigedom ned mot sjø er LNF. Det er etablert kai og flytebrygge som sikrar tilkomst.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Forstrøno-Skorpo. Den særmerkte urørte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på. Det er allereie ein kai i området. Småbåthamn så langt ut i sundet er negativt.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar, men den i sjø bør undersøkast for marine naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsona		Landareal ligg innanfor den funksjonelle strandsona, og områda er del av eit svært viktig friluftslivsområde (utfartsområde).
Landbruk		Området består delvis av barskog av høg bonitet og delvis av innmarksbeite.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Områda ligg innanfor aktsemdsone for flaum. Faren for flaum må bli utreda nærare. Området i strandsona kan bli råka av framtidig stormflo og havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ikkje slik fare


Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend, men det må nyttast båt for å koma til og frå staden
<p><b>ROS-analyse:</b> Området ligg i strandsona og det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nære strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Del av området ligg som aktsomsområde for flaum. Faren for flaum må bli utreda nærare.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert tilrådd på vilkår.</b> Småbåthamn bør gjerast mindre og få ei betre tilpassing til bukta. Det må setjast krav til god terrengtilpassing, minst mogleg arealinngrep og at nytt volum er tilpassa tradisjonelle naust på Forstrøno.</p>	
--	--

### 3.17.14. Nore Øyane 186, 342 – bustad og småbåthamn

ID 181, 182 og 338  
16/22676

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF, sjø</p> <p><b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> bustad og småbåthamn</p> <p><b>Forslagsstillar:</b> Johannes Hellevang, Reidar Skorpen m.fl</p> <p><b>Gbnr:</b> 26/16, 27/187 og 376, 27/377 og 344, 27/347, 348, 376 og 343</p> <p><b>Areal storleik:</b> 17,5 daa på land + 2,4 og 0,7 daa i sjø</p> <p><b>Skildring av området:</b> Området ligg utafor ytre avgrensing av næraste senterområde.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak	
Miljø			
Landskap		Stor verdi – Forstrøno-Skorpo. Den særmerkte urørte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på. Nye byggeområde bør leggst inn mot eksisterande byggeområde på Nordstrøno, ikkje leggst for høgt, og fjernverknad må vurderast. Innspelsområdet ligg ikkje inn mot eit byggeområde. Det er allereie småbåthamn i området, men i mindre skala. Uheldig med ytterlegare utviding av denne	
Støy		Sørleg del mot veg, ligg i gul støysone frå veg	
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar. Skoen i søraustre del av 181 og sjøområda bør undersøkast.	
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente	
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Langt frå skule, barnehage og nærsenter. Ikkje gang- og sykkelveg, eller nær andre bustadområde. Tap av grøntstruktur.	
Friluftsliv og strandsone		Nordvestre del av bustadområdet ligg innanfor eit svært viktig utfartsområde	
Landbruk		Området på land har blandingsskog og lauvskog dels med lav bonitet og dels på impediment	
Samfunn			
Samordna areal og transportplanlegging	Bustad	Hamn	Området for bustad ligg i område der tilgjenge til nærsenter, regionsenter, daglegvare og anna handel vil vere bilbasert. Skulen er innafor sykkelvstand
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området	
Risiko og sårbaranalyse			
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak	

Ekstremvær		Strandsona: Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Avgrensingane som gjeld strandsona er dekt av aktsemdsone for flaum. Faren for flaum må bli utreda nærare. Området kan verte råka av framtidig havnivåstiging
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Kan vera viss fare for skogbrann i området
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men relativt smalt sund i sjø med noko båttrafikk
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS-analyse:</b> Området i strandsona: Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nærre strandsona, då havnivåstiging kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynsone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Del av dette området ligg i aktsemdsområde for flaum. Faren for flaum må bli utreda nærare. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert frarådd</b>, då det har låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging. Ligg ikkje innafør noko områdesenter. Negative konsekvensar for landskap. .</p>	
--	--

### 3.17.15. Nore Øyane 191 – LNF spredt (bustad)

ID 186

16/22693

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> LNF spredt  <b>Forslagsstillar:</b> Karl Bjarne Monge  <b>Gbnr:</b> 27/306 og 310  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg utafor ytre avgrensing av næraste senterområde.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Forstrøno-Skorpo. Nye byggeområde bør leggest inn mot eksisterande byggeområde på Nordstrøno, ikkje leggest for høgt, og fjernverknad må vurderast. Innspelsområdet ligg ikkje inn mot eit byggeområde.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar. Skogen her bør undersøkast.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Langt frå skule, barnehage og nærsenter. Ikkje gang- og sykkelveg, eller nær andre bustadområde. Tap av grøntstruktur
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Området består av barskog av høg bonitet, men vurderast som lite eigna for skogbruk.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet ligg i område der tilgjenge til nærsenter, regionsenter, daglegvare og anna handel vil vere bilbasert. Skulen er innafør sykkelavstand.
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot Lønnevågevegen
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Skog/lyng i området
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend

Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend	
<b>ROS- analyse:</b> Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket.			


Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd</b> , då det har låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging. Ligg ikkje innafor noko områdesenter. Negative konsekvensar for landskap.	
--	--



### 3.17.16. Nore Øyane 198 - bustad

ID 192  
16/22709

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Ole Jan Strønen og Hanne Lunde Hansen  <b>Gbnr:</b> 26/1, 6, 21 og 23  <b>Areal storleik:</b> 24,5 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg utafor ytre avgrensing av næraste senterområde.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Forstrøno-Skorpo. Nye byggeområde bør leggst inn mot eksisterande byggeområde på Nordstrøno, ikkje leggst for høgt, og fjernverknad må vurderast. Innspelsområdet ligg ikkje inn mot byggeområde
Støy		Ligg i gul støysone frå veg (langs vegen)
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar, men dei opne markane har potensial for vipe (EN).
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Langt frå skule, barnehage og nærsenter. Ikkje gang- og sykkelveg, eller nær andre bustadområde.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Området består av ein mosaikk av barskog av høg bonitet, fulldyrka jord og overflatedyrka jord
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet ligg i eit område der tilkomst til nærsenter, daglegvare, Osøyro og til handlesenter vil vere bilbasert. Det er tilnærma ingen kollektivtilbod. Skulen ligg innfor sykkelavstand
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot Lønnevågvegen
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Austleg del av område er dekt av aktsemdsone for snøskred. Faren for skred må utgreiast nærare
Skog/lyngbrann		Skog/lyng i området
Andre uønska hendingar		
Større transportulucker		Ikkje kjend, men området grensar mot Lønnevågvegen
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS- analyse:</b> Austleg del av område er dekt av aktsemdsone for snøskred. Faren for skred må utgreiast nærare. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i		



området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket.

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd**, då det har låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging. Ligg ikkje innafor noko områdesenter. Negative konsekvensar for landskap.

### 3.17.17. Nore Øyane 201 - fritidsbustad

ID 193  
16/22712

**Føremål i dag:** naust  
**Framlegg til nytt arealføremål:** fritidsbustad  
**Forslagsstillar:** Karl Bjarne Monge  
**Gbnr:** 27/311 m.fl.  
**Areal storleik:** 0,5 daa

**Skildring av området:**

Området er sett av til naust i gjeldande plan. Fire naust i rekke. Ønskjer omgjort til fritidsbustad. Området ligg utanfor den funksjonelle strandsona.



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Forstrøno-Skorpo. Den særmerkte urørte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på. Området er allereie utbygd. Omgjering frå naust til fritidsbustad vil føre til ytterlegare privatisering.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av noko samanhengande grøntstruktur, elles tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innanfor eit svært viktig friluftsområde (utfartsområde). Allereie bygd ut
Landbruk		Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området er dekt av aktsemdsone for flaum. Faren for flaum må utgreiast nærare, kan verte utsett for framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Kan vera viss fare for skogbrann i området
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men relativt smalt sund i sjø med noko båttrafikk like utom avgrensinga
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend

**ROS-analyse:** Området ligg i strandsona, og del av området ligg i aktsemdsområde for flaum. Det må visast omsyn til fare for flaum, stormflo og venta havnivåstigning ved bygging så nære strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo (inkl.noko bølgepåverknad) og havnivåstiging skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Eksisterande bygg ligg i aktsemdsområde for flaum. Faren for flaum må bli utreda nærare. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket.


#### Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd** då det ligg utanfor funksjonell strandsona, og allereie er utbygd.

### 3.17.18. Nore Øyane 256, 360, 362 - naust

ID 257

Jnr 16/23727

<p><b>Føremål i dag:</b> Naturområde-grønstruktur  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Naust  <b>Forslagsstillar:</b> Ole Jan Strønen  <b>Gbnr:</b> 27/24  <b>Areal storleik:</b> 0,5 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Naust, gjeve byggeløyve til naust i 1985</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Forstrøno-Skorpo. Den særmerkte urørte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på. Nye byggeområde bør leggst inn mot eksisterande byggeområde på Nordstrøno, ikkje leggst for høgt, og fjernverknad må vurderast.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsona		Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona, og er del av eit svært viktig friluftsområde (utfartsområde).
Landbruk		Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA-anlegg i området. Har vegtilkomst.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området ligg i strandsona, kan verte utsett for framtidig stormflo og havnivåstigning.
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ikkje slik fare
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend


Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend	
<b>ROS-analyse:</b> Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nærre strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5). Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet			

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd</b> , då det ligg innafor funksjonell strandsona og har negative konsekvensar for landskap og friluftsliv.	
--	--

### 3.17.19. Nore Øyane 267 - bustad

ID 270  
16/23940

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF og bustad  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Asle J. Andås  <b>Gbnr:</b> 28/62  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>          Ønskjer at heile tomta vert byggeområde for bustad. Tomta er allereie planert.          Halve tomta ligg innanfor byggjgeområde for bustad.          Tomta ligg utafor ytre avgrensing av næraste senterområde.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Strøno. Nye byggeområde bør leggest inn mot eksisterande byggeområde, ikkje leggest for høgt, og fjernverknad må vurderast. Ligg inn mot gjeldande byggeområde, men dette er ikkje tatt i bruk.
Støy		Langs veg ligg arealet i gul støysone frå veg
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Langt frå skule, barnehage og nærsenter. Ikkje gang- og sykkelveg, eller nær andre bustadområde. Tap av grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Området består i hovudsak av lauvskog av høg bonitet. Tomta er allereie delvis planert og ligg nær veg og busetnad. Området vurderast derfor som lite egna til skogbruksføremål (av liten verdi) og konsekvensen for landbruk blir liten negativ.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet ligg i eit område der tilkomst til nærsenter, daglegvare, Osøyro og til handlesenter vil vere bilbasert. Det er tilnærma ingen kollektivtilbod. Skulen ligg så vidt innafor sykkelavstand.
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot lokalvegnett
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak

Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Skog i området
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS-analyse:</b> Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreducerande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket.		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd.</b> Det har låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging, ligg ikkje innafor ein senterstruktur, og har negativ konsekvens for landskap.	
---	--



### 3.17.20. Nore Øyane 315 – fritidsbustad

ID 301  
 17/4

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> fritidsbustad  <b>Forslagsstillar:</b> Jon Olaf Sørstrønen, Husfjelltangen  <b>Gbnr:</b> 28/1  <b>Areal storleik:</b> 83,9 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Om lag halve området ligg innanfor den funksjonelle strandsona. Området grensar inn til eit lite hytteområde i sør.</p> <p>Sjå også Nore Øyane 146</p>	
---	---

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Strøno. Den særmerkte urørte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på. Sørspissen av øya er særleg eksponert og sårbar. Nye byggeområde bør leggst inn mot eksisterande byggeområde, ikkje leggst for høgt, og fjernverknad må vurderast. Innspelet bryt med alle desse prinsippa.
Støy		
Naturmangfald		Ligg delvis i det viktige viltområde Strøno, som er eit furuskogsområde viktig for storfugl og truleg kvitryggspett.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av antatt viktig samanhengande grøntstruktur, elles tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsona		Store delar av området ligg innanfor den funksjonelle strandsona, og heile området er del av eit registrert friluftslivsområde (nærturterreng).
Landbruk		Området består av barskog, delvis av middels bonitet, delvis på impediment
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet gjeld hytter for næring/turisme. Vil derfor kunne gje meir biltransport til området. Ingen kollektivtilbod

Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Ingen vegtilkomst
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, viss fare for flaum/stormflo/springflo nærast sjø
Flaum		Austleg randsone av området er dekt av aktsemdssone for flaum. Faren for flaum må bli utreda nærare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i skog/lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men ingen vegtilkomst er etablert
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS-analyse:</b> Austleg del av området ligg i aktsemdsområde for flaum. Faren for flaum må bli utreda nærare. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging så nære strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket.</p>		


Samla vurdering av innspelet med tilråding

Innspelet vert frarådd, på grunn av negative konsekvensar for landskap, friluftsliv og strandsona.	
--	--

### 3.17.21. Nore Øyane 316a– fritidsbustad / campingplass

ID 302 og 303

Jnr 17/5

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> fritids- og turistformål  <b>Forslagsstillar:</b> Jon Olaf Sørstrønen  <b>Gbnr:</b> 28/1  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>                  To område for fritidsbustad/campingplass. Ligg utanfor ytre avgrensing av næraste senterområde.</p>	
--	---

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak	
Miljø			
Landskap		Middels verdi – Strøno. Sørspissen av øya er særleg eksponert og sårbar. Nye byggeområde bør leggst inn mot eksisterande byggeområde, ikkje leggst for høgt.	
Støy			
Naturmangfald	Sør	Nord	Sør: ligg i det viktige viltområde Strøno, som er eit furuskogsområde viktig for storfugl og truleg kvitryggspett. Nord: Ligg i utkanten av det viktige viltområde Strøno, som er viktig for storfugl og truleg kvitryggspett. Den nordaustlege delen har truleg ein del planta gran
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente	
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tap av antatt viktig samanhengande grøntstruktur, elles tema ikkje relevant.	
Friluftsliv og strandsone		Områda er del av eit registrert friluftslivsområde (nærturterreng)	
Landbruk		Områda består i hovudsak av barskog av høg og sær sars høg bonitet	
Samfunn			
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet gjeld campingplass/hytter for næring/turisme. Vil derfor kunne gje meir biltransport til området. Ingen kollektivtilbod	
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Ligg langs lokalveg	

Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		For det sørlige område er nordlege randsone dekt av aktsemdssone for utløp av snøskred. For område i nord er store delar av område dekt av aktsemdssone for snøskred.
Skog/lyngbrann		Ligg i skog/lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, men det er etablert veg inn i området
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS-analyse:</b> Delar av områda er dekt av aktsemdsone for snøskred, særleg område i nordaust. Faren for skred må bli utreda nærare. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen, det bør også leggjast til rette for at gode lokal løysingar for å hindre evt. brannsmitte.</p>		


Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet, begge områda vert frarådd**, på grunn av negative konsekvensar for landskap, naturmangfald og landbruk.

### 3.17.22. Nore Øyane 316b – fritidbustader (rorbuer)

ID 291, 304, 305, 307

15/18105

<p><b>Føremål i dag:</b> naust  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> fritids- og turistformål  <b>Forslagsstillar:</b> Jon Olaf Sørstrønen  <b>Gbnr:</b> 28/1  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>  Omgjering av naust til rorbuer i Strønevågen</p>	
---	---

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing		Kommentar/tiltak
Miljø			
Landskap			Middels verdi – Strøno. Den særmerkte urørte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på. Nye byggeområde bør leggest inn mot eksisterande byggeområde.
Støy			
Naturmangfald	1	2	Ingen registrerte naturverdiar i dei fire områda, men den sørlegaste på vestsida av Strønevågen har potensial fordi det her er eit samanhengande skogsområde som ikkje er undersøkt. I denne delen er det og eit sjøområde som ikkje er kartlagt. Begge desse områda bør undersøkast.
	3	4	
Kulturminne og kulturmiljø			Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge			Tap av noko samanhengande grøntstruktur, tema elles ikkje relevant
Friluftsliv og strandsona			Områda ligg innanfor den funksjonelle strandsona. Rorbuer vil vere privatiserande.
Landbruk	4	1,2,3	Område 4 består av barskog av høg bonitet, men ligg lite eigna til for skogbruk.
Samfunn			
Samordna areal og transportplanlegging			Innspelet gjeld rorbuer. Vil derfor kunne gje meir biltransport til området. Ingen kollektivtilbod
Teknisk infrastruktur			Ikkje Off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot lokalveg

Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området i strandsona kan verta råka av framtidig havnivåstigning.
Skred		Områda i nord og aust (1, 2 og 3) er dekt av aktsemdskart på snøskred.
Skog/lyngbrann		Skog/lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS- analyse:</b> Området ligg i strandsona. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging nær strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Deler av områda er dekt av aktsemdsone for snøskred, særleg område i nordaust. Faren for skred må bli utreda nærare. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen, det bør også leggjast til rette for at gode lokal løysingar for å hindre evt. brannsmitte.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd, grunna konsekvensar for landskap og strandsona</b>	
---	--



### 3.17.23. Nore Øyane – Nore Neset 321

ID 320

<p><b>Føremål i dag:</b> Sjø</p> <p><b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Veg</p> <p><b>Forslagsstillar:</b> Svein Skoglund</p> <p><b>Gbnr:</b></p> <p><b>Areal storleik:</b> 2,9 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b></p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing.	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Ligg i møte mellom tre landskapsrom: Forstrøno-Skorpo (stor verdi), Skeisosen (stor verdi) og Ulvenfjellet (middels verdi). Ei bru er allereie etablert, og utviding av denne medfører lita endring
Støy		Ligg i gul og raud støysone frå veg
Naturmangfald		Det er kjent ein førekomst av den raudlista arten gulprykkjav som er sårbar (VU) nær brua. Dei marina naturverdiane må undersøkast.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente. Det er påvist ein steinalderlokalitet i Askvik
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsone		Vestre del er del av eit registrert friluftslivsområde (nærturterreng)
Landbruk		Landareala består av barskog av høg og sær s høg bonitet, men vurderast som lite eigna til skogbruk.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet genererer i seg sjølv ikkje transport, sjølv om betre framkome for bil kan føre til meir bilkøyning. Evt ny bru bør difor ha gang- og sykkelveg
Teknisk infrastruktur		Ikkje relevant
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere vindutsett
Flaum		Nordautleg del er dekt av aktsemdsone for flaum. Faren for flaum må bli utreda nærare. Området ligg i strandsona, kan verte utsett for framtidig stormflo og havnivåstigning




Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ikkje slik fare
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend, ikkje meir enn det som er venta
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS-analyse:</b> Området ligg i strandsona, og del av området ligg som aktsemdsområde for flaum. Det må visast omsyn til fare for stormflo og framtidig havnivåstiging ved tiltak så nære strandsona.		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert tilrådd</b> , då negative konsekvensar / konfliktpotensial er moderate	
--	--

### 3.17.24. Nore Øyane 375 – næring

ID 357  
18/36140

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF og sjø</p> <p><b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> næring, hamn, småbåthamn</p> <p><b>Forslagsstillar:</b> Ingeleif Sørstrønen</p> <p><b>Gbnr:</b> 28/4</p> <p><b>Areal storleik:</b> 12,7 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b></p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing		Kommentar/tiltak
Miljø			
Landskap			Stor verdi – Skeisosen. Viktig å ta omsyn til landform, kulturlandskap og strandsone. Nye byggeområde bør leggst inn mot eksisterande byggeområde og ikkje i strandsone eller for høgt i landskapet. Sikre grøntstrukturar i overgang skog og strandsone
Støy			
Naturmangfald			Ingen registrerte naturverdiar og området bør undersøkast.
Kulturminne og kulturmiljø			Ingen i området, men gravrøys lenger vest ved småbåthamna.
Nærmiljø, inkl. barn og unge			Tap av antatt viktig samanhengande grøntstruktur, elles tema ikkje relevant.
Friluftsliv og strandsone			Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona og i eit registrert friluftslivsområde (nærturterreng).
Landbruk			Området består av barskog, delvis av høg bonitet og delvis på impedimet.
Samfunn			
Samordna areal og transportplanlegging	Næring	Kontor	Dersom det er snakk om tilsette-intensiv næring (kontor) bør denne heller lokaliserast på Osøyro eller meir sentralt i nærsenter. I så fall er fargen raud.
Teknisk infrastruktur			Ikkje off. VA i området. Har ikkje direkte tilkomst til lokalvegnett.
Risiko og sårbaranalyse			
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko		Kommentar/tiltak
Ekstremvær			Strandsona: Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona

Flaum		Strandsona: Kan verte utsett for framtidig stormflo og havnivåstigning.
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ligg i lyng/skogområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS-analyse:</b> Området ligg i strandsona. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging nær strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5). Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, og det bør sikrast god tilkomst for brannvesen, det bør også leggjast til rette for at gode lokal løysingar for å hindre evt. brannsmitte.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd</b> , på grunn av konsekvensar for landskap, strandsona og friluftsliv	
--	--

### 3.17.25. Nore Øyane 283 - småbåthamn

ID 332 og 333  
16/26362

**Føremål i dag:** Sjø  
**Framlegg til nytt arealføremål:** småbåthamn  
**Forslagsstillar:** Stein Kjellerød m.fl. Forstrøno  
**Gbnr:** 26/1  
**Areal storleik:** 4,1 og 0,7 daa i sjø

**Skildring av området:**

Områda ligger ikkje innanfor godkjent reguleringsplan, men er sett av til båtfester i bebyggelsesplan av 1989 for hytteområde på Forstrøno



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Forstrøno-Skorpo. Den særmerkte urørte strandsona med skog heilt ned bør takast vare på.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar. Marine undersøkingar bør utførast.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente. Ein automatisk freda heller ligg aust for det sørlegaste innspelsområdet
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsoner		Områda ligg innanfor den funksjonelle strandsona og eit svært viktig friluftslivsområde (utfartsområde). Her er lite inngrep i strandsona, og småbåthamner her vil vere svært negativt. Gjeld i særleg grad den i nord på grunn av storleiken.
Landbruk		Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA-anlegg i området. Øy.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Område 2 er delvis dekt av aktsemdsone for flaum. Området strandsona kan verte utsett for framtidig stormflo og havnivåstigning.
Skred		Ikkje slik fare

Skog/lyngbrann		Kan vera viss fare for skogbrann i området
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS-analyse:</b> Området ligg i strandsona, område 2 er delvis dekt av aktsemdsone for flaum. Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging nære strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5). Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, og det bør sikrast gode lokale løysingar for å hindre evt. brannsmitte</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert frarådd</b>, grunna negative konsekvensar / konfliktpotensial for landskap, friluftsliv og strandsona.</p>	
---	--

### 3.18. Samla vurdering for krinsen Nore Øyane

Det er lagt til grunn at bustadbygging skal skje innafor eksisterande infrastruktur og langs kollektivaksar. Bustadbygginga skal stø opp om vedteken senterstruktur. I Nore Øyane krins er det ikkje planlagt eit senterområde. Kommunen legg opp til at slike område utanfor senterområde skal ta om lag 5% av folkeveksten. Det finst i dag store ledige byggjeområde i krinsen, og der er ikkje behov for nye.

Nye foreslåtte bustadområde i krins Nore Øyane er på om lag 62 daa. Av desse er ingen tilrådd. Eit mindre innspel om bustad (justering) er tilrådd dersom småbåthamn i same innspel vert teke ut. Tabell under viser ikkje samla sum av innspel. Eit innspel kan omhandle fleire arealformål.

	Frarådd	Vilkår	Tilrådd
Bustad	8	1	
Naust (annen type bebyggelse og anlegg)	6	2	1
Småbåthamn	4	3	
Næring, akvakultur	1	1	
Fritidsbustad	3		1
Anna			1
Samla areal i daa (ca) <sup>8</sup>	260	5	0,5

Det generelle bilete viser at innspela som er frarådde skuldast i størst grad negative konsekvensar eller høgt konfliktpotensial med funksjonell strandsone og landskap. Det er også mange innspel som har låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging – noko som ikkje er uventa i ein krins utan sentrumssone.

Innspela som er tilrådd har generelt mindre arealkonsekvensar, ligg utanfor funksjonell strandsone

I denne krinsen er det mange bustadområde som er frarådd. Fire innspel som peikar seg særleg uheldig ut er:

Bustadfelt i krinsen Nore Øyane som er særleg uheldige	
Nore Øyane 37	Det har låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging, ligg ikkje innafor ein senterstruktur, og har negativ konsekvens for landskap.
Osøyro 239/351	Ligg i landskapsområde med stor verdi og i strandsona for Ulvenvatnet. Kjerneområde landbruk.

### 3.19. Vurdering etter naturmangfaldlova for krinsen Nore Øyane

I kapittel 2.5 er det utgreidd om korleis Naturmangfaldlova er vurdert. Her fylgjer vurderingane som gjeld for krinsen Nore Øyane. Forskrift om utvalde naturtypar jf. § 53 er diskutert for denne krinsen fordi det ikkje er registrert slike her. Prioriterte artar jf. § 23 er ikkje registrert i Os kommune.

#### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Det bør utførast marine granskingar i områda dok 106, 151, 177, 186/342, 291, 283 og 186/342 (ID 79, 132, 176, 182, 323, 333 og 338). Ideelt sett burde det og vore synfaringar til områda dok 46, 186/342, 191 og 375 (ID 43, 181, 186 og 357), men desse har ikkje så stort potensial for naturverdiar. Med unntak av dei marine områda, er det eit godt kunnskapsgrunnlag for vurdering av områda sin naturverdi.

Når det gjeld verknader (*omfang, jf. naturmangfaldlova «effekter av påvirkning»*) og konflikt, blir det ein noko mangelfull vurdering på grunn av manglande detaljar om tiltaka. På bakgrunn av at det her er sett føre seg totale arealbeslag, er konklusjonane om verknad og konflikt vurdert som tilstrekkelege unntatt dei marine områda, fordi verdien for naturmangfald her ikkje er kjend og at det samstundes er potensial for det her.

<sup>8</sup> Akvakulturanlegg er ikkje medrekna.

### **§ 9 Føre-var-prinsippet**

Det er vurdert at kunnskapsgrunnlaget for verdisettinga, verknader og konflikt, med unntak av dei marine områda, er godt nok for vurderingane for vidare planlegging på eit overordna nivå som dette. For desse kjem truleg difor ikkje føre-var-prinsippet til bruk, men for dei marine områda, som er vurdert med potensial for naturverdiar, kjem truleg føre-var-prinsippet i bruk.

### **§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning**

Samla belastning i høve til naturmangfaldlova § 10 er summen av påverknad både frå desse tiltaka, og frå eksisterande påverknad og eventuelle framtidige tiltak. Eit stort tiltak som planleggast for Os kommune er ny E39, men ingen av alternativa for dette vegprosjektet ligg i krinsen Nore Øyane. Nedanfor er dei viktigaste momenta i høve til tiltaka si samla belastning omtalt.

Områda som er viktige leveområde for arealkrevjande fugleartar i denne krinsen er skogsområda på Strøno som strekker seg frå den sørlege til den nordlege delen. Dett er eit viktig viltområde som er dominert av furuskog og er viktig for storfugl og truleg kvitryggspett. Sjølv om ikkje vipe (EN) har særleg mange registreringar her, så har krinsen minst eit område med potensial for arten. Det gjeld hovudsakeleg dei opne markane til krins med dok nr. 198 (ID 192).




### 3.20. Krins 7. Lysefjorden

Lysefjorden krins hadde eit innbyggjartal på 1626 pr.01.01.2018. På grunn av den sentrale lokaliseringa inn mot regional hovudstamveg, er det planlagt at Lysefjorden skal få om lag 20 % av veksten i kommunen. Nordsjø-sykkelløypa går gjennom Lysefjorden og er såleis knytt til det overordna sykkelnettet både mot sør og mot nord, men det er berre sykling langs trafikkert veg.

Det er vurdert 34 endringar som ligg i krins Lysefjorden

Arealformål	Tal	Areal (da)
<b>Andre typer bebyggelse og anlegg</b>	5	6
<b>Boligbebyggelse</b>	7	508
<b>Fritidsbebyggelse</b>	6	12
<b>Næringsvirksomhet</b>	1	20
<b>Offentlig eller privat tjenesteyting</b>	3	96
<b>Sentrumsformål</b>	1	45
<b>Småbåthavn</b>	9	120
<b>Totalsum</b>	<b>32</b>	<b>807</b>



### 3.20.1. Lysefjorden 13 - småbåthamn

ID 10  
14/26312

<p><b>Føremål i dag:</b> Sjø</p> <p><b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Utviding av eksisterande småbåthamn.</p> <p><b>Forslagsstillar:</b> Aass Eigedom</p> <p><b>Gbnr:</b> sjø</p> <p><b>Areal storleik:</b> 6,8 daa i sjø</p> <p><b>Skildring av området:</b> Området grensar inn til område som er sett av til småbåthamn, men har ikkje same tilkomst.</p> <p>Sjå også Lysefjorden 330</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Drange. Strandsone og eksponerte høgdedrag bør ikkje byggast i. Innspelet er ei utviding av eksisterande småbåthamn og ligg i tilknytting til gjeldande naustområde.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar her. Det bør utførast ein marin kartlegging her.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsone		Grensar til område som ligg innafor den funksjonelle strandsona.
Landbruk		Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen.
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området ligg i strandsona, kan verte utsett for framtidig stormflo og havnivåstigning
Skred		Det er kartlagt særst stor mulegheit for marin leire i området. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare
Skog/lyngbrann		Kan vera viss fare for skogbrann i området, men ikkje i marin sone
Andre uønska hendingar		

Større transportulukker		Ikkje kjend, men det kan oppstå ulukker med mykje båttrafikk
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS-analyse:</b> Området ligg i strandsona. Det må visast omsyn til fare for stormflo og framtidig havnivåstiging ved utviding av småbåthamna. Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i området. Evt. aktsemdsone skal merkast som omsynssone i plankart.		


Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert tilrådd på vilkår.</b> Småbåthamna bør innskrenkast i areal for å ikkje stenge av Bjoarvika.	
--	--

### 3.20.2. Lysefjorden 14, 61 - fritidsbustad

ID 11

14/28267 15/41298

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF</p> <p><b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Utvide grense for fritidsbustad</p> <p><b>Forslagsstillar:</b> Jørgen Madsen</p> <p><b>Gbnr:</b> 21/48, m.fl.</p> <p><b>Areal storleik:</b> 1,2 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b> Området ligg innanfor 100 meters belte langs sjøen, men utanfor den funksjonelle strandsona. Ønskje om å justere grensa for å tilpasse seg eksisterande forhold.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Drange. Viktig med variasjon i former, terreng og vegetasjon. Utbygging må ta vare på møtet med kulturlandskap og strandsona, og sikre gode overgangssoner. Strandsona og eksponerte høgdedrag bør ikkje byggast i. Området er allereie utbygd.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar her.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Eksisterande fritidsbustad, tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsona		Ingen kjende interesser
Landbruk		Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA-anlegg i området. Ligg inn mot lokalvegnett
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ikkje skog/lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS- analyse:</b> Ingen vesentleg konflikt med samfunnsstryggleik er avdekket.		


Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd**, då området allereie er utbygd. Ligg utanfor funksjonell strandsone.



### 3.20.3. Lysefjorden 15 - bustad

ID 12  
14/29138

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad. <b>Forslagsstillar:</b> Bjarte Jørgensen  <b>Gbnr:</b> 18/8  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg innafor ytre avgrensing av senterområde for Lysefjorden.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi - Endelausemarka. Viktig å ta omsyn til vassdrag med randsoner. Viktig å sikre grøntkorridorar og buffersoner mellom nye byggeområde og skogsområde. Det bør ikkje byggast for høgt i skogsåskapskapet (Sjøbøhaugane Storhaugen etc), då det både vil endre landskapskarakter lokalt, og få fjernverknad til meir verdifulle landskapsområde som Lyseklosterdalen og Lysøya
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar her anna enn at den grensar til eit viktig bekke drag (B-verdi) i vest. Skogsmarka i aust bør undersøkast med eget feltarbeid
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Langt frå skule, barnehage og nærsenter. Ikkje gang- og sykkelveg, i ytterkant av et lite bustadområde. Tap av grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Området består av barskog på impediment
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet ligg i sykkelavstand til skule, nærsenter og daglegvare. Bilbasert avstand til kommunesenter og handlesenter. Svært begrensa kollektivtilbod (haldeplass ved framtidig E39 er utanfor gangavstand).
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Ingen veg i dag, men ligg nær Lyseklostervegen og fylkesveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Austleg randsoner ligg i aktsemdssone for flaum. Faren for flaum må bli utreda nærare
Skred		Austleg del av området er dekt av aktsemdsone for snøskred. Faren for skred må bli utreda nærare. I austleg randsoner er det kartlagt sær stor



		mulegheit for marin leire i området. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare	
Skog/lyngbrann		Ligg i skog/lyngområde	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ikkje kjend	
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend	
<p><b>ROS- analyse:</b> Del av området ligg i aktsemdsområde for flaum og snøskred. Faren for flaum og skred må bli utreda nærare. Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i området. Evt. aktsemdsone skal merkast som omsynssone i plankart.</p> <p>Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreducerande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen.</p>			

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert tilrådd på vilkår</b> av god terrengtilpassing	
--	--

### 3.20.4. Lysefjorden 42 - fritidsbustad

ID 41  
 15/28418

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> fritidsbustad  <b>Forslagsstillar:</b> Kristian Haga og Kerstin Volkmer  <b>Gbnr:</b> 23/142  <b>Areal storleik:</b> 1,0 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Denne hytta er den einaste på Lysodden som ikkje er vist som fritidsbustad. Grensar inn til eit stort hytteområde.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Drange. Viktig med variasjon i former, terreng og vegetasjon. Utbygging må ta vare på møtet med kulturlandskap og strandsone, og sikre gode overgangssoner. Strandsone og eksponerte høgdedrag bør ikkje byggast i
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente innanfor arealet. Om lag 50 m. nord ligg ei automatisk freda gravrøys.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Eksisterande fritidsbustad, tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsone		Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona. Fritidsbustad oppført.
Landbruk		Området består av barskog på impediment
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Ikkje vegtilkomst
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området ligg i strandsona, kan verte utsett for framtidig stormflo og havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Kan vera viss fare for skogbrann i området
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend


**ROS-analyse:** Det må visast omsyn til stormflo og havnivåstigning ved bygging nære strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, og det bør sikrast gode lokale løysingar for å hindre evt. brannsmitte.

#### Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert tilrådd**, då fritidsbustad allereie er utbygd.

### 3.20.5. Lysefjorden 67 - fritidsbustad

ID 55  
16/621

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Utvide grense for fritidsbustad  <b>Forslagsstillar:</b> Øyvind Nedrebø  <b>Gbnr:</b> 21/48, m.fl.  <b>Areal storleik:</b> 1,3 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>                  Hytte vart bygd i 1955. Ønskjer endring i samsvar med reell bruk.</p>	
--	--


Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Drange. Viktig med variasjon i former, terreng og vegetasjon. Utbygging må ta vare på møtet med kulturlandskap og strandsone, og sikre gode overgangssoner. Strandsone og eksponerte høgdedrag bør ikkje byggast i. Området er allereie utbygd
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Eksisterande fritidsbustad, tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Ikkje slikt område
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet – begge område – vert frarådd**, med grunnlag i konsekvensar / konfliktpotensial for landskap, landbruk og nærmiljøtema. Bustadfeltet i vest er klart mest negativt.

### 3.20.24. Lysefjorden 276, 280 - småbåthamn

ID 283

16/25940 16/26205

**Føremål i dag:** fiske, ferdsel, natur og friluftsområde

**Framlegg til nytt arealføremål:** Småbåthamn


**Forslagsstillar:** Styret i Lysefjorden vel

**Gbnr:** sjø

**Areal storleik:** 11,2 daa i sjø

**Skildring av området:**

Sjå også Lysefjorden 357



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Drange. Strandsone og eksponerte høgdedrag bør ikkje byggast i.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar. Området må undersøkast for marine naturverdiar, særleg den nordlege delen.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsone		Store delar av området ligg i den funksjonelle strandsona.
Landbruk		Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i nærområdet. Lokalveg i nærområdet, men ikkje direkte
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Nordleg randsone av området ligg i aktsemdssone for flaum. Faren for flaum må



		bli vurdert nærare. Området kan verte råka av framtidig havnivåstiging	
Skred		Ein mindre del av området er dekt av aktsemdsone for snøskred. Faren for skred må bli utreda nærare	
Skog/lyngbrann		Noko skog i området	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ikkje kjend	
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend	
<b>ROS-analyse:</b> Området ligg i strandsona, og del av området ligg i aktsemdsområde for flaum snøskred. Faren for flaum og skred må bli utreda nærare. Då området ligg i sjø, kan såleis verte utsett for stormflo og framtidig havnivåstiging, er elles noko vindutsett.			

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd**, grunna konsekvens for landskap og strandsona. Ved reduksjon av foreslått areal til å gjelde berre sørleg del som ikkje har funksjonell strandsona, vil dette kunne tilråddast.

### 3.20.25. Lysefjorden 285 - bustad

ID:325

16/17171 16/26705

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad Forslagsstillar: Mette og Leif Harald Sperrevik  <b>Gbnr:</b> 17/7  <b>Areal storleik:</b> 42,6 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Ligg innafor senterstrukturen for Lysefjorden – «fortettingssone».</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Søvik-Sperrevik. Fleire viktige element og samanhengar må takast vare på, bl.a. Søviktunet og Lysøya-Lyseklosterdalen, og Sjøbbølva. Ligg 100 m unna Søviktunet, og vil gje negativ visuell konsekvens
Støy		Liten del i vest inngår i gul støysone frå veg
Naturmangfald		Utan registrerte naturverdiar
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente i området. Funnstad for skrapar (steinalder). Sjå elles tema landskap.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Skule og barnehage i nærleiken, men ikkje gang- og sykkelveg. Nær eksisterande bustadområde. Tap av noko samanhengande grøntstruktur
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Området består av ein mosaikk av barskog av høg bonitet, fulldyrka jord og innmarksbeite. Størstedelen er innmarksbeite
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet ligg nært skule, daglegvarebutikk og nærsenter
Teknisk infrastruktur		Off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Det er kartlagt særst stor mulegheit for marin leire i området. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare
Skog/lyngbrann		Ikkje skog/lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend

**ROS-analyse:** Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i området. Evt. aktsemdsone skal merkast som omsynssone i plankart

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd**, grunna konsekvensar for landskap (kulturmiljø).

### 3.20.26. Lysefjorden 297 - fritidsbustad

ID:366

16/17171 16/26705

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> fritidsbustad  <b>Forslagsstillar:</b> John Olav Erdal  <b>Gbnr:</b> 22/24  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b></p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Drange. Viktig med variasjon i former, terreng og vegetasjon. Utbygging må ta vare på møtet med kulturlandskap og strandsone, og sikre gode overgangssoner. Strandsone bør ikkje byggast i. Omgjering til fritidsbustad kan føre til vidare nedbygging av strandsona
Støy		Liten del i vest inngår i gul støysone frå veg
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar. Kubbholmen naturreservat ligg like aust for området.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente i området. Funnstad for skrapar (steinalder). Sjå elles tema landskap.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant. Tap av noko grøntstruktur
Friluftsliv og strandsone		Ligg i funksjonell strandsone. Grensar til eit viktig friluftsområde.
Landbruk		Store delar er utbygd areal. Resten av området er barskog av høg bonitet, men vurderast å være lite eigna for skogbruk.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA- anlegg i området. Ingen vegtilkomst
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området i strandsona kan bli råka av framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Skog/lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend


Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS-analyse:</b> Det må visast omsyn til fare for stormflo og framtidig havnivåstiging ved bygging så nærre strandsona. Havnivåstiginga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Som risikoreduserande tiltak må det sikrast god tilkomst for brannvesen, og evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert frarådd</b>, grunna konsekvensar for landskap og funksjonell strandsone</p>	
--	--

### 3.20.27. Lysefjorden 301 - naust

ID 287  
16/36868

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF og friområde  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Naust  <b>Forslagsstillar:</b> Oscar M. Monsen  <b>Gbnr:</b> 14/24  <b>Areal storleik:</b> 0,3 daa.</p> <p><b>Skildring av området:</b>          Ønskjer at grensa for friområdet for BOF ligg i tomtgrensa, og ikkje går inn på 14/24.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Søvik-Sperrevik. Strandsona og samanhengen med kulturlandskapet bør sikrast mot ytterlegare privatisering/ nedbygging. Naust allereie oppført
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar anna enn at området er registrert i databasen for geologisk arv. Den geologiske verdien av området bør bli utgreia nærare.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant. Noko tap av grøntstruktur
Friluftsliv og strandsone		Justering av tomtgrense er positiv for friluftsliv. Når det gjeld naust: Området ligg innanfor den funksjonelle strandsona, grensar til eit statleg sikra friluftsområde, og er del av eit registrert friluftsområde (leke- og rekreasjonsområde.
Landbruk		Området består av barskog av høg og særskilt høg bonitet, i tillegg til noko utbygd areal
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA-anlegg i området. Ligg ved lokalveg.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området i strandsona kan bli råka av framtidig havnivåstigning
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Skog i området
Andre uønska hendingar		
Større transportulucker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend

Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS-analyse:</b> Det må visast omsyn til fare for stormflo og framtidig havnivåstigning ved bygging så nære strandsona, då havnivåstiginga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstiging (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det kan oppstå ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket.</p>		


Samla vurdering av innspelet med tilråding

<p><b>Innspelet vert tilrådd.</b> Området er allereie utbygd.</p>	
---	--



### 3.20.28. Lysefjorden 323 - bustad

ID 318  
17/13226

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Knut Egil og Gerd Lillian Fredriksen  <b>Gbnr:</b> 18/2  <b>Areal storleik:</b> 4,2 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Ligg innanfor ytre avgrensing av senterstrukturen for Lysefjorden - «byggesone».</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi - Endelausemarka. Viktig å ta omsyn til vassdrag med randsoner. Viktig å sikre grøntkorridorar og buffersoner mellom nye byggeområde og skogsområde. Det bør ikkje byggast for høgt i skogsåslandskapet (Sjøbøhaugane Storhaugen etc), då det både vil endre landskapskarakter lokalt, og få fjernverknad til meir verdifulle landskapsområde som Lyseklosterdalen og Lysøya. Innspelsområdet er bratt
Støy		Liten del ligg i gul støysone frå veg
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar. Området har truleg mykje planta gran
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Langt frå skule, barnehage og nærsenter. Ikkje gang- og sykkelveg, eller andre vegar. I ytterkant av et lite bustadområde. Tap av antatt viktig samanhengande grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Området består av blandingsskog av særers høg bonitet
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet ligg i sykkelavstand til skule, nærsenter og daglegvare. Bilbasert avstand til kommunesenter og handlesenter. Svært begrensa kollektivtilbod (haldeplass ved framtidig E39 er utanfor gangavstand)
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Ingen veg i dag, men ligg nær Lyseklostervegen og fylkesveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett

Flaum		Austleg randsone av området er dekt av aktsemdsone for flaum. Faren for flaum må bli utreda nærare
Skred		Nordleg del av området er dekt av aktsemdsone for snøskred. Faren for skred må bli utreda nærare. I austleg randsone av området er det stor mulegheit for marin leire i området. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare
Skog/lyngbrann		Skog/lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS-analyse:</b> Delar av området er dekt av aktsemdsone for flaum og snøskred. Faren for flaum og skred må bli utreda nærare. Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i området. Evt. aktsemdsone skal merkast som omsynsone i plankart. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, sjølv om det ikkje er i direkte konflikt med tiltaket.</p>		


Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert tilrådd</b> på vilkår av terrengtilpassing	
--	--

### 3.20.29. Lysefjorden 326 - bustader

ID 311

17/16264

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> bustader  <b>Forslagsstillar:</b> Christina H. von Erpecom.  <b>Gbnr:</b> 9/1  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>  Ligg innanfor ytre avgrensing av senterstrukturen for Lysefjorden – «Byggesone».</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Lyshornet.
Støy		Mindre delar av arealet, i vest og i aust, ligg i gul og raud støysone frå veg
Naturmangfald		Den austlege delen ligg innanfor det viktige viltområde Endelausskogen, som er vurdert som svært viktig. Dett er eit viktig hekkeområde for kvitryggspett og hønehauk (NT) og eit viktig leveområde for storfugl. Den vestlege delen av område har ingen registrerte naturverdiar anna enn at det ligg innanfor eit område med vart stor forvaltingsinteresse. Det er og potensial for fleire naturverdiar der
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Langt frå skule, barnehage og nærsenter. Ikkje gang- og sykkelveg, eller andre vegar. Tap av antatt viktig grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Området består i hovudsak av barskog av høg bonitet
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Ligg utanfor gang- og sykkelavstand til regionsenter, handelsenter og daglegvarebutikk. Sykkelavstand til skule og lokalsenter. Ligg i ytterkant av gangavstand til mogleg framtidig busshaldeplass. Ligg like innafor ytre avgrensing av senterstruktur
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i området. Vil ligge inn mot ny E39
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Skog/lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend


Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS-analyse:</b> . Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen.		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd</b> , då det har negative konsekvensar / låg måloppnåing for nærmiljøtema, naturmangfald og landbruk. Oppnår ikkje optimal måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging.	
--	--

### 3.20.30. Lysefjorden 330 – naust og småbåthamn

ID 313, 314 og 315  
17/22710

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF, men deler av det midtre området er naust.</p> <p><b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Naust på land og småbåthamn i sjø – tre ulike områder</p> <p><b>Forslagsstillar:</b> Seib AS</p> <p><b>Gbnr:</b> 21/3, 136</p> <p><b>Areal storleik:</b> 1,8 + 1,1 + 5,1 (sjø) og 3,5 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b> Innspelet gjeld tre areal, der to er på land, og eit er i sjø.</p> <p>Sjå også Lysefjorden 13.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Drange. Strandsone og eksponerte høgdedrag bør ikkje byggast i. Område 1 er ei utviding av eksisterande naustområde. Område 2 og 3 er nye naust og ny småbåthamn på motsett side av Bjoarvika.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar. Områda må undersøkast for marine naturverdiar. Området på land (ID 315) må og undersøkast.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente i sjølvne innspelsområda. Opp frå Bjoarvika ligg tre SEFRAK-bygg på garden Bjoarvik. Våningshuset er datert til 1600-talet. Dei to andre er frå 1800-talet, 2. kvartal. Utsyn over vika.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant, men tap av grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Områda på land ligg innanfor den funksjonelle strandsona, og sjøområda grensar til denne sona.
Landbruk		Områda består av barskog og blandingskog av sær s høg bonitet, men bratt terreng og plassering nær busetnad gjer truleg områda lite egna for skogbruksføremål
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i nærområdet. Varierende grad av vegtilkomst til innspelsområda
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Områda ligg i strandsona og kan verte råka av framtidig havnivåstiging

Skred		Område 2 ligg innanfor aktsemdsone for snøskred. Det er kartlagt særst stor mulegheit for marin leire i alle områda. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare.
Skog/lyngbrann		Skog i området
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<p><b>ROS-analyse:</b> Det må visast omsyn til fare for stormflo og framtidig havnivåstigning ved bygging så nære strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i områda. Evt. aktsemdsone skal merkast som omsynssone i plankart. Område med 2 er dekt av aktsemdsone for snøskred. Faren for skred må bli utreda nærare. Det kan vera ein viss fare for liv og helse/samfunnstryggleik dersom det oppstår brann i området, særskild større fare ved lengre tørkeperiodar. Som risikoreduserande tiltak bør skog/kratt rundt ryddast, og det må sikrast god tilkomst for brannvesen.</p>		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd**, grunna landskap og strandsona. Innspel i vest, naust som her er merkt «1» kan tilråddast.

### 3.20.31. Lysefjorden 357 – fritidsbustad, småbåthamn og kai

ID 229 og 230  
18/24079 og 16/23485

**Føremål i dag:** Friområde og sjø  
**Framlegg til nytt arealføremål:** Fritidsbustad, småbåthamn og kai.  
**Forslagsstillar:** Kjell Aga  
**Gbnr:** 23/181 og 23/119  
**Areal storleik:** 0,5 og 0,0 daa

**Skildring av området:**  
Eigedommen har eit «hyttenaust», kai og flytebrygge. Delar av eigedomen er friområde.

Sjå også Lysefjorden 276, 280



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap	Red	Stor verdi – Drange. Strandsone og eksponerte høgdedrag bør ikkje byggast i. Området ligg
Støy	Green	
Naturmangfald	Yellow	Ingen registrerte naturverdiar. Området bør undersøkast for marine naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø	Green	Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge	Green	Tema ikkje relevant. Tap av noko grøntstruktur
Friluftsliv og strandsone	Red	Områda ligg innanfor funksjonell strandsone.
Landbruk	Yellow	Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging	Green	Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur	Red	Ikkje Off. VA- anlegg i nærområdet. Lokalveg i nærområdet, men ikkje direkte
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær	Yellow	Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum	Yellow	Området som er i strandsona, kan verte utsett for framtidig stormflo og havnivåstigning
Skred	Yellow	Område inne på land ligg i aktsemdssona for snøskred. Faren for skred må bli utreda nærare.
Skog/lyngbrann	Green	Ikkje slik fare, marin sone
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker	Green	Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining	Green	Ikkje kjend
Sviikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur	Green	Ikkje kjend



**ROS-analyse:** Området ligg i strandsona, og det må då visast omsyn til fare for stormflo og framtidig havnivåstigning ved bygging så nærre strandsona, då havnivåstigninga kan føre til stormflo og bølger som strekkjer seg lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Omsynssone for stormflo og havnivåstigning (inkl.noko bølgepåverknad) skal visast på plankartet frå kote 0 til kote + 2,5. Avbøtane tiltak er å leggje nye bygg over sikker kote for stormflo. Byggegrense mot sjø skal visast i plankartet. Området er dekt av aktsemdsone for snøskred. Faren for skred må bli utreda nærare.

Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd**, grunna konsekvens for landskap og strandsoner.

### 3.21. Samla vurdering for krinsen Lysefjorden

Det er lagt til grunn at bustadbygging skal skje innafør eksisterande infrastruktur og langs kollektivaksar. Bustadbygginga skal stø opp om vedteken senterstruktur. I Lysefjorden er det nok ledig bustadareal i senterområdet til å dekke bustadbehovet fram til 2040.

Det er vurdert 6 nye bustadområde som alle ligg innafør senterstrukturen. Dei utgjer om lag 506 daa samla sett. Eitt innspel er tilrådd på vilkår, og dei andre fem er frarådde.

Tabell under viser ikkje samla sum av innspel. Eit innspel kan omhandle fleire arealformål.

	Frarådd	Vilkår	Tilrådd
Bustad	5	1	
Naust (annen type bebyggelse og anlegg)	3		3
Småbåthamn	7	1	2
Fritidsbustad	3		1
Næring	1		
Samla areal i daa (ca) <sup>9</sup>	596	51	38

Det generelle bilete viser at innspela som er frarådde skuldast negative konsekvensar eller høgt konfliktpotensial med landskap, strandsone, friluftsliv og landbruk.

I denne krinsen er det mange bustadområde som er frarådd. Fire innspel som peikar seg særleg uheldig ut er:

Bustadfelt i krinsen Lysefjorden som er særleg uheldige	
Lysefjorden 247	Ligg i landskapsområdet med særleg høg verd, i tillegg negative konsekvensar for, landbruk og nærmiljøtema.
Lysefjorden 326	Negative konsekvensar for nærmiljøtema, naturmangfald og landbruk.

### 3.22. Vurdering etter naturmangfaldlova for krinsen Lysefjorden

Her fylgjer vurderingane som gjeld for krinsen Lysefjorden. Forskrift om utvalde naturtypar jf. § 53 er ikkje diskutert for denne krinsen fordi det ikkje er registrert slike her. Prioriterte artar jf. § 23 er ikkje registrert i Os kommune.

#### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

I krinsen Lysefjorden er det fem område med så sparsamt kunnskapsgrunnlag, og der det er potensial for naturverdiar, at det er nødvendig med ein synfaring. Dette gjeld dok 70, 98 og 247 (ID 58, 68, 247 og 248). I tillegg bør det utførast marine granskningar i alle områda der det planleggast tiltak i sjø. Dette gjelde områda dok 13, 126, 170, 171, 174/282, 357, 246, 276/280, 313 og 330 ( ID 10, 92, 141, 143, 170, 171, 230, 245, 283, 299, 313 og 314). Ideelt sett burde det og vore synfaringar til områda dok 15, 105, 301 og 330 (ID 12, 77, 287 og 315), men desse har truleg ikkje så stort potensial for naturverdiar. Med unntak av områda dok 70, 98 og 247, og dei marine områda, er det eit godt kunnskapsgrunnlag for vurdering av naturverdi i områda.

Når det gjeld verknader (*omfang, jf. naturmangfaldlova «effekter av påvirkning»*) og konflikt, blir det ein noko mangelfull vurdering på grunn av manglande detaljar om tiltaka. På bakgrunn av at det her er sett føre seg totale arealbeslag, er konklusjonane om verknad og konflikt vurdert som

<sup>9</sup> Akvakulturanlegg er ikkje medrekna.

tilstrekkelege unntatt for områda dok 70, 98 og 247, og dei marine områda, fordi verdien for naturmangfald ikkje er kjend for desse.

### **§ 9 Føre-var-prinsippet**

Det er vurdert at kunnskapsgrunnlaget for verdisettinga, verknader og konflikt, med unntak av områda med dok 70, 98 og 247, og dei marine områda, er godt nok for vurderingane for vidare planlegging på eit overordna nivå som dette. For desse kjem truleg difor ikkje føre-var-prinsippet til bruk, men for dei andre områda, som er vurdert med potensial for naturverdiar, kjem truleg føre-var-prinsippet i bruk.

### **§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning**

Samla belastning i høve til naturmangfaldlova § 10 er summen av påverknad både frå desse tiltaka, og frå eksisterande påverknad og eventuelle framtidige tiltak. Eit stort tiltak som planleggast for Os kommune er ny E39, men ingen av alternativa for dette vegprosjektet ligg i krinsen Lysefjorden. Nedanfor er dei viktigaste momenta i høve til tiltaka si samla belastning omtalt.


Områda nord i krinsen, og områda rundt Vardafjellet og Endelausskogen, er viktige leveområde for arealkrevjande fuglearter. Her er og ein del gamal skog. Dette er eit viktig viltområde for gråspett, storfugl og kvitryggspett. Områda viktige leveområde for arealkrevjande fuglearter i denne krinsen har berre eit innspel (dok 326). Sjølv om ikkje vipe (EN) har særleg mange registreringar her, så har dei opne markane i området dok 77 potensial for arten.

### 3.23. Krins 8. Hegglandsdalen og Indregardane

Hegglandsdalen og indregardane hadde eit innbyggjartal på 518 pr.01.01.2018. Her er ikkje senterområde. Det er planlagt at om lag 5 % av veksten i Os kommune vil koma utanfor senterområda. Det ligg i dag store område i krinsen som er sett av som byggeområde eller spreidd utbygging. Standard på infrastruktur (vegar, vatn og avlaup avgrensar vekstpotensialet i denne rulleringa. Avstandar til butikkar og senterfunksjonar er stor.

Det er vurdert 4 endringar som ligg i krins Hegglandsdalen og Indregardane

Arealformål	Tal	Areal (da)
Akvakultur	1	1898
Boligbebyggelse	2	96
<b>Totalsum</b>	<b>3</b>	<b>1994</b>






### 3.23.1. Hegglandsdalen 102 – Bustad

ID 74

Jnr. 16/18580

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF spredt  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Bernt Ingve Rød  <b>Gbnr:</b> 76/3  <b>Areal storleik:</b> 38,9 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg utanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Vestre del: stor verdi – Hegglandsdalen. Randsona mellom jordbrukslandskap i dalbotnen og åssidene er sårbar for inngrep. Ein bør unngå fortetting, og sikre grøntstruktur mot Hjelle som buffer mellom kulturlandskapet, og grøntkorridor for friluftslivet. Austre del: middels verdi – Moldadalen-Aldalen.
Støy		
Naturmangfald		Ein trekkveg for hjortevilt er registrert i den sørlege delen. Det er og ein del open innmark med potensial for vipe (EN).
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Skule og barnehage i nærleiken (ca. 700 m), men ikkje gang- og sykkelveg. Få bustader i området. Tap av samanhengande grøntstruktur
Friluftsliv og strandsone		Området ligg i utkanten av eit viktig friluftslivsområde (nærturterreng).
Landbruk		Området består i hovudsak av lauvskog på høg bonitet og blandingsskog på impediment. Der finst og noko fulldyrka jord, overflatedyrka jord, open fastmark og bebygd areal
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Ligg utanfor gang- og sykkelavstand til regionsenter, handelssenter og daglegvarebutikk og utanfor ytre sentrumssone. Sykkellavstand til dagens skule. Svært begrensa kollektivtilbod.
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i nærområdet. Ligg ved lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett
Flaum		Ikkje slik fare

Skred		Austlege delar av området ligg i aktsemdsona for snøskred og steinsprang.	
Skog/lyngbrann		Heng saman med større skogbelte (mot bratta)	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ikkje kjend	
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend	
<b>ROS- analyse:</b> Delar av området er dekt av aktsemdsone for snøskred og steinsprang. Faren for skred må bli utreda nærare. Det kan vera fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann i området. Som risikoreduserande tiltak må det sikrast god tilkomst for brannvesen, og evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.			

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd</b> , med grunnlag i konsekvensar for landskap og låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging. Ligg utanfor senterstruktur for Osøyro.	
---	--



### 3.23.2. Hegglandsdalen 154, 354 – Bustad

ID 349

Jnr. 16/22166

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Ingfrid Lyssand, Anne Heggland, Arvid Johan Heggland m.fl.  <b>Gbnr:</b> 64/3, 73/1, 73/30  <b>Areal storleik:</b> 44 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b>  Området ligg utanfor ytre avgrensing av senterområdet for Osøyro.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Stor verdi – Hegglandsdalen. Randsona mellom jordbrukslandskap i dalbotnen og åssidene er sårbar for inngrep. Ein bør unngå fortetting, og sikre grøntstruktur mot Hjelle som buffer mellom kulturlandskapet, og grøntkorridor for friluftslivet
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar her. Jf. flyfoto har området potensial for naturverdiar, mellom anna naturbeitemark og hagemark, og bør undersøkast.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Eit stykkje til skule og barnehage i nærleiken (over 1 km), ikkje gang- og sykkelveg eller andre. Ikkje andre bustader i området. Tap av antatt viktig samanhengande grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser.
Landbruk		Området består av lauvskog av særskilt høg bonitet.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Ligg utanfor gang- og sykkelavstand til regionsenter, handelssenter og daglegvarebutikk og utanfor ytre sentrumssone. Sykkelavstand til dagens skule. Svært avgrensa kollektivtilbod.
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i nærområdet. Ligg ved lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, flaumfare frå elva hovudsakleg ved mykje nedbør
Flaum		Vestleg del av området ligg i omsynssona flaum for Oselva.
Skred		Området er dekt av aktsemdssona for snøskred, og delvis steinsprang og flaumskred. Det er kartlagt liten mulegheit for marin leire

		i området. Faren for kvikkleireskred må bli utreda nærare.	
Skog/lyngbrann		Ligg i større skogsbelte	
Andre uønska hendingar			
Større transportulukker		Ikkje kjend	
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend	
<b>ROS- analyse:</b> Det må gjerast ei vurdering av skredfare, då områda ligg noko bratt til, og i aktsemdsone for skred. Det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet, då det er kartlagt stor fare for marin leire i området. Evt. aktsemdsone skal merkast som omsynssone i plankart. Området ligg utsatt til for flaum, og må merkast som omsynssone i plankart. Det kan vera fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Som risikoreduserande tiltak må det sikrast god tilkomst for brannvesen, og evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.			

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert frarådd</b> , med grunnlag i konsekvensar for landskap, nærmiljø, landbruk og låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging. Ligg utanfor senterstruktur for Osøyro.	
---	--

### 3.23.3. Hegglandsdalen 249 – Akvakultur

ID 250  
16/23632

**Føremål i dag:**

**Framlegg til nytt arealføremål:** Akvakultur


**Forslagsstillar:** AS Bolaks, Skavhella

**Gbnr:** Sjø

**Areal storleik:** 2956,7 daa i sjø

**Skildring av området:**

Ønskjer å utvide AK-området for nytt anlegg 200 meter mot søraust + fortøyning.



Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Moldadalen-Aldalen (delar av området inn mot land). Dette er eit vidt fjordrom som tåler denne type anlegg.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar. Området bør undersøkast for marine naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsoner		Området grensar til den funksjonelle strandsona og til eit viktig friluftslivsområde (nærturterreng)
Landbruk		Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Innspelet krev ikkje andre tekniske tilretteleggingar enn det som finst i dag
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området ligg i marin sone, men kan bli råka av framtidig havnivåstiging
Skred		Vestleg randsone, av området på land ligg i aktsemdsona for snøskred, jord- og flaumskred og steinsprang
Skog/lyngbrann		Ikkje slikt område
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend

Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend	
<b>ROS- analyse:</b> Det må gjerast ei vurdering om området er utsett for snøskred, jord- og flaumskred og steinsprang. Elles ingen vesentleg konflikt med samfunnstryggleik, men det må takast omsyn til framtidig havnivåstigning, ekstremvær/bølgjer og stormflo ved tilrettelegging av slike anlegg.			


Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert tilrådd</b> , då det ikkje er vesentlege negative konsekvensar / konfliktpotensial	
--	--

### 3.23.4. Hegglandsdalen 252 – Akvakultur

ID 251

16/23709

<p><b>Føremål i dag:</b>  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Akvakultur  <b>Forslagsstillar:</b> AS Bolaks,  <b>Gbnr:</b> Sjø  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>          Ønskjer å utvide AK-området for nytt anlegg + fortøyning.</p>	
--	---

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Moldadalen-Aldalen (delar av området inn mot land). Dette er eit vidt fjordrom som tåler denne type anlegg.
Støy		
Naturmangfald		Registrert toppskarv i området. Sjøområda er ikkje undersøkt for marine verdiar. På land i nærleiken er det funn av raspljåmose og fossegrimemose, men det er lagt til grunn at innspelet ikkje vil påverke desse.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Tema ikkje relevant
Friluftsliv og strandsone		Området grensar til den funksjonelle strandsona og ligg like nord for viktig friluftslivsområde (nærturterreng)
Landbruk		Ingen kjende interesser
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet er eit føremål som ikkje er rekna å gi nemneverdig auke i transportvolum i kommunen
Teknisk infrastruktur		Innspelet krev ikkje andre tekniske tilretteleggingar enn det som finst i dag
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vere noko vindutsett, kan oppstå stormflo/springflo i strandsona
Flaum		Området ligg i marin sone, men kan bli råka av framtidig havnivåstiging

Skred		Vestleg randsone av området ligg i aktsemdsone for snøskred, jord- og flaumskred og steinsprang.
Skog/lyngbrann		Ikkje slikt område
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend
<b>ROS- analyse:</b> Delar av området er dekt av aktsemdsone for snøskred, jord- og flaumskred og steinsprang. Faren for skred må bli utreda nærare. Ingen vesentleg konflikt med samfunnstryggleik elles, men det må takast omsyn til framtidig havnivåstigning, ekstremvær/bølgjer og stormflo ved tilrettelegging/utviding av anlegget.		

Samla vurdering av innspelet med tilråding

<b>Innspelet vert tilrådd</b> , då det ikkje er vesentlege negative konsekvensar / konfliktpotensial	
--	--

### 3.23.5. Hegglandsdalen 311 – Spredt bustad

ID 298

Jnr. 16/41099

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Spredt bustad  <b>Forslagsstillar:</b> Dag Rød Hilland  <b>Gbnr:</b> 79/16  <b>Areal storleik:</b> 1,7 daa</p> <p><b>Skildring av området:</b></p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi – Moldadalen-Aldalen. Det småskala kulturlandskapet er sårbart for større inngrep. Unngå bygging på åsar og toppar.
Støy		
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar.
Kulturminne og kulturmiljø		Ingen kjente
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Langt frå skule, barnehage og nærsenter. Ikkje gang- og sykkelveg, i ytterkant av et lite bustadområde. Tap av grøntstruktur.
Friluftsliv og strandsone		Området ligg i utkanten av viktig friluftslivsområde (nærturterreng), nær busetnad.
Landbruk		Området består i hovudsak av lauvskog av høg bonitet. Der er og litt lauvskog på impediment i og rundt området
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Innspelet ligg utanfor gang- og sykkelavstand til regionsenter, handelssenter og daglegvarebutikk og utanfor ytre sentrumssone. Sykkellavstand til dagens skule. Svært begrensa kollektivtilbod.
Teknisk infrastruktur		Ikkje Off. VA- anlegg i nærområdet. Ligg ved lokalveg
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Noko vind
Flaum		Ikkje slik fare
Skred		Ikkje slik fare
Skog/lyngbrann		Skog- lyngområde
Andre uønska hendingar		
Større transportulukker		Ikkje kjend
Utslepp, akutt ureining		Ikkje kjend
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastruktur		Ikkje kjend, men ikkje etablert vegtilkomst inn i området
<p><b>ROS- analyse:</b> Det kan vera fare for liv og helse/ samfunnstryggleik dersom det oppstår skogbrann. Som risikoreduserande tiltak må det sikrast god tilkomst for brannvesen, og evt. utbygging må ta særskild omsyn til vindtilhøve og skogbrannfare.</p>		



Samla vurdering av innspelet med tilråding

**Innspelet vert frarådd**, med grunnlag låg måloppnåing på samordna areal- og transportplanlegging. Ligg utanfor senterstruktur for Osøyro.



### 3.24. Samla verknad for krinsen Hegglandsdalen og Indregardane

Det er lagt til grunn at bustadbygging skal skje innfor eksisterande infrastruktur og langs kollektivaksar. Bustadbygginga skal stø opp om vedteken senterstruktur. I Hegglandsdalen er det ikkje planlagt eit senterområde. Kommunen legg opp til at slike område utanfor senterområde skal ta om lag 5% av folkeveksten. Det finst i dag store ledige byggjeområde i krinsen, og der er ikkje behov for nye.

Det er vurdert 2 nye bustadområde og eitt bustad spredt. Dei utgjer om lag 98 daa samla sett. Ingen av innspela som handlar om bustad er tilrådd.

Tabell under viser ikkje samla sum av innspel. Eit innspel kan omhandle fleire arealformål.

	Frarådd	Vilkår	Tilrådd
Bustad	3		
Akvakultur			1
Samla areal i daa (ca) <sup>10</sup>	98		-

Det generelle bilete viser at grunnen til at bustadinnspela er frarådde, skuldast negative konsekvensar for landskap og låg måloppnåing når det gjeld samordna areal- og transportplanlegging.

#### Bustadfelt i krinsen Hegglandsdalen som er særleg uheldige

Hegglandsdalen 154 | Ligg i landskapsområdet med høg verd, og har negativ konsekvens for nærmiljø og landbruk.

### 3.25. Vurdering etter naturmangfaldlova for krinsen Hegglandsdalen og Indregardane

Forskrift om utvalde naturtypar jf. § 53 er ikkje diskutert for denne krinsen fordi det ikkje er registrert slike her. Prioriterte artar jf. § 23 er ikkje registrert i Os kommune.

#### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

I krinsen har området dok 154/354 (ID 349) så sparsamt kunnskapsgrunnlag, samstundes som det er potensial for naturverdiar her, at det er nødvendig med ein synfaring. Det bør og utførast marine granskingar i det marine området dok 249 (ID 250). Med unntak av desse to områda, er det eit godt kunnskapsgrunnlag for vurdering av områda sin naturverdi.

Når det gjeld verknader (*omfang, jf. naturmangfaldlova «effekter av påvirkning»*) og konflikt, blir det ein noko mangelfull vurdering på grunn av manglande detaljar om tiltaka. På bakgrunn av at det her er sett føre seg totale arealbeslag, er konklusjonane om verknad og konflikt vurdert som tilstrekkelege unntatt for områda dok 154/354 og 249 (ID 250 og 349), fordi verdien for naturmangfald ikkje er kjend for desse.

#### § 9 Føre-var-prinsippet

Det er vurdert at kunnskapsgrunnlaget for verdisettinga, verknader og konflikt, med unntak av områda dok 154/354 og 249 (ID 250 og 349) er gode nok for vurderingane for vidare planlegging på eit overordna nivå som dette. For desse kjem truleg difor ikkje føre-var-prinsippet til bruk, men for dei andre områda, som er vurdert med potensial for naturverdiar, kjem truleg føre-var-prinsippet i bruk.

<sup>10</sup> Akvakulturanlegg er ikkje medrekna.

### **§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning**

Samla belastning i høve til naturmangfaldlova § 10 er summen av påverknad både frå desse tiltaka, og frå eksisterande påverknad og eventuelle framtidige tiltak. Eit stort tiltak som planleggast for Os kommune er ny E39, men ingen av alternativa for dette vegprosjektet ligg i denne krinsen. Nedanfor er dei viktigaste momenta i høve til tiltaka si samla belastning omtalt.

Områda vest i krinsen, er viktige leveområde for arealkrevjande fugleartar som til dømes kvitryggspett, hønsehauk, dvergspett og storfugl, men ingen av innspela påverkar dette. Sjølv om ikkje vipe (EN) har særleg mange registreringar her, så har dei opne markane i området dok 102 (ID 74) potensial for arten.

## 4. OFFENTLEGE AREAL

### 4.1.1. Osøyro

ID 9012

<p><b>Føremål i dag:</b> LNF  <b>Framlegg til nytt arealføremål:</b> Offentleg eller privat tenesteyting. Skule  <b>Forslagsstillar:</b>  <b>Gbnr:</b> 61/2  <b>Areal storleik:</b></p> <p><b>Skildring av området:</b>          Borgavegen 166. Området ligg innanfor ytre avgrensing av senterområde for Osøyro. Bruken av området er godkjent gjennom eigen reguleringsplan, ID 20170400, Borgafjellet Skule</p>	
---	--

Tema	Konsekvens Konfliktpotensial Måloppnåing	Kommentar/tiltak
Miljø		
Landskap		Middels verdi - Nordmarka-Hjelle. Unngå ytterlegare fragmentering. Vallaelva og kantvegetasjonen bør sikrast, det same gjeld kamma av Borgafjellet med kulturlandskap og turstiar.
Støy		Austre delar ligg i gul støysone frå fylkesveg.
Naturmangfald		Ingen registrerte naturverdiar, men den opne innmarka har potensial for vipe (raudlista som EN).
Kulturminne og kulturmiljø		Automatisk freda kulturminne. Dyrkingsfelt frå bronsealder og kokegroper som vart påvist i samband med reguleringsplan. Vil gå tapt, men er avklart ved godkjent plan.
Nærmiljø, inkl. barn og unge		Gang- og sykkelveg langs delar av hovudvegen. Enkel tilgang til grønstruktur, tur- og uteområde. Skule vil vere positivt for nærliggande bustadområde.
Friluftsliv og strandsone		Ingen kjende interesser
Landbruk		Området ligg utanfor kjerneområde landbruk, men består i hovudsak av fulldyrka jord. Noko innmarksbeite finst og. Vil gå tapt, men er avklart ved godkjent plan.
Samfunn		
Samordna areal og transportplanlegging		Skulen ligg relativt sentralt plassert i området den skal tene, og der dei fleste elevane vil bu innafor gang- eller sykkelavstand.

Teknisk infrastruktur		Det finst off. VA- anlegg i området. Ligg inn mot fylkesveg.
Risiko og sårbaranalyse		
Naturhendingar, naturrisiko	Risiko	Kommentar/tiltak
Ekstremvær		Kan vera noko vindutsett, flaumfare ved elva, hovudsakleg ved mykje nedbør
Flaum		Mindre del av området er dekt av aktsemdsone for flaum, ligg innanfor omsynssona for Oselva. Faren for flaum må bli utreda nærare
